

Grethe Fatima Syéd  
Hallvard Kjelen (red.)

A stylized, light-colored illustration of a hand holding a leafy branch, positioned behind the title text. The hand is shown from the side, with fingers curled around the stem of the branch. The leaves are detailed with fine lines, suggesting a natural, organic theme.

# Olav Duun

Menneske og natur



FAGBOKFORLAGET

Olav Duun

Menneske og natur



Grethe Fatima Syéd  
Hallvard Kjelen (red.)

# Olav Duun

Menneske og natur



FAGBOKFORLAGET

Boken ble første gang utgitt i 2026 på Vigmostad & Bjørke AS.  
Redaksjonelt arbeid, utvalg og introduksjon © Grethe Fatima Syéd og Hallvard Kjelen  
2026. Hvert enkelt kapittel © den respektive forfatter 2026.

Dette verket, tilgjengelig fra <https://oa.fagbokforlaget.no>, omfattes av åndsverksloven og er lisensiert under følgende Creative Commons-lisens: Creative Commons Navngivelse 4.0 Internasjonal (CC BY 4.0).

Denne lisensen gir tillatelse til å kopiere, distribuere eller spre materialet i hvilket som helst medium eller format, og til å remikse, endre eller bygge videre på materialet til et hvilket som helst formål, inkludert kommersielle. Disse frihetene gis på følgende vilkår: Du må oppgi korrekt kreditering, oppgi en lenke til lisensen, og indikere om endringer er blitt gjort. Du kan gjøre dette på enhver rimelig måte, men uten at det kan forstås slik at lisensgiver bifaller deg eller din bruk av materialet. Du kan ikke gjøre bruk av juridiske betingelser eller teknologiske tiltak som lovmessig hindrer andre i å gjøre noe som lisensen tillater.

For å se en kopi av denne lisensen, besøk <https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/deed.no>

Lisensen gir deg ikke nødvendigvis alle de tillatelsene som er nødvendig for din tiltenkte bruk. For eksempel kan andre rettigheter, som reklame-, personvern-, eller ideelle rettigheter, sette begrensninger på hvordan du kan bruke materialet.

Denne boken har mottatt støtte fra Nord Universitet.

Boken er fagfellevurdert i henhold til Universitets- og høgskolerådets retningslinjer for vitenskapelig publisering. Kapittel 12 er ikke fagfellevurdert.

ISBN trykt utgave: 978-82-450-6075-1  
ISBN digital utgave: 978-82-450-5312-8  
DOI: <https://doi.org/10.55669/oa7210>

Spørsmål om denne utgivelsen kan rettes til:  
[fagbokforlaget@fagbokforlaget.no](mailto:fagbokforlaget@fagbokforlaget.no)  
[www.fagbokforlaget.no](http://www.fagbokforlaget.no)

Omslagsdesign ved forlaget  
Sats: HAVE A BOOK

Vigmostad & Bjørke AS er Miljøfyrtårn-sertifisert,  
og bøkene er produsert i miljøsertifiserte trykkerier.



**Miljøfyrtårn**<sup>®</sup>

SERTIFISERT  
VIRKSOMHET

# Innhold

Innledning	
Olav Duun. Menneske og natur	7
<i>Grethe Fatima Syéd og Hallvard Kjelen</i>	
Kapittel 1	
Naturen i <i>Juvikfolke</i>	17
<i>Einar Vannebo</i>	
Kapittel 2	
Menneskekatastrofar eller naturkatastrofar?	
Eit økokritisk blikk på flaum som setting og motiv	
i <i>Menneske og maktene og Flommen</i>	39
<i>Renate K. Nordnes</i>	
Kapittel 3	
Vi skal vinne over naturen. Eller skal vi?	
Natur og overnaturlighet i Olav Duuns forfatterskap	61
<i>Grethe Fatima Syéd</i>	
Kapittel 4	
Olav Duun som barnebokforfattar. <i>Storbaaten</i>	87
<i>Hallvard Kjelen</i>	
Kapittel 5	
<i>I eventyre med lærarstudentane</i>	107
<i>Haakon Halberg og Anne Cathrine Haugdahl</i>	
Kapittel 6	
Sårbarhet som inngang til Olav Duuns novellekunst i skolen	127
<i>Audhild Norendal</i>	

Kapittel 7

«... alltid ei lære i det som blir fortalt»

Sjangertrekk og tolkningsutfordringer i Olav Duuns *Blind-Anders* 147  
*John Brumo*

Kapittel 8

Alderdom i *Juvikfolke*

*Aasta Marie Bjorvand Bjørkøy* 167

Kapittel 9

*Medmenneske*-trilogien og den norske litterære kanon 193  
*Erik Bjerck Hagen*

Kapittel 10

Orda om menneska. Olav Duuns *Ettermæle*  
i lys av eksistensialisme og rolla til subjektet 209  
*Sveinung Nordstoga*

Kapittel 11

Kva kan vi lære av Odin? 229  
*Heming H. Gujord*

Kapittel 12

Gullkorn fra Duun – om å vekke interesse  
for et forfatterskap gjennom sitater 253  
*Morten Olsen Haugen*

Forfatterpresentasjoner 273

Syéd , G. F. & Kjelen, H. (2026). Olav Duun. Menneske og natur.  
I G. F. Syéd & H. Kjelen (red.), *Olav Duun. Menneske og natur*  
(s. 7–16). Fagbokforlaget. <https://doi.org/10.55669/oa721000>

Innledning

## **Olav Duun. Menneske og natur**

**Grethe Fatima Syéd og Hallvard Kjelen**

Noe av det aller hyggeligste med å arbeide med litteratur, det være seg i akademisk eller ikke-akademisk sammenheng, er når ett eller annet får deg til å se med nye øyne på en tekst du trodde du kjente ut og inn fra før. Dette opplevde jeg to ganger under konferansen denne boken har sitt utspring i, nemlig *Olav Duun. Menneske og natur* ved Nord Universitet på Levanger, 20.–21. september 2023. Vi hadde valgt *Olav Duun. Menneske og natur* som tittel på konferansen fordi det, for å være ærlig, var en så åpen invitasjon at det var vanskelig å se for seg at noe kunne falle utenfor.

Men det var for det første *Juvikfolke* som var på tale, Duuns romanserie som ble utgitt i seks bind i årene 1918–1923, og som dermed feiret sitt hundreårsjubileum nettopp i dagene konferansen foregikk. Verket hører uten tvil til blant Duuns hovedverk, og det har en like urokkelig plass som et hovedverk i norsk litteraturhistorie. Det brakte ham nesten nobelprisen gjennom en årrekke, helt til Undset (som i talen som leder av Den norske Forfatterforening ved Duuns bære kalte ham «Norges største dikter») fikk den i 1928.

*Juvikfolke* handler om en slekt og et samfunns utvikling fra en fjern, mytologisk fortid og frem til verkets samtid. De første setningene i den første boken, *I blinda*, har jeg kunnet utenat i mange år, og jeg har både fremført dem i lystige lag, forelest om dem for lek og lærd, og publisert om dem i vitenskapelige publikasjoner som denne. De lyder slik: «Den første juvikingen dei veit å fortele om, var kommen sunnant, ifrå Sparbun eller Stoe eller kor det no var. Han heitte Per.» (1948/49, bd. 5, s. 11)

Det er en kontant åpning på et mangfoldig verk. Den spiller stilistisk på et saga-forelegg, og, gjennom å antyde en genealogi helt fra et ur-opphav, et tilsvarende bibelsk. Men den er også svært duunsk, og, gjennom å så tvil om utsagnet som presenteres samtidig som det slås fast, nokså moderne. Innskuddet «eller kor det no var» trekker tilbake samtidig som det legger til, og leder oppmerksomheten mot selve det at det fortelles.

Veldig duunsk. Vi ser noen av hans kvaliteter alt her: noe av det han stadig interesserer seg for, og måten han liker å legge frem et stoff på – det breie overblikket som avløses av en brå innzooming, den stadige påpekingen av hvor uvisst mye av det vi tror på er, de fargerike portrettene både av det som kalles *bygdedyret*, men også av alle de helt ordinære individene som, i likhet med oss andre, strever og slåss, elsker og hater, vinner og taper i sine helt eksepjonelle, vanlige liv.

Så er det bare slik at Per slett ikke *er* den første juvikingen «dei veit å fortele om». For, som Aasta Marie Bjorvand Bjørkøy la vekt på i sitt keynote-innlegg på konferansen, har Per en mor. Dette burde ikke være noen nyhet. Det står i boken. Svart på hvitt. Har stått der alle gangene jeg har lest den. Men det var nytt for meg. Jeg har tatt feil i alle disse år, har lyttet for pliktskyldig til den ene stemmen i teksten, og gått glipp av noe viktig.

Men å gjenlese er en vidunderlig plikt. Dermed måtte jeg ta frem *I blinda* enda en gang. Og joda, den første juvikingen «dei veit å fortele om» *er* ikke Per, slik tekstens manifeste betydning påstår. Det er Pers mor. Pers mor er ikke bare en myndig dame og den som får æren av å uttale den første replikken i romanserien – og vi vet hvor sterkt muntlig slagferdighet står i dette universet – det er hun som sørger for at Per får en kone, slik at det i det hele tatt blir mulig for ham å bli stamfar for juvikingene, og dermed få romanserien til å settes i gang og siden rulle og gå over mange hundre sider og år frem mot den spektakulære avslutningen, båthvelvscenen som blir Odins endelikt.

De to gifter seg riktignok aldri; så tidlig i serien er vi utenfor lov og rett og samfunnsmessige konvensjoner, men moren får, gjennom en samtale med sin motpart, matmora på Lines, i stand forholdet. Det er altså Pers mor som er den første juvikingen «dei veit å fortele om». Hun står bak hele juvikslekten, og *Juvikfolke*, som en ekte og mektig ur-mor, sammen med sin pendant, matmora på Lines.

Det fortelles ikke mye om Pers mor. Man kan si at hun blir fortalt om gjennom ikke å bli fortalt om. Ikke er hun navngitt, og ikke gis hun status på det primære nivået i fortellingen. Historien hennes ligger mellom linjene, som en ekte *her-story* mot Pers *his-tory*.

Kan vi da si at Duun er feminist? Det ville være en overdrivelse. Til tross for at han stadig setter betydning i bevegelse gjennom sine paradoksale utsagn – på kjønnsområdet for eksempel, i *Straumen og evja* (1926): «Eg er glad vi har det som vi har det eg, i det stykket er eg kvinnfolk, eg er jamgod med mannfolka slik» og i *Ettermæle* (1932): «Kvinnfolk skulde ingen vera. Det skulde mannfolka vera» (bd. 8, s. 138) – er han på mange måter en tradisjonalist. Han skildrer gjerne bondesamfunn litt tilbake fra sin egen tid, der mannen styrer i gård og grunn og kvinnen i heimen, og selv om *The hand that rocks the cradle is the hand that rules the world* gjelder også hos Duun, finner vi ikke noe uttrykt ønske om å endre på den formelle maktfordelingen. Tvert imot, når Massi seinere i *I blinda* har fått mannen Anders til å bli «den ho vilde ha

han til» (bd. 5, s. 222), blir hun urolig, for «no visste ho ikkje lenger kva veg det bar» (bd. 5, s. 222). Men det er mannen som frir (Åsel, som enda seinere blir det første kvinnelige overhodet i slekten, er unntaket, og det blir da også fremhevet), det er skam for en kvinne å få barn utenom ekteskap og så videre.

Vi får riktignok en opplysning til om Pers mor. Når hun er død, har Per begravd henne «nedi bakken» (bd. 5, s. 12). Gjennom å knytte denne forbindelsen, mellom mor og jord, det kvinnelige og naturen, pirker Duun i tema som både er aktuelle og har en lang kulturell historie. Naturen gir, som kvinnen, liv, og fører det videre. Og den har, som kvinnen, fått relativt hard medfart i vår såkalte sivilisasjon.

Den andre innsikten som falt ned i fanget på meg under Duun-konferansen, er knyttet til Duuns siste verk, *Menneske og maktene* (1938), også kalt hans testamente. Denne er kanskje i enda høyere grad relevant i dag.

*Menneske og maktene* handler om et øysamfunn som blir utsatt for et voldsomt uvær, med springflo og storm. Noen overlever, mange dør. Boken har blitt lest som en historie om naturens makter, om maktene i menneskesinnet, om de relasjonelle maktene mellom oss og om politiske makter i Duuns samtid. Den har vist seg å tåle uvanlig mange lesinger – også *Menneske og maktene* inneholder for eksempel et kjønnsperspektiv, som en student under muntlig eksamen i sin tid gjorde meg strålende oppmerksom på, nemlig hvor ofte Duun i denne boken lar menn bli eneforsørgere og primæromsorgsytere for barn.

Sist denne romanen ble ny for meg, var under den såkalte flyktning-krisen høsten 2015, da bildet av Alan Kurdi, den lille gutten med blå shorts og rød t-skjorte, ansiktet ned og armene passivt langs kroppen liggende død på stranden i Bodrum, Tyrkia, gikk verden rundt. Da ble det tydelig for meg hvordan alle personene i Duuns roman introduseres med hvor de *egentlig* stammer fra. Ikke bare består altså ur-juvikingene av migranter (de har riktignok bare forflyttet seg «ifrå Sparbun eller Stoe eller kor det no var», men tilflyttere er de like fullt, til og med «sunnant», sørfra, der også de vi frykter mest i dag vandrer og drukner fra), men rollegalleriet i *Menneske og maktene* består av innflyttere de også, og romanen tar seg tid til å fortelle hvordan det hadde seg at de havnet på det multikulturelle samfunnet Øyvære dermed må sies å være. I det hele tatt slår Duuns bøker beina grundig vekk under myten om det monokulturelle samfunnet; som Beatrice Reed har vist, i etterordet til nytugivelsen av *I eventyret* (Vidarforlaget 2021) er også sjøsamene representert her, som et tidlig tilfelle i norsk litteratur.

Og på slutten av undergangsromanen, etter katastrofe, stormflo, skrekk og død, avrundes historien med fortellingen om nok en migrasjon. Da må de overlevende etter miljøkatastrofen reise til fastlandet for å skaffe kister og begrave sine døde, og igjen understreker teksten, med brillene jeg hadde i 2015, hvor fremmede de var der, hvor annerledes, hvor de lengtet tilbake til det som da var blitt deres hjem.

Men det var i gamle dager. Nå er nå, og i årene etter 2015 har miljøkrisen i stor grad overtatt stillingen som det mest prekære problemet verden står overfor. Kan så Duun si oss noe om den?

Det kan han. Det måtte bare en endret verdenssituasjon til for at jeg skulle se det. I 2015 var jeg fortsatt litt forlegen over det jeg oppfattet som en harmoniserende innstilling til naturens skjønnhet, som jeg knyttet til klisjeer om å lade batteriene, lytte til stillheten, være i pakt med ett eller annet. Men hos Duun er ikke bare naturen vakker, som noe å se på og sukke henført over. Den er alltid, og i høy grad, levende. Mennesket ser ikke bare på havet, månen og skyene som om de selv besitter en høyerestående bevissthet og omgivelsene bare er *ting* – naturen ser også tilbake, den er levende og besjelet; sjøen kan *flire* «med brunsvarte tarebladstungor ut or munnen» (bd. 4, s. 222), skyene *seile* «med lystig bør innover fjella» (bd. 3, s. 42), månen kan både smile, stirre og le, og vinden kan pusle i trær og gress og hviske med knapt hørbar stemme.

Dermed går Duun rett i klinsj med hvordan vi har oppfattet materien i alle fall siden René Descartes etablerte sitt nådeløse skille mellom *res extensa*, det som har utstrekning, og *res cogitans*, det som har bevissthet. Det er jo dette som har ført oss til kanten av stupet. Vi har drevet rovdrift på naturen uten tanke for om vi har rett til det eller ikke. For vi er jo mennesker, skaperverkets høydepunkt, må vite. Det andre er materie, døde, sjelløse ting.

Men «den som graver en grav, faller selv i den» (Ordspr. 26, 27), står det i Bibelen, «den som ruller en stein, får den over seg» (Ordspr. 26, 27). Og «steinen kjem att» (bd. 12, s. 59), sier Duun, som flere ganger spiller på slike bibelsteder. Her kan vi trygt se det store i det små og lese steinen som en synekdoke for selve jordkloden. Kødde du med den, får du en kraftig kilevink tilbake.

Maria Olerud har på vinduet.no nylig kalt *Menneske og maktene* Norges første klimaroman. Flere innlegg under konferansen knyttet den også helt presist til miljøkrisen. Men det som førte meg til naturen og nåtiden, og gjorde romanen ny for meg, kom via en omvei. Det var da Ronny Spaans, ganske *en passant*,

og i alle fall ikke som en banebrytende nyhet, i sitt innlegg viste til tittelen på det siste kapittelet i boken.

«Da Gud rømte landet», lyder den. Katastrofen inntreffer, sier Duun her, når Gud ikke lenger har tålmodighet med puslingene han har skapt, og rett og slett går fra borde, for å si det i romanens metaforikk. Og når Gud forsvinner, går det ille. Det er her dramatikken topper seg i romanen, og det viser seg hvem som skal overleve og ikke. Uten barmhjertighet blir den ene etter den andre vasket til havs.

Nå er det kanskje på sin plass å presisere at det ikke er helt innlysende at forfatteren viser til vår monoteistiske guddom på denne måten. Og det betyr på ingen måte at Duun er en kristen forfatter – jeg hadde nær sagt, så langt ifra som det er mulig å komme. Tvert imot er hans kritikk av den flokkmentalitet og massesuggesjon som foregikk i vekkelseskristendommen den krasseste man finner i forfatterskapet. Det er i grunnen bare noen få typer mennesker Duun er sarkastisk mot. Den viktigste er predikantene (de andre er lærere, og, apropos nobelpris, rettroende nynorsk-vestlendinger). «Himmerike ligg ikkje på den kanten!» (bd. 3, s. 267), står det i en tidlig roman. Og med «den kanten» vises det til retningen der bedehuset er. Det er rett og slett tegn til at Duun anser kristendommen for å være blasfemisk *på grunn av* den antropomorfe guden. «Viss trianglene hadde hatt ein gud hadde dei laga han trekanta», står det i hans ikke utgitte etterlatte notater.

Men Duun er en tvers igjennom paradoksal forfatter. «Kristendommen, det er med den som det er med kulturen» (bd. 3, s. 201), sier Odin Sætran, en av *Juvikfolkes* desiderte hovedpersoner: «han er så sjelden heime der dei snakkar mest om han» (bd. 3, s. 267). Verken Gud eller djevelen er til, sier Ola Håberg i *Storbrylloppet*. «Men eg kan no vel vera redd dem for det, veit eg? For å sjå dem i ausyna?» (bd. 6, s. 23). Mens Helmer, en av de overlevende i *Menneske og maktene*, målbærer en tanke som er så radikal at jeg måtte til en bok utgitt i 1999 for å finne den uttrykt hos en teolog: «Herren ga, og Herren tok, han tok heile religiøsiteten min, han skal vera lovprist for det» (bd. 12, s. 13, det er den italienske teologen Gianni Vattimo som sier noe lignende: «Det er bare takket være Gud at jeg er ateist»).

Dessuten er Duun en forfatter som legger vekt på ydmykhet og respekt. Mennesket er lite, verden er stor, som når en seinere Per i *I blinda* ser på stjernehimmelen en kald og klar natt: «kor ein såg var det måneskin og skuggar

og klår himmel. Slik kunde natta stige fram for ein: eit stort og stilt andlet, to store auga. Når dei stod imot ein, vart det lite å vera menneske. Kva var det dei såg?» (bd. 5, s. 98)

Til sist er det grunn til å se Duun som en mystiker. Han gir ikke positive beskrivelser av det guddommelige, men vektlegger det gåtefulle, ubegriplige og hvordan dette overskrider våre kategorier og vår rasjonalitet. «Deus semper major», er en gammel teologisk beskrivelse av det guddommelige. Samme hva vi prøver å si om det hellige: Gud er alltid større.

Gud er altså ikke ditt og datt, eller har dette eller hitt navn, og slett ikke noen detaljerte forskrifter for hva som er rett og galt og hvordan vi bør leve våre liv. Gud er hevet over slikt. Derimot er det i selve livet det guddommelige fins. I mysteriet vi aldri kan grunne ut. «Det at vi er til, Ragnhild, *det* er Gud det» (bd. 10, s. 228, forf.s uth.), sier Tale i *Medmenneske*-trilogien, det siste av Duuns hovedverk. Livet er det guddommelige. Og liv fins det like mye i en engkarse, en hund eller et avokadotre som i en konge eller stortingspresident. Alt som fins, har liv. Selv atomer dirrer. Det store i det små.

På samme måte som steinen som «kjem att» kan forstås som den store steinen vi står på, jordkloden, kan Gud i overskriften «Da Gud rømte landet» forstås som det hellige, spirituelle, åndelige, urørlige eller sjelelige. Dette har vi dårlig språk for, og det er en del av poenget: Grunnen til at Gud har rømt, er at vi har fordrevet denne dimensjonen.

Kan vi ta inn over oss dette, ordet Gud som bilde på det som er større enn oss, kan vi også si at det er det guddommelige i verden, i naturen, som må redde oss. For å være presis: at noe i oss er villig til å anerkjenne det. At vi er villige til å trå et trinn ned på verdenspyramiden, abdisere fra stillingen som skaperverkets endepunkt og legge til rette for at en hellighetsdimensjon kan komme tilbake. Om det så bare er en anerkjennelse eller respekt for at noe er større, selv i det små. Vindpustet i gresset. Mumlingen i bølgene. Livet i cellene. Både på det individuelle plan vil dette være gunstig – og ordene *hel*, *helse* og *hellig* kommer fra samme rot – slik at vi skal holde ut å stå aleine under stjernehimlen, men også som samfunn, slik at respekten for det vi ikke forstår, ikke lenger gjør at vi kan tilrane oss retten til å råde over naturen med utsiktene til maksimalt utbytte som ledetråd. For da går det ille. Riktig ille.

For oss er klimakrisen en katastrofe. Men for Duuns aktualitet er den som sendt fra oven.

## Om de enkelte kapitlene

Naturen i Duuns forfatterskap er hovedtema for flere av kapitlene i denne boken. Einar Vannebo har tatt for seg naturen slik den er skildret i *Juvikfolke*. Hos Duun er naturen, skriver Vannebo, «innskrevet i eit skiftande og forvitneleg verdimønster, som knyter den opp mot synet på menneske, kultur og religion». Slik blir det mulig å lese disse over hundre år gamle tekstene i lys av for eksempel økokritikken og opp mot dagsaktuelle miljøutfordringer. Dette er også utgangspunktet for Renate Nordnes' kapittel, som bærer tittelen «Menneskekatastrofar eller naturkatastrofar?» Her blir flodmotivet i *Menneske og maktene* sammenlignet med flommotivet i Jonny Halbergs roman *Flommen* fra 2000. Nordnes konkluderer forsiktig med at vi trolig kan lære mer av krisehåndteringen som blir skildret i *Menneske og maktene* enn av den dekadente tilnærmingen karakterene i *Flommen* har til katastrofen som bygger seg opp rundt dem.

Grethe Fatima Syéd analyserer naturskildringene hos Duun i et idéhistorisk perspektiv, og legger blant annet vekt på å vise hvordan den naturen vi finner i Duuns romaner er «levende, besjelet og ofte fortrollet», og hvordan den representerer noe som er større enn menneskene. Syéd peker også på at det kan være mulig å lære noe av naturforståelsen vi møter hos Duun. Det vi kan lære handler blant annet om selvforståelse og krisebevissthet: «Måten Duun skriver frem besinnelse, respekt og ydmykhet overfor naturen kan få oss til å innse at før noe endres i det ytre, må det endres i det indre».

Hallvard Kjelen presenterer en lesning av en mindre kjent del av Duuns forfatterskap, barneboken *Storbaaten* fra 1912. Kjelen viser hvordan denne boken, som Duun egentlig ikke ville vedkjenne seg, er umiskjennelig duunsk, ikke minst når det gjelder karakter- og naturskildringene. Det er for eksempel i *Storbaaten* at stormfloda, som har en så sentral rolle i *Menneske og maktene*, for første gang dukker opp hos Duun.

De øvrige bidragene i boken favner om en rekke andre aktuelle problemstillinger. To av dem har en litteraturdidaktisk profil. Haakon Halberg og Anne Cathrine Haugdahl har lest *I eventyre* sammen med lærerstudenter. For å legge til rette for at studentene skulle forstå boken dypere, tok de i bruk innsikter fra den stedsbaserte litteraturdidaktikken, og tok med seg studentene både til Jøa og til Trøndelag Teaters oppsetning av *Juvikfolke*.

Audhild Norendal argumenterer for å gi Duuns noveller en ny sjanse i den videregående skolen. Norendal leser de tre novellene «Lykke-Per», «Ny akkort» og «Ei lita gjente og tjuven hennes<sup>1</sup>» i lys av begrepet *sårbarhet*, og viser hvordan en slik lesning kan gi en didaktisk inngang til forfatterskapet. Hos Duun, sier Norendal, kan elevene møte «litterære fremmederfaringer slik at de ikke bare utløser identifikasjon og medfølelse, men også yter en motstand og provoserer til refleksjon».

John Brumo løfter, som Norendal, frem Duuns noveller, men i et sjangerperspektiv. Brumo viser hvordan fortellingene i *Blind-Anders* kan forstås i lys av både den tysk-nordiske novelletradisjonen, eventyrsjangeren og islendingsagaene. Brumo konkluderer med at fortellerstemmen i *Blind-Anders* henter om en livsvisdom, men at fortellingene helst slutter i det åpne «med en vedvarende følelse av tvil og eksistensiell uro».

Aasta Marie Bjorvand Bjørkøy tar for seg fremstillingen av aldring og alderdom i *Juvikfolke*. «Duuns litterære alderdommer er ambivalente; de eldste er i stor grad vitale og handlekraftige, men samtidig sårbare og svekkede», konkluderer Bjørkøy, og hun ser en tendens til at de eldre får endrede roller etter hvert som handlingen i slektssagaen nærmer seg samtiden, fra voktere av tradisjon og familiens ære til å bli mer visjonære og vendt mot fremtiden.

Erik Bjerck Hagen drøfter det faktum at Duun «står oss fjernere enn han kanskje burde» med utgangspunkt i en lesning av *Medmenneske*-trilogien. Hagen problematiserer Dag Solstads nedvurdering av Duuns forfatterskap. Mens Solstad leste Duun som foreldet, ettersom han ikke er en tydelig modernist, legger Hagen vekt på at det er de unike romanpersonene som burde interessere oss. Ragnhild er «blant de fremste modernistisk tegnede hovedpersoner i norsk romanlitteratur i det tjuende århundret», skriver Hagen.

Modernisme er også et stikkord for Sveinung Nordstoga sitt kapittel om romanen *Ettermæle* fra 1932. Nordstoga argumenterer for at romanen lar seg forstå i lys av eksistensialistisk filosofi, og at den altså kan kalles modernistisk, både ut fra formelle trekk og fra dens kretsing rundt eksistensfilosofiske spørsmål.

Heming Gujord har valgt et spørsmål som tittel på sitt kapittel: «Kva kan vi lære av Odin?» Gujord gir *Juvikfolke* status som «*medverd* eller *modell for samfunnet*», og argumenterer for at romanene til Duun kan ha et stort

---

1 Duuns rettskriving er ulik alt fra hvilken utgave den enkelte forfatter siterer fra.

erkjennelsespotensial. Gujord oppsummerer kapittelet med fire maksimer om hva det er mulig å lære av Odin: at «rasisme og dehumanisering er drepende», «interessekamp er konfliktskapende», at «det vonde blir skapt i verda», og at «du og eg står til ansvar for personlege val».

Morten Olsen Haugen har lenge vært en utrettelig Duun-formidler, ikke minst gjennom Facebook-kontoen «Olav Duun» og Instagram-kontoen #dagensduun. I kapittelet «Gullkorn fra Duun» reflekterer han over denne formidlingsvirksomheten og over hvordan man skal finne Duun-sitater som kan egne seg i et slikt interesseskapende arbeid.

Ut fra den store bredden i tilnærminger og perspektiver vi kan se i denne boken, kan det være grunn til å håpe på fortsatt og økt interesse for forfatterskapet, både innenfor akademien, i skolen (ikke minst i den videregående skolen) og blant det bredere lag av lesere. Kapitlene i boken viser, sammen og hver for seg, at vi fremdeles har noe å lære av Duun om det å være menneske i verden, og at Duuns tekster utfordrer oss på stadig nye måter, slik litteratur av stort format kan gjøre.

Vannebo, E. (2026). Naturen i Juvikfolke.  
I G. F. Syéd & H. Kjelen (red.), *Olav Duun. Menneske og natur* (s. 17–38).  
Fagbokforlaget. <https://doi.org/10.55669/oa721001>

Kapittel 1

## Naturen i *Juvikfolke*

Einar Vannebo

**Samandrag:** Naturen er innskrevet i eit forvitneleg verdimønster når det gjeld synet på menneske, kultur og religion i *Juvikfolke*. For det første har han funksjon som ramme og materiell ressurs i romansyklusen, det som kan kallast den mimetiske framstillinga av naturen. Verket er ei landnåmssove, som viser menneskets kamp for å legge naturen under seg. I denne kampen blir mennesket forsøkt hindra av angst for løynde motstandskrefter. Landnåmsaspektet blir òg vurdert ut frå ulike økokritiske perspektiv. For det andre bruker Duun naturen metaforisk som spegel for menneskesinnet og forståinga av omverda. I dette perspektivet blir mennesket òg assosiert med naturfenomen og dyr, og særskilde lokasjonar får ein ladd symbolfunksjon i plottet. For det tredje har naturen ein ontologisk dimensjon; han seier noko om grunnvilkåra for tilværet og blir dermed framstilt med ei fenomenologisk røyst. Den sistnemnde blir relatert til K. E. Løgstrups fenomenologiske filosofi med vekt på sansinga som tilgang til naturen. Med sitt paradoksale janusandlet utløyser naturen ei eksistensiell og religiøs undring over tilværet. Naturen framstår òg som ei grunnleggande kjelde for etikken, som igjen blir nært relatert til estetikken. Vidare blir framstillinga av tilhøvet mellom natur og menneske vurdert i lys av Henri Bergsons naturfilosofi, som ser menneske og natur som delar av ein større organisk heilskap gjennom *l'élan vital*, livsstraumen. Bergsons sonndring mellom kategoriane lukka/statisk og open/dynamisk blir brukt som ein innfallsvinkel til Duuns framstilling av det religiøse. Den dynamiske religionen har sine fremste representantar i mystikarane, og dei står som dei ypparste aktørane i den kontinuerlege skapingsprosessen som konstituerer tilværet.

*Nøkkelord:* økokritikk, fenomenologi, Bergsons natur- og religionsfilosofi

**Abstract:** Nature is embedded in a peculiar pattern of values related to humankind, culture and religion in *Juvikfolke*. Firstly, nature functions as a framework and material resource, which can be described as a mimetic representation of nature. The novel tells a story about the conquest of land, and it shows humankind's struggle to master nature. In this conquest, the characters are constantly hindered by concealed forces. This aspect of the conquest of land is examined in relation to various eco-critical perspectives. Secondly, Duun depicts nature metaphorically as a mirror to various sides of the human mind and perceptions of the environment. In this sense, the characters are associated with certain natural phenomena and animals, and particular locations are replete with symbolism in the plot. Thirdly, nature has an ontological dimension; it is related to the basic conditions of existence, and speaks with a phenomenological voice. The latter is related to K. E. Løgstrup's phenomenological philosophy, which emphasises sense-perception as a means of approaching the natural world. Paradoxically Janus-faced, the natural world provokes existential and religious wonder at life. Nature is also a primary source of ethics, which in turn is intimately connected with aesthetics. Finally, the relationship between the natural world and humankind is considered within the framework of Henri Bergson's philosophy of nature, which views human beings and the natural world as parts of a greater, organic totality through *l'élan vital*, the life-drive or vital impetus. Bergson's distinction between the categories closed/static and open/dynamic is deployed as a key to Duun's representation of religion. Dynamic religion is represented by the mystics, who are the core agents in the continual process of creation that constitutes life.

*Keywords:* eco-criticism, phenomenology, Bergson's philosophy of nature and religion

## **Olav Duun, den største landskapsmålaren i norsk dikting**

Olav Duun var ein framifrå naturskildrar. Johan Bojer karakteriserte han som den største landskapsmålaren i norsk dikting (Thesen, 1969, s. 36). Sjølv hadde Duun ei meir nøktern haldning til den naturen som dannar ramma for diktinga hans: «Det var ikkje anna rart ved naturen der heime i Ytre Namdalen enn det at han var min», seier han (Duun, 1935). På minnestøtta like ved Duuns barndomsheim på Jøa står eit anna sitat av diktaren: «Eg vil taka av mitt eige og forkynna dykk». Det er det han gjer med naturen også, den naturen han kallar sin; han formidlar noko vesentleg gjennom si framstilling av han. Naturen kan synast å vere eit objektivt gitt fenomen, noko mennesket er prisgitt som uomgjengeleg føresetnad og ramme for eksistensen sin, men i det litterære universet Duun skaper, er naturen innskriven i eit skiftande og forvitneleg verdimønster, som knyter han opp mot synet på menneske, kultur og religion. I denne artikkelen vil eg sjå nærmare på dette i romansyklusen om juvikingane, som kom ut i åra 1918–1923 og omfattar banda *Juvikingar*, *I blinda*, *Storbrylloppe*, *I eventyre*, *I ungdommen* og *I stormen*.

Eg vil først vise naturen sin funksjon som ramme og materiell ressurs i romansyklusen, det som kan kallast den mimetiske framstillinga av naturen. I tilknytning til det vil eg òg peike på korleis økokritiske perspektiv kan appliserast i lesinga av *Juvikfolke*. Eg vil så ta for meg Duuns bruk av naturen som spegel for menneskesinnet og forståing av omverda; det dreier seg om den metaforiske funksjonen naturen har. Til sist vil eg vise korleis naturen har ei fenomenologisk røyst i Duuns verk, han seier noko om grunnvilkåra for tilværet og blir dermed framstilt med ein ontologisk dimensjon.

### **I Naturen som ramme og materiell ressurs – den mimetiske funksjonen**

«Det er hos Olav Duun ein merkeleg samanheng, eit sjeldsynt hopehav mellom natur og menneske [...] Duuns folk er eitt med naturen dei lever i», skriv Rolv Thesen i den første store studien av Duuns dikting, *Menneske og maktene*

frå 1942 (Thesen, 1969, s. 35–36). Om Per Anders, den første juvikingen vi retteleg lærer å kjenne, heiter det til dømes:

Han stod berrhua utpå haugen i vestavindsstormen, håre var langt og kvitt og lufsa opp og ned i vinden, den eine droga etter den andre rente imot han, men han stod som han var røta i berge, stor og akselbrei. (Duun, 5, 1981, s. 17)

Duun skildrar juvikingane i seks generasjonar – med liner enda lenger tilbake – i samspel og kamp med naturen, på land og sjø, for å berge livsgrunnlag og utkomme. Livet deira er rotfest i og forma av den barske naturen i sjøbygdene på Namdalskysten ut mot den verharde kyststrekninga Folla. Og Folla er ein uforutseieleg og lunefull granne, «havets kyrkjegard» blir ho ofte kalla på grunn av alle forlisa der ute. «Ja, ho er blank no, Folla, berre helgedagen. Men du skal sjå henne ein dag ho snakkar alvor. Da er ho eit vaksemenneske», som det heiter hos Duun (Duun, 7, 1981, s. 152).

## **Juvikfolke – ei landnåmssoge**

*Juvikfolke* er frå ei side sett ei historie om menneskets kamp for å legge naturen under seg og bli herre over han, det er ei landnåmssoge. Opphavet til juvikingane ligg i ei dunkel fortid som berre folkeminnet «veit å fortelle om» (Duun, 5, 1981, s. 11). Først bygsjar dei seg ein plass som husmenn under Lines, men slår seg så ned på den gamle husmannsplassen i Juvika, kjøper han til «eigandes rom» og set opp nye hus, og «jorda folka seg med kvart, av seg sjølv liksom», heiter det (Duun, 5, 1981, s. 11). Så høyrer vi om utviklinga av garden ættledd for ættledd i den knappe, konsise sagastilen i opningskapittelet i *Juvikingar*. Juvikingane er ekspansive, tek for seg både av land og av kvinner med makt og hard framferd, og er uredde både for dennesidige og hinside makter; verken gudsord eller finngann beit på dei. Med Per Anders, som lever i tida omkring Napoleonskrigane først på 1800-talet, blir landnåmet fullført. Han set opp nye hus, «maken hadde ingen set [...] Etterpå saug han seg på jorda, han braut opp siste snippen av rydningslande, og veita ut kvar ei deild

som var blaut. Han tok liksom for seg garden og gjorde han ferdig» (Duun, 5, 1981, s. 15). Så held historia fram. Neste ættled, Per, let samvitskvalar drive seg bort frå Juvika etter at han saman med broren Jens har jaga ein burtjuv i døden utfor Svarthammaren. Per startar ny etablering på Håberg. «Og her var det godt å vera. Her har vi det som er tilmålt åt oss, stein og vatn å slåst med for hundre år [...] Og ei rik og venlig jord, når ho først vart kjent med ein» (Duun, 5, 1981, s. 97). Nyetableringa på Håberg, det nye landnåmet, blir fullført av sonen Anders, som utvidar ekspansjonsdomenet for ætta i *I blinda*. Han siktar ikkje berre mot å legge jorda under seg gjennom å bygge gard, men vil legge bygda under seg. Han set seg føre å bli bygdehovding, og stiller seg i spissen for ein ny type ekspansjon i lokalsamfunnet gjennom fellestiltak som til dømes vegbygging. Men det er ingen naturleg arvtakar etter Anders til å føre ekspansjonen vidare. Som helten i den antikke lagnadstragedien endar Anders i blinda som ein sjåande vismann i refleksjon over lagnaden til ætta, uttrykt i eit råkande naturbilete: «For ættene gjekk sin gang liksom båra, skulde til stranda og mala seg sund» (Duun, 5, 1981, s. 300). I *Storbryllopp* har vi kome fram til tida rundt 1880, og samfunnet er i rask omforming, midt inne i det store hamskiftet, som historikarane talar om, overgangen frå sjølvbergingsssamfunn til pengehushald. Der striden før stod om å legge under seg jord og bygge gard, dreiar han seg no i aukande grad om pengar. Døtrene til Anders, Åsel og Gjartru, målber konflikten mellom det gamle og det nye. Gjartru representerer saman med mannen sin, Arnesen, det framveksande pengesamfunnet. Ho kommenterer motsetnaden til Åsel, som no sit på Håberg og vil halde fast ved det gamle bonde- og sjølvbergingsssamfunnet, med følgjande utsegn:

Det er berre det, ser du, at Håberg skal vera bygda. Ho ser ikkje det, ho, at tida og bygda og allting held på og snur seg ifrå henne, og snur seg etter oss. Vi er bygda snart, og det fell henne litt tungt, som ventande kan vera. (Duun, 6, 191, s. 49)

Dei tre siste banda av syklusen er samla om Åsels dotterson, Odin Setran. Hamskiftet har no langt på veg omforma samfunnet. Jord og gard har vorte kommersielle salsobjekt. Etter Åsels død blir Håberggarden delt i tre partar. Det som ætta gjennom ekspansjon i mange generasjonar har bygd opp, blir splitta. Heming Gujord kommenterer dette slik:

Det er svært stor avstand mellom oss som les dette i dag, i ei tid der storgardane blir lagde ut for sal på finn.no, og tida då Duun skreiv *Juvikfolke*. Lesarane hans, i alle høve dei norske, visste kva slekt, gard og odel handla om. Når dette då kjennest relevant i dag, er det fordi konfliktane i Duuns verd stadig lever vidare i vår eiga verd, om då i andre former. (Gujord, 2023, s. 28)

Notfiske etter sild har vorte ein viktig næringsveg, og etableringa av ein sildoljefabrikk står sentralt i handlinga og konfliktstrukturen i *I stormen*. Bygdesamfunnet er splitta i ulike interessegrupperingar, og det er økonomiske og sosiale konfrontasjonar mellom arbeidarar og kapitaleigarar, som stort sett er identiske med velstående bønder. Odin, som er ordførar i bygda, har visjonar om å arbeide fram konsensusorienterte fellesskapsløysingar i denne striden, men blir motarbeidd, først og fremst av nærmaste grannen sin på Håberg, Lauris, som har aristokratiske ambisjonar. Striden mellom dei to kulminerer i den skilsettande båtkvelvscenen, i ei mannjamning om kven som skal berge livet etter ei kollsegling ute i den forrykande stormen. Kampen om dominans og siger får i denne scenen eksistensielle dimensjonar, og handlar om det vondes makt og grunnlaget for menneskeverdet.

## Natursyn og angst for tilværet

Gjennom heile landnámshistoria er juvikingane konstant utfordra. I *Juvikingar* og *I blinda* blir to grunnleggande syn på tilværet stilte opp mot kvarandre: På den eine sida står eit heroisk etos målbore av gammalkarane, ættehovdingane, prega av styrke, sjølvhevdning, ærekjensle, ættebyrgskap og vantru. Den diamentrale motsetnaden til dette er overlevingsetoset som pregar menneska omkring juvikinghovdingane, og som kjem til uttrykk i trekk som angst, veikskap, kjensle av å vere avhengig og ovtru. Mykje av denne angsten og veikskapen har sitt opphav i tilhøvet til naturen. Kulturhistorikarane Kristofer Visted og Hilmar Stigum kommenterer tilhøvet til naturen i det gamle bondesamfunnet slik:

Liksom all religion har folketroen sin rot i følelsen av menneskets avhengighet av naturen og dens krefter [...] Overalt mener han å møte lumske krefter som tar sikte på å berøve ham fruktene av hans arbeid. Over hele hans tilværelse ruger derfor en hemmelig angst for disse krefter hvis vesen han ikke kjenner, men som han støter på i alt han foretar seg. (Visted/Stigum, bd. 2, 1971, 303f.)

Dette tilhøvet til naturen inneber eit syn på vondskapen som det filosofen Paul Ricoeur kallar *la souillure*, altså det ureine, i sin studie av vondskapens fenomenologi, *La symbolique du mal* (Ricoeur, 1960). Gjennom ovtruførestillingane tolkar menneska teikna på at dei magiske kreftene verkar i naturen, og dei trugar med å hindre landnåm og kontroll over både det materielle og immaterielle tilværet. I aller sterkast grad er førestillingane knytte til finngann, men også til ei rad dødsvarsel som stunnul eller hubro, kråke, julegeit og julebukk. Viktige er også teikn som seier noko om lagnaden til den avlidne, til dømes ringing med kyrkjeklokker og stjerner, eller varsel i samband med ve og vel for garden og buskapen. Ovtrurådene er dei einaste motkreftene menneska har mot dei trugande vonde maktene, for å reinse seg frå tilsulkinga av ureinskapskapen og vinne makt over natur og lagnad. I den heroiske ånda frå gammalkarane er det at Per Anders i den dramatiske naustscenen i *Juvingar* trassar ovtruførestillingane knytte til lussinatta, mens den heroiske Anders syner seg for veik mot ovtruførestillingane kring samane. Han trassa dei da han gifta seg med finntausa Solvi, men jagar til sist både henne og barnet deira på dør i utdrivingsscenen i *I blinda* for å gjere «reint hus»; han ber jamvel budeia røyke med einer over heile huset for å reinse det «så vi får ut finnlukta» (Duun, 5, 1981, s. 186–187).

## Økokritiske perspektiv

Den landnåmshistoria som blir fortalt i juviksyklusen, kan ein vurdere ut frå eit økokritisk perspektiv. Sissel Furuset og Reinhard Hennig peikar i *Økokritisk håndbok* på at det er legitimt og kan vere fruktbart å nylese eldre litteratur ut frå innsikta om at vi no lever i ein ny antropocen tidsalder, altså

ein tidsalder der jorda gjennom menneskeleg aktivitet har gått inn i ein ny geologisk epoke der mennesket sin påverknad på natur og miljø bør minskast fordi den er for stor. Dei skriv:

Men økokritikk gir anledning til å lese tekster også mot forfatterintensjonen, og særlig kunnskapen om antropocen utfordrer dagens lesere til retrospektivt å revurdere trekk ved samfunnet som tidligere ble oppfattet som goder og fremskritt. (Furuseth/Hennig, 2023, s. 136)

Det landnåmet og den ekspansjonen *Juvikfolke* skildrar, blir i liten grad problematisert i verket. Det er styrt av ein agrar vekstideologi som er ein naturleg berebjelke i det norske bondesamfunnet i den tidbolken som blir framstilt. Berre éin stad i teksten blir det stilt spørsmål ved mennesket sitt inngrep i naturen. Under nyetableringa på Håberg har Per under eit nybrottsarbeid sett seg føre å flytte på ein stor stein for å kunne grøfte ut jorda og gjere henne til dyrkbar mark. Det reagerer drengen Steffen Storsko på ut frå omsyn til naturelementa sin eigenverdi: «Steinen, kva gale hadde han gjort? Og vatne? Hadde dei ingen rett no for tida, slike ting» (Duun, 5, 1981, s. 103). Per ser Steffens åtvaring om å røre ved steinen som utslag av ovtru og avviser den, og han endar med å forslite seg under arbeidet slik at han blir helselaus. Etter det store hamskiftet når pengehushald, kommersielt notfiske og industrireising skyt fart, blir det uttrykt skepsis til profittjag og mana til materielt måtehald, men ikkje primært ut frå omsyn til naturen. I *Storbryllopp* er denne konflikten på mange måtar eit omdreiningspunkt, men er hovudsakleg knytt til dei mentalitetshistoriske spenningane mellom det gamle og det nye samfunnet slik han blir konkretisert i den personlege striden mellom dei to søstrene Åsel og Gjartru.

Eit anna økokritisk perspektiv ein kan sjå *Juvikfolke* ut frå, er det postkoloniale. Samane – eller i Duuns verd finnane – er til stades gjennom heile verket, og kulturkollisjonen mellom samar og bønder er prega av konstant spenning. Gujord gjer merksam på at det har eksistert ei meir eller mindre fastbuande kystsamisk befolkning i området der juvikingane lever, og at den på overgangen mellom 1700- og 1800-talet vart dels fortrengt, dels assimilert av den norske befolkninga (Gujord, 2004, s. 90f.). Juvikingane koloniserer altså og legg under seg råderetten over eit område der også samane finst, men blir

fullstendig marginaliserte, ja, sett utanfor den sosiale fellesskapen. Folk trur at samane rår over destruktive magiske trolldomskrefter. Gjennom finngannet kan dei føre ulykke, vanhelse og død over folk og fe og såleis representerer dei eit truismål mot omgivingane. Gujord ser det som ein kvalitet ved Duun at han viser fram dei etniske konfliktane i miljøet han skildrar. Dei dannar vidare eit bakteppe for dei konfliktane ein til dømes ser mellom samar og storsamfunn mellom anna på Fosenhalvøya i våre dagar, ein konflikt som også i stor grad dreier seg om råderett over naturen som fysisk ramme og materiell ressurs for folket som bur i han (Gujord, 2023, s. 30).

## II Naturen som spegel for menneskesinn og omverd – den metaforiske funksjonen

Thesen peikar på at noko av det mest særmerkte ved naturskildringane hos Duun er at dei blir ein ledd i menneskeskildringa. Skildringane av naturen får ein speglingsfunksjon for det som rører seg i menneskesinnet, og som særmerker dei ulike personane. Også i naturskildringane er Duun ein stor psykolog. Bjarte Birkeland går grundig inn på dette i ein artikkel om naturskildringane i Duuns dikting før *Juvikfolke*, men dei særtrekka han peikar på, er like gyldige for framstillinga i verket om juvikingane (Birkeland, 1950). Birkeland strekar under at besjelinga er den metaforen som oftast går att i naturskildringa, og den inneber ei antropomorfering eller menneskeleggjeri av naturen. Naturen blir eit uttrykk for noko anna, eller rettare sagt noko meir enn seg sjølv og får ein metaforisk funksjon; mennesket tolkar sine egne kjensler og sin eigen sjelstilstand inn i han. *Juvikfolke* er gjennomvevd av denne typen naturskildringar; eg vel eit talande døme frå *I ungdommen*, der Astri, den kvinna som først er esla til make for Odin, legg ut i uveret, driven av begjær etter Lauris, Odins motmann og han som til slutt blir mannen hennar:

Snøfokke blinda henne med det same ho kom ut. Det tok rundt ikring henne og snørde henne inn, ein kvervlande dans av vill og galen snø, syntes ho, men det var ei venlig makt likevel, som var med henne og bar henne i veg. Ho vilde til han i kveld. (Duun, 7, 1981, s. 109)

Birkeland trekker fram at det går ei spenning mellom motpolane kontakt og isolasjon når det gjeld tilhøvet mellom menneske og natur, alt etter den sinnstilstand mennesket er i. Vidare går det ei skiljeline mellom det han kallar ei diskursiv og ei syntetisk naturoppleving. Det mennesket som ikkje evnar å sjå livet i stort, kan nok sjå naturen diskursivt, altså sjå detaljane i han, men det greier ikkje å oppleve dei i ein syntetisk heilskap eller å smelte saman med naturen ikring seg. Hos menneske med ei syntetisk naturoppleving kan naturen derimot vekke ei kosmisk undring, og denne undringa blir ofte utløyst av visse konstantar i naturskildringane, så som havsusen og vinddraget, skyene og himmelrommet eller elva og skogsusen. Denne speglingsfunksjonen som naturen har av menneskesinnet, er sjølv sagt ikkje noko unikt for Duun; den finn vi hos mange forfattarar, og slik sett er den uttrykk for kanskje det minst originale hos naturdiktaren Duun. Likevel er det ikkje vanleg «at naturen spelar ei så stor rolle for menneska som dei vi møter i Duuns dikting», som Birkeland uttrykker det (Birkeland, 1950, s. 204). Dette er eit gjennomgåande og gjennomført grep gjennom heile forfattarskapen.

## Mennesket assosiert med naturfenomen og dyr

Eit anna interessant trekk ved den metaforiske funksjonen naturen har i *Juvikfolke*, er at somme av personane i verket blir assosierte med naturfenomen og dyr, anten slik at dei liknar på eller at dei blir identifiserte med naturfenomenet eller dyret. Til dømes er Ola, røyteget, avskalet i slekta, som myra. Ho er eit naturelement utan hald som får mennesket til å søkke og dreg det ned i avgrunnen, nett som Ola sjølv som ikkje eig oppdrift og til sist ikkje ser annan utveg enn sjølv mordet. Når han blir spurt kvifor han går på vekkingsmøta, svarar han: «Eg vil bli eit berg. Så kan trua ta og flytte meg. Eg kan vel ikkje gå her og vera ei myr all mi tid?» (Duun, 6, 1981, s. 133).

Dyremetaforikken strekker seg gjennom heile romansyklusen. Leiv Fetveit tek for seg dette i sin studie av *Juvikfolke* i lys av folketradisjonen, og han viser korleis personane i verket ofte blir verdiplasserte gjennom desse assosiasjonane (Fetveit, 1976). Tilknytning til vanvørde dyr, så som krypdyr og sjødyr, inneber ei negativ vurdering. Odins sterkaste og mest infame mot-

standar i striden for å leie bygda, Lauris, blir såleis knytt til ei rad skadedyr som orm, kobbe og oter, men framfor alt til hunden. Hundemetaforikken er også framme i samband med mellom andre Jens og Per, men i særleg grad blir den altså festa til Lauris. No er ikkje hunden i og for seg utan vidare eit vanvørdt dyr. I artikkelen «Lauris og Odin – hund og menneske» gir Birkeland ei grundig behandling av hundemotivet, som han ser som eit sentralt element i framstillinga av grunnkonflikten i verket som heilskap. Han tek utgangspunkt i dei negative assosiasjonane knytte til dei gule auga og glisen til Lauris. I pakt med tradisjonell fargesymbolikk står gulfargen for noko falskt, og verbet glise er hyppig brukt hos Duun for å skildre vondskapen hos menneske utan skam. «Det er fyrst kombinasjonen Lauris – hund – djevel – gule auge – kjeft som gir biletet full metningsgrad», skriv Birkeland og minner også om at hunden liksom ormen er «teikn for det unnvikande, det moralsk feige og ugripelege» (Birkeland, 1976, s. 87 og s. 78).

Dyreassosiasjonane blir stundom brukte på ein måte som sprenger det reint metaforiske og gir dei ontologiske dimensjonar – personen minner ikkje berre om, men *er* faktisk det dyret hen blir assosiert med. Odin ser Lauris for seg som ein hund med folkevett, og i den dramatiske kulminasjonen av striden mellom dei to i båtkvelvscenen i *I stormen* kallar han Lauris eksplisitt for «Din hund» (Duun, 7, 1981, s. 289). Ei slik animalisering medfører ei dehumanisering av mennesket og legitimerer utrydding av det, slik Odin resonnerer for seg sjølv i kampen mot Lauris på båtkvelven.

Dyreassosiasjonar kan også bli brukte for å plassere menneske i det sosiale hierarkiet som rår i det samfunnet Duun skildrar, og for å markere at dei er utanforståande som trenger inn i juvikætta. Gujord argumenterer såleis for at personar som til dømes Solvi og Lauris, som begge blir knytte til negative dyremetaforar, kjem inn i ætta som ureine outsiderar og bidrar til å degenerere den (Gujord, 2004). Nedst på rangstigen står samane, og dei blir knytte til den parasittiske lusa. Det blir trekt fram både når det gjeld Solvi og far hennar, Halt-Andrias. Desse to blir elles ikkje berre assosierte med dyr; folk i bygda trur at dei faktisk kan omskape seg til dyr, varulvar. Varulvstempelet set dei såleis ikkje berre utanfor menneskesamfunnet, men også utanfor den vanlege dyrefaunaen, og godtgjer kvifor dei har destruktive magiske evner som gjer det forteneftfullt å utrydde dei.

## Ladde stader

Einskilde naturfenomen eller lokasjonar i naturen peikar vidare ut over seg sjølve, får ladd innhald og metaforisk funksjon. Hans H. Skei peikar på dette i ein artikkel der han samanliknar William Faulkner og Duuns bruk av naturen:

Duun's and Faulkner's landscapes develop and change through their use and re-use in different books, from being background, setting, or simply landscapes, to becoming places. Places in the sense that they are given added significance because narrators and characters think about them, contemplate their meaning, try to come to grips with their possible significance in their lives and in the lives of men and women before them. (Skei, 2004, s. 93)

Eit stelle blir til ein stad – kunne vi parafrasere det til norsk, eller kanskje kan vi snakke om at ein stad blir ein ladd stad. Svarthammaren er ein slik stad. I *Juvikingar* jagar Per og Jens burtjuven i døden utfor hammaren; i *I stormen* blir liket av Odin funne på same staden etter at han har late livet for å berge Lauris i striden på båtkvelven. Om vi les syklusen som ei historie om fall og oppreising, kan vi seie at forbrytarstaden blir sonings- og oppreisingsstaden. Gjermundskare får også ein slik meirverdi. I *I blinda* blir det gapande, nakne skaret oppe i fjellet eit uttrykk for den «meiningsløysa» Anders opplever mens han før utdrivinga dregst mellom bygdesynet og sitt eige moralske kompass i oppfatninga av Solvi: «Heile bygda hadde ligge på lur etter han. Ja, og så syntet det seg for han som skare i berge kunde syne seg og gapa somtid, for dei vilde ta Solvi ifrå han» (Duun, 5, 1981, s. 180). I *I stormen* møter vi Gjermundskare att. For Odin blir synet av skaret ståande som ei påminning: «Ei naki sanning, og ho vilde ikkje bli glømt» (Duun, 7, 1981, s. 283). Det gapar mot han som ei åtvaring om den meiningsløysa han blir ført ut i om han held fast ved strategien han har valt i kampen mot vondskapen gjennom å gjere ende på Lauris.

### III Naturens fenomenologiske røyst – den ontologiske funksjonen

Duuns natur har altså fleire sider. Vi har så langt sett på det vi kan kalle den subjektive, naturen for mennesket, naturen som ressurs i form av livsgrunnlag og ressursar, og naturen som kjelde for spegling av menneskesinnet, for metaforar og kunstnariske uttrykk. Men naturen har også ei objektiv side, naturen i seg sjølv; han har det vi kan kalle ei fenomenologisk røyst. Naturen taler til, ikkje berre om mennesket. Det som blir formidla gjennom denne tiltalen, er naturens ontologiske status. Han seier noko om det som djupast sett konstituerer eller ligg til grunn for røynda, og som det derfor er nødvendig for mennesket å forhalde seg til om det vil finne sin plass i tilværet.

Ole Martin Høystad og Grethe Fatima Syéd har relatert denne sida av Duuns natur til filosofen og teologen K. E. Løgstrups fenomenologiske filosofi. Ein hovudtanke hos Løgstrup er at naturen og universet ikkje berre er omverda vår, men opphavet vårt. Som topos innanfor det narrative heilskapskonseptet i *Juvikfolke* representerer Kjelvika, husmannsplassen dit Odin blir sett bort som sjuåring, eit slikt opphav. I antropologisk perspektiv inneber opphaldet der at juvikingen Odin blir ført tilbake til utgangspunktet og må begynne ferda på nytt frå øydemarka til sivilisasjonen, slik forfedrane hans arbeidde seg fram frå isolasjonen i den einbølte Juvika til å bli bygdehovdingar på Håberg. Landnámshistoria, kampen gammalkarane utkjempa med naturen for å rydde garden og legge nytt land under seg, både i fysisk og åndeleg forstand, blir Odin utfordra til å gå laus på frå grunnen av i eksiltilstandet sitt ute i Kjelvika. Den sosiale degraderinga som ligg i å vekse opp som ein «skjittgut utu plassen» (Duun, 6, 1981, s. 218), understrekar at utgangspunktet til Odin verkeleg er eit nullpunkt – gammalkarane hadde i det minste sett si ære i å ikkje vere nokon «husmanns-larv» (Duun, 5, 1981, s. 11).

Det som særmerker Odins oppleving av naturen i Kjelvika, er at han sansar han instinktivt. Løgstrup seier: «Vor sansning omkalfatres ikke det bitterste af vor forståelse» (Løgstrup, 1984, s. 15f.). Sansinga er umiddelbar og absolutt, svaret på den tiltalen Løgstrup meiner ligg i naturen og universet. Høystad seier at Odin blir ført «fram til og ned i naturen for å finne tilbake mennesket i seg» (Høystad, 1987, s. 42). Slik opplever sjuåringen Odin landet i eventyret:

Kvar dagen var eit eventyr. Her var meir enn Odin vann å undrast over, han hadde nok med å fara over det og vinne på det, nedmed sjøen og oppi marka og kor han snudde seg: stein og byskje låg og gjømte på alt ein ikkje visste om, og han var den einaste som fór her, som åtte det og rådde over det, trollverk og gode ting om einannan, så hjarte sette i og dulpa gong etter gong. (Duun, 6, 1981, s. 165)

Her går rørsla frå natur til menneske, «frå ting til ting som rann imot han og vart overmanna, eller kom og gjorde seg kjent med han» (Duun, 6, 1981, s. 161). Naturen blir noko framandt og ukjent som mennesket må stille seg ope for, men aldri heilt kan gripe. Han er full av paradoks, alltid lik seg sjølv og likevel aldri den same.

## Naturens janusandlet

Naturen har eit janusansikt for Odin. Han er ikkje berre lys og tiltalande, men har også ei mørk og trugande side. Han hyser løynde krefter som mennesket er priggitt, og som trugar med å skade liv og eigedom. Hunden verar desse kreftene, og midt oppi eit overhendig molterom oppi haugane blir dyret brått uroleg, og Odin fantaserer om at «det måtte vera noko utrivelig, for han reiste busta mot berge – kanskje var det bjønn eller bergtroll? Kanskje var det rettast å ta heim krøttera?» (Duun, 6, 1981, s. 162). Mykje av det mørke og trugande har utspring i naturmytiske førestillingar om vetter, småkallar og trolldom. Eit vette knytt til sjøen, som Odin kjenner uro for, er havfrua, som lokkar han på ein dårande måte og etter kvart blir projisert på konkrete kvinner han møter. Dermed blir havfrua eit symbol på erotikkens forførande og farlege makt. Førestillingar om trolldom er knytte til oterbørsa til fosterfaren Bendek i Kjelvika, «trollbørsa», som Odin skytt med nettopp for å bryte trolldomen. Det resulterer i utdriving frå Kjelvika og det første steget på veg til sosialisering i bygda, eller på veg inn i kulturen, om ein vil. Eksponeeringa for den fenomenologiske røysta i naturen og for det naturmytiske i universet i Kjelvika representerer nemleg det førkulturelle, det opphavlege. Myten er ei tankeform som gjer det mogleg for barnet å fatte dei grunnleggande samanhengane og

handtere motseiingane i tilværet. Han viser uomgjengelege grenser og er ein nøkkel til det som er usynleg, men som likevel kan sansast. Nettopp derfor er dei naturmytiske førestillingane viktige for å gi eit levande og sant bilete av barnet si oppleving av naturen, men dei er samtidig også vesentlege som uttrykk for eit generelt verdsbilete prega av samanheng og heilskap.

Den fenomenologiske dimensjonen ved naturen tvingar også fram grunnleggande spørsmål om mål og meining med eksistensen. Har naturen ei meining som går utover det konkrete, og rører ved dei djupare laga i livet? Odin opplever tiltalen frå det endelausa himmelrommet som noko han ikkje kan rømme unna, for den gir han medvit om samvitet:

Han vart vår himmelen, og den var han redd. Han visste ikkje sjølv kva gale han hadde gjort, men himmelen, kveldens tid, den kunde han ikkje sjå i augesyne. Somtid var han mørkblå og tett nedpå ein, så kunde ein høre stjernene, dei kviskra og trua. Andre kveldar var han gulbleik og høgt over fjelltoppane; og tidomtil stod han med brandgule gloa over skjera og stirde hit. Av og til var det hilderstilla i mørkre, og da stod hunden og søkte imot fjæra, busta stod og grøste til vers på han. (Duun, 6, 1981, s. 171)

Høystad kallar dette ein ursituasjon for det etisk dugande mennesket. Odin slår auga ned ikkje berre fordi han er redd, men fordi han opplever det slik at nokon ser han og stiller han til ansvar. Løgstrup minner om at ein slik kosmisk tiltale fyller mennesket med audmjukskap og respekt og manar det til å vere tilbakehaldande. «Det der skal holde behovene i skak [...] er tilbakeholdenheden», skriv han, og blir ikkje behova haldne i sjakk, «truer de vor overlevelse» (Løgstrup, 1984, s. 49). Til skilnad frå sansane er nemleg behova aggressive. I parentes bemerka kan ein sjå Løgstrups økofilosofiske engasjement i lys av desse tankane: menneskets aggressive trong til å legge stadig fleire naturressursar under seg, trugar vår overleving.

## Naturen som kjelde for etikken

I og med at naturen på denne måten vekker medvit om samvitet, blir han ei grunnleggande kjelde for etikken. Men om naturen slik kan vere ei kjelde for det etiske medvitet, er han, som Høystad peikar på, sjølv amoralsk, «fullstendig likegyldig overfor menneskets motsetning mellom moral og umoral» (Høystad, 1987, s. 46). Odin kan da også oppleve naturen som kald og avvissande når han verkeleg er i knipe, til dømes når han er åleine i fjellet og leitar etter sauene han har gjett bort mens mørkret fell på. Naturen lest ikkje bry seg om den trugande situasjonen han er i. «Månen han gav på og skjein vest i haugane liksom ingenting stod på» (Duun, 6, 1981, s. 195f.).

Syéd peikar på at den sansingsfenomenologien som særmerker naturskildringane, knyter etikken nært saman med estetikken hos Duun. Det estetiske er eit vilkår for den «tilbakeholdenheden» Løgstrup ser som grunnleggande for sansinga. Det finst fenomen «hvis etiske karakter opløses af, at det æstetiske fratages dem, et sådant fenomen er tilbageholdenheden i dens modsætning til skamløsheden» (Løgstrup 1994, s. 245). Etik og estetikk heng såleis uløyselig saman. Estetikken utfordrar skamløysa og gjer mennesket oppe for det vakre, det store og det framande. Som Syéd uttrykker det: «Det er i det kunstneriske uttrykket etikken fins, det er der holdningen ligger som sier: Verden er stor, mennesket er lite. Du er liten, ergo: Du bør være ydmyk, besinne deg, ha respekt» (Syéd, 2015, s. 292).

## Duun og Bergsons naturfilosofi

Tankane frå Løgstrups sansingsfenomenologi som ein nøkkel til å lese Duuns framstilling av tilhøvet mellom natur og menneske har sentrale trekk til felles med naturfilosofien hos ein tenkar i Duuns samtid som forfattaren var opptatt og inspirert av, nemleg Henri Bergson. Bergson framhevar også den umiddelbare og intuitive samanhengen mellom menneske og natur. I opposisjon mot arven frå Descartes, som ser naturen som eit veldig maskineri, styrt av mekanistiske prinsipp og underlagt menneskets manipulasjon, er menneske og natur ifølgje Bergson delar av ein større organisk heilskap, og mennes-

ket har ingen rett til å sjå seg sjølv som herskar over naturen. Det sentrale konseptet i Bergsons filosofi er *l'elan vital*, livsstraumen eller livskrafta, som gjennomstrøymmer alt som eksisterer, det fysiske, det psykiske og det åndelege. Livsstraumen er kjelda for den skapande utviklinga, *l'évolution creatrice*, eit anna grunnkonsept i Bergsons filosofi, og også tittelen på hovudverket hans (1907). I livsstraumen er skiljet mellom fortid, notid og framtid viska ut. Livsstraumen er altså også ein tidsstrøm utan byrjing eller slutt, det varige eller *la durée*, som Bergson kallar den, og den er vesensulik den mekaniske, matematiske, romorienterte tidsoppfatninga som cartesianismen opererer med. Det varige kan ikkje haldast fast fordi det stadig forandrar seg. Menneske og natur er også delar i denne uendelege prosessen der kjensler framkalt av naturen går inn i eit dialektisk tilhøve til kjensler som allereie ligg i mennesket, og desse blir igjen utgangspunkt for kjenslemessige nydanningar. Det særmerkte ved *la durée* er at den tek opp i seg alle nye inntrykk samtidig som dei blir omskapt og endra. Og i denne prosessen er mennesket avhengig av stadig ny tilstrøyming av inntrykk frå naturen for at *la durée* ikkje skal stivne eller begynne å gjenta seg. «Naturen og mennesket blir begge midler for den anstrengelse som livets egen higen består i», som Bergsonforskeren Hans Kolstad uttrykker det (Kolstad, 2001, s. 167). Ut frå forståinga av tilværet som ei stadig pågåande skaping og utvikling argumenterer Bergson også for at mennesket sine handlingar ikkje kan vere determinerte. Det blir ein garanti for menneskets fridom. Det natursynet og den livsfilosofien som Bergsons tankar målber, knyter han til ein breiare filosofisk straum i samtida, vitalismen, med liner bakover til Schopenhauer og Nietzsche og framover til Spengler og Wittgenstein.

## Natur og religion

I *L'évolution creatrice* identifiserer Bergson den skapande livskrafta med Gud. Seinare tek han eksplisitt opp moral- og religionsfilosofien i studien *Les deux sources de la morale et de la religion/De to kilder til moral og religion* (1932/1967). Her skil han mellom to ulike grunntypar både for moral og religion, den lukka/statiske og den opne/dynamiske. Det kan vere ein nyttig

distinksjon å operere med når eg no til slutt skal sjå på tilhøvet mellom natur og religion hos Duun. Når eg bruker Bergsons kategoriar statisk og dynamisk for å karakterisere Duuns framstilling av religion og religiøsitet, er eg fullt klar over at studien der Bergson lanserer desse omgrepa, først kom i 1932, ni år etter *Juvikfolke*. Poenget mitt er ikkje at Duuns fiksjon er ei litterarisering av Bergsons teori, men at omgrepa er fruktbare å bruke for å få fatt i sentrale trekk i Duuns framstilling.

Den statiske religionen ser Bergson som ein forsvarsreaksjon frå naturen si side mot det oppløysande dødsmedvitet som forstanden gir mennesket. Dette medvitet kan verke nedbrytande på samfunnet dersom det ikkje blir møtt med motkrefter, og nett denne motstanden mobiliserer mennesket gjennom magi, ritual og religiøse institusjonar. Den statiske religionen er såleis primært ein samfunnsreligion, og drivkrafta bak den er i stor grad menneskets sjølvopphaldsdrift. Vi ser tydelege døme på denne religionsforma i overlevingsetoset hos menneska kring dei heroiske gammalkarane i juvikætta, dei som gjennom ovtruråder freistar å trygge seg mot dei løynde, destruktive kreftene i naturen. Noko av det same kjem til syne på eit seinare historisk stadium i framstillinga av vekkingskristendommen, som gjorde seg gjeldande i den sosiale og kulturelle brytingstida frå 1880-åra og framover, og som er eit framtrudande motiv i dei fire siste banda av syklusen. I *I stormen* er Odin på bedehusmøte mens spanskesjuka herjar bygda. Det han reagerer mot i forkynninga til emissæren, er at ho spelar på frykta hos folk. Det øydande dødsmedvitet blir ein berande premiss for bodskapen, som blir framført med sterk emosjonell og manipulerande appell:

no var Vårherre ute og gjekk gjennom bygda, som mordarengelen  
gjenom Egyptens land, hørte dei ikkje kirkeklokka? Hørte dei ikkje  
det ringte til dom? Odin la merke til folk, kor ifrå seg dei vart.  
(Duun, 7, 1981, s. 237)

Duun kan vere krass i si framstilling av lekpreikarane og vekkingsmiljøet. Bodskapen deira inviterer til forenkling av kompliserte livsspørsmål, flukt bort frå røyndommen og flokkmentalitet, og det gir ikkje mennesket rom for undring over gåtene i tilværet. Slik sett representerer dette det Bergson kallar ein statisk religionstype.

Sjølv om Duun er kritisk til og avviser den statiske, samfunnsskapt religionen, betyr ikkje det at han stiller seg avvisande til religiøsitet i og for seg. For det første er det somme berarar av ei religiøs livshaldning som framstår i eit positivt lys i *Juvikfolke*. Det gjeld til dømes presten Anders søker hjelp hos i livskrisa etter Solvis død, og det gjeld Åsel. Dei ser ikkje religionen som røyndomsflukt og illusjon, men som ei hjelp til uhilda klårsyn og dermed ei forplikting overfor det utfordrande og trugande menneskelivet. Vi ser òg at naturen er grunnleggande for forståinga av religionens rolle i Duuns litterære univers. Naturen i seg sjølv har ein religiøs dimensjon. Den fenomenologiske tiltalen i naturen opnar mennesket for det store og gåtefulle i tilværet, og får det til å sjå sitt eige liv i eit utvida perspektiv. Slik opplever til dømes Per Håberg himmelen der han ligg vaken og grublar:

Ute var det kald og blank natt. Sjustjerna stod over låvetake; månen la blå skuggar på snøen attom husa; nordover og sørover og kor ein såg var det måneskin og skuggar og klår himmel. Slik kunde natta stige fram for ein: eit stort og stilt andlet, to store auga. Når dei stod imot ein, var det lite å vera menneske. Kva var det dei såg? (Duun, 5, 1981, s. 98)

Naturen gir mennesket medvit om at det er så lite, og dette opnar òg for ei religiøs erkjenning; det skaper ei ærefrykt for tilværet. Noko er større enn mennesket. Det gir grunnlag for audmjukskap, men samtidig utfordrar det mennesket til å overskride det gitte for å oppfylle sitt potensial. Bergsons tankar om den dynamiske religionen kan vere ei hjelp til å omgrepsfeste dette. Den dynamiske religionen har si kjelde i djupet av menneskets personlegdom. Han er ikkje bunden av konvensjonar og sosialt press, men opnar mennesket for mangfaldet og det grensesprengande, og blir kveikt av den tiltrekning dei store religiøse personlegdommane utstråler.

Den dynamiske religionen har etter Bergsons syn sine fremste representantar i mystikarane. Guddommen gjennomstrøymar dei, og dei er Guds reiskapar i den stadige skapingsprosessen. Odinfiguren i *Juvikfolke* har fleire trekk som gjer det naturleg å karakterisere han som mystikar. Sjølv om han er atterhalden med å uttale seg om eller tilslutte seg det religiøse, opplever han like før han og Lauris legg ut på dødsseglarferda, tanken på Vårherre «som eit tomrom ikring seg eller som eit sug inni seg», og «[d]en pina hadde hørt live til, ho var ein

part av live, kanskje det som alt anna grodde fram av» (Duun, 7, 1981, s. 287). Tomrom, sug, pine – dette er gudserfaringar som samstemmer med mystikkens gudsbilete. I *L'évolution creatrice* forestiller Bergson seg det varige som eit kraftsentrum som inneheld kimen til alt verande i kondensert form – med andre ord noko som «alt anna grodde fram av» for å bruke orda frå Duuns roman.

## Konklusjon

Har Duuns framstilling av naturen noko å seie til oss i dag? Duuns personar levde tett på naturen, på godt og vondt, på liv og død. Duuns natur er ikkje ornamentikk for menneska som er plasserte i han; han konkretiserer i høgste grad menneskets kamp mot maktene. I dag lever dei fleste, i alle fall i vår kulturkrins, i eit større avstandsforhold til naturen. Han er ei kjelde til rekreasjon, noko som skal hjelpe oss å lade batteria, løfte blikket – sjølv om klimaendringar og ekstremver i aukande grad òg gir vår tids menneske påminningar om kor prisgitte vi er naturkreftene når vi ikkje lenger kan tøyne dei.

Trass i ulikskapar i menneskets tilhøve til naturen i det samfunnet Duun skildrar og i vårt samfunn, vil eg hevde at menneske i dag har mykje å hente i Duuns framstilling av naturen. I denne artikkelen har eg skissa opp ei line, eller rettare sagt ein dynamikk, i den funksjonen naturen har i diktinga hans: frå den mimetiske i form av naturen som ramme og ressurs, gjennom den metaforiske med naturen som forråds-kammer for framstilling av menneskesinn og omgjevnader, og til den ontologiske i kraft av naturen som det som djupast sett konstituerer eller ligg til grunn for røynda. I heile dette spennet ligg det mykje å hente, både av innsikt og estetiske impulsar. Eg vil likevel hevde at den sistnemnde funksjonen – den ontologiske, den fenomenologiske, naturens tiltale til oss – er den mest sentrale. Naturen snakkar til oss som noko absolutt, uavhengig av oss, og minner oss om kor små vi er. Vågar vi å la oss tiltale av naturen, kan det gi grunnlag for ein audmjukskap og gjere oss opne for nye konstruktive haldningar til det etiske og til livsmysteriet. Ei slik fenomenologisk haldning til naturen føreset at vi nærmar oss han ikkje med eit einspora analytisk medvit, men med eit sansande medvit som søker samanheng og heilskap.

## Referansar

- Bergson, H. (1907[1914]). *L'évolution créatrice*. Seizième édition. Librairies Félix Alcan et Guillaumin Réunis. (Omsetting: Bergson, H. (1915). *Den skabende udvikling*. Autoriseret Oversættelse ved Knud Ferlov. C. E. Gads Forlag).
- Bergson, H. (1932[1982]). *Les deux sources de la morale et de la religion*. 217 édition. Presses universitaires de France. (Omsetting: Bergson, H. (1967). *De to kilder til moral og religion*. Oversatt av Aasmund Brynhildsen. Servolibris.
- Birkeland, B. (1950). «Naturskildringane i Olav Duuns diktning føre Juvikfolke». I Thesen 1950, s. 151–230.
- Birkeland, B. (1976). «Lauris og Odin – hund og menneske». I Dalgard 1976, s. 76–87.
- Dalgard, O. (1976). *Olav Duun. Ei bok til 100-årsjubiléet*. Noregs Boklag.
- Duun, O. (1935). «Trønderdikterne. Hvad hjembygdens natur og folkeliv har gitt dem av inspirasjon i deres diktning» (enquete). *Nationen*, 27.11.1935.
- Duun, O. (1981). *Juvikfolke 1–12* (4. opplag). Tanum-Norli.
- Fetveit, L. (1979). *Juvikfolke og tradisjonen*. Det Norske Samlaget.
- Furuseth, S. & R. Hennig. (2023). *Økokritisk håndbok. Natur og miljø i litteraturen*. Universitetsforlaget.
- Gujord, H. (2004). *Juviking og medmenneske – en kontekstuell tilnærming til Olav Duuns Juvikfolke*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Gujord, H. (2023). «Når vi jazzar med Duun. Olav Duuns *Juvikfolke* 100 år etter». *Norsk Tidend* 2, s. 28–30.
- Høystad, O.M. (1987). *Odin i Juvikfolke. Olav Duuns språk og menneskesyn*. Aschehoug.
- Kolstad, H. (2001). *Henri Bergsons filosofi – betydning og aktualitet*. Humanist forlag.
- Løgstrup, K.E. (1984). *Ophav og omgivelse. Betragtninger over historie og natur. Metafysik III*. Gyldendal.
- Løgstrup, K.E. (1994). «Teknologi og etik», i Andersen et al. (red.): *Skabelse og Etik. Motiver i K.E. Løgstrups filosofi*. Mimer.
- Syé, G. F. (2015). *Olav Duun. Kunsten, døden og kjærlighetens dikter*. Vidarforlaget.
- Thesen, R. (1950). *Seks unge om Olav Duun*. Olaf Norlis forlag.
- Thesen, R. (1969). *Mennesket og maktene. Olav Duuns diktning i vokster og fullending* (Revidert utgåve. 5. opplaget). Olaf Norlis forlag.
- Visted, H. & H. Stigum. (1971). *Vår gamle bondekultur 1–2*. Tredje utgave. J.W. Cappelens forlag.

Nordnes, R. K. (2026). Menneskekatastrofar eller naturkatastrofar? Eit økokritisk blikk på flaum som setting og motiv i *Menneske og maktene og Flommen*. I G. F. Syéd & H. Kjelen (red.), *Olav Duun. Menneske og natur* (s. 39–59). Fagbokforlaget. <https://doi.org/10.55669/oa721002>

Kapittel 2

## **Menneskekatastrofar eller naturkatastrofar?**

*Eit økokritisk blikk på flaum som setting og motiv  
i Menneske og maktene og Flommen*

**Renate K. Nordnes**

**Samandrag:** *Menneske og maktene* (1938) av Olav Duun er ikkje ein klimaroman, men motivet flaum, slik det kjem til uttrykk som apokalypse i verket, kan likevel vere ein inngang til å lese verket økokritisk. Gjennom komparative blikk på motivet flaum, slik det også blir nytta av Jonny Halberg i romanen *Flommen* (2000), blir klimakrisa som kontekst og lesaren sin horisont utforska. Ei komparativ tilnærming til motivet flaum og naturkatastrofe som fenomen i litteraturen gir rom for å diskutere menneska si eksistensielle krise i møte med naturkrefter som trugar vårt daglege driv. For å auke engasjement for spørsmål utanfor litteraturen er det naudsynt å diskutere kva verdi verka kan ha utover å vere fiksjon. Høvet mellom menneske og natur er høgaktuelt å drøfte opp mot klimakrisa vi står i som vår tids apokalypse. Økokritikk tilbyr ei alternativ tilnærming til litteraturarbeidet både i forskning, utdanning og kvardagslesing. Vi veit alle at vi må endre levesett og tankegang for å møte klimaproblema. Økokritikken bidreg aktivt til haldningsendringar og er eit stadig veksande felt. Formålet med å lese tekstane inn i klimakrisa som kontekst er å undersøkje kva vi kan lære av å lese litteratur, og korleis økokritikken i møte med litteratur kan bidra til auka engasjement for klimaspørsmål. Litteraturen løftar fram viktige perspektiv om forholdet mellom menneske og natur som kan inngå i denne diskursen. Så lenge naturen utgjer eit trugsmål, vil naturkatastrofar i praksis kunne definerast som menneskekatastrofar.

*Nøkkelord:* antropocen, klimakrise, naturkatastrofe, mimesis, økokritikk

**Abstract:** *Menneske og maktene* (1938) by Olav Duun is not a climate novel. However, the motif of the flood, as it is expressed as an apocalypse in the work, can still be an entry point to reading the work ecocritically. By taking a comparative look at the motif of the flood as Jonny Halberg also uses it in the novel *Flommen* (2000), the climate crisis as context and the reader's horizon will also be explored. A comparative approach to the motif of the flood and natural disaster as a phenomenon in literature can provide room to discuss humanity's existential crisis in the face of natural forces that threaten our daily lives. To increase engagement with issues beyond literature, it will be necessary to discuss the value of the works beyond fiction. The relationship between humans and nature is highly relevant to discuss, considering the climate crisis we face as our time's apocalypse. Ecocriticism offers a different approach to literary work, both in research, education, and everyday reading. We all know that we must change our lifestyle and mindset to address climate problems. Ecocriticism actively contributes to attitude changes and is a growing field. The purpose of reading the texts in the context of the climate crisis is to trace what we can learn from reading literature and how ecocriticism in meeting literature can contribute to increased engagement with climate issues. Literature highlights important perspectives on the relationship between humans and nature that can be part of this discourse. If nature poses a threat, natural disasters can be defined as human disasters.

*Keywords:* anthropocene, climate crisis, natural disaster, mimesis, ecocriticism

## Klimakrisa og litteraturen

Er klimakrisa vår tids kamp mot maktene, og kan i så fall lesing av litteratur bidra i denne kampen? I ein ny geologisk tidsalder fleire omtalar som antropocen (Furuseth & Hennig, 2022, s. 122–123), står vi overfor aukande truslar om naturkatastrofar, samstundes som vi kan kjenne oss makteslause i vår evne til å påverke kursen. Økokritikaren Lawrence Buell definerer økokritikk som «a study of the relation between literature and environment conducted in a spirit of commitment to environmentalist praxis» (Buell, 1995, s. 430). Klimakrisa har tvinga oss til å konfrontere nye sider ved vår menneskelege tilvære, og økokritikken opnar opp for nye perspektiv og tolkingsrom i litteraturstudiar. Buell peiker på eit dobbelt formål: å forske på korleis litteraturen reflekterer forholdet mellom menneske og natur, og korleis lesing av litteratur kan føre til auka medvit om klimakrisa og ideelt sett inspirere til politisk aktivisme.

For å kunne handle mot klimakrisa er det relevant å undersøkje korleis litteraturstudiar kan vekke engasjement og handlekraft. Eg har valt å ta for meg Olav Duun sitt siste verk *Menneske og maktene* (1938) og *Flommen* av Jonny Halberg (2000). Desse verka representerer to ulike tidsepokar. Duun malar fram ei katastrofe som speglar seg i livskåra kring 1900–1930-talet, medan Halberg teiknar eit portrett av 2000-talets flaumbilete i Noreg. Begge verka er komplekse i skildringa av menneska i møte med både indre og ytre krefter. Gjennom ei økokritisk orientert komparativ analyse vil eg særleg undersøkje korleis fenomenet flaum fungerer som motiv og setting i dei to romanane, og kva handlingar og haldningar karakterane avdekkjer i møte med naturkatastrofen.

Buell (1995) påkallar ein ny litteratur som representerer eit natursyn der menneskelege interesser ikkje bør vere dominante, og menneskeleg ansvar for klimaet bør vere ein del av tekstens etiske orientering. Ein tidleg definisjon av økokritikk som ein studie av forholdet mellom litteratur og det fysiske miljø tener betre for å legitimere kvifor ei økokritisk tilnærming kan nyttast i møte med dei to verka eg har valt å samanlikne (Glutfelty, 1996, s. xviii). Å lese litterære tekstar som ikkje naudsynt er retta mot å skape engasjement for klimaspørsmål, kan òg ha ein didaktisk verdi sett opp mot norskfaget og det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling. Økokritikken har allereie leia til nye spørsmål kring litteraturen si rolle i norskfaget, og fleire forskarar har

vore aktive i utprøvingar av litteraturdidaktiske metodar forankra i økokritisk teori (Hennig, 2021). Om litteraturundervisninga skal kunne tene som ein inngang til auka medvit og engasjement i møte med klimakrisa som fenomen utanfor teksten, handlar det òg om korleis litteratur kan ha ein verdi utover å vere autonom som fiksjon.

Begge verka er plasserte innan realismen. Realistisk litteratur er fiksjon som speglar røynda, og i høve til å vekke engasjement for spørsmål *utanfor* teksten vil lesaren som objekt vere avgjerande. Ingen av tekstane har ein tydeleg moral eller retning i høve til økokritiske spørsmål i sin horisont, men har likevel blitt lesen og koplå opp mot klimakrise og klimaendringar. Dette kan tyde på at lesarhorisonten er avgjerande for kva måte ein kan lese tekstane i høve til økokritikk, og at klimakrisa som kulturell kontekst påverkar måten ein les litteratur på.

## **Menneske og maktene**

*Menneske og maktene* er bygd opp som ein kollektivroman. Rammeforteljinga introduserer menneska som skal bli råka av katastrofen i første kapittel, «Om bord i Øyvære». Det er spådd at havet skal ta dei, og alle karakterane i Øyvære spelar ei sentral rolle i det dramatiske sluttspilet, «Då Gud rømte landet». I mi lesing er dette siste kapittelet, som skildrar stormdøgnet då springfloda slår til mest relevant å ta tak i som handling og hending.

Mellom rammeforteljinga om Øyvære og havet som trugar dei, er romanen delt opp i forteljingane om Helmer, Borghild, Torger, Roald og Ludvik Sjøtrolle. Dei enkeltståande sogene har òg ein del parallelle handlingar, og gjennom eit djupdykk i dei utvalde karakterane får vi god innsikt i livssogene. Torger, fødd og oppvaksen uti Øyvære, kjenner seg som eigar av heimlassen. Han er fiskar og har ei motorskøyte, og har sørga for at fleire i Øyvære har livsgrunnlag gjennom fiskarlaget han er leiar for. Torger er gift med Borghild, som sørgjer over barnløyse. I dei ulike sogene får vi eit godt innblikk i fleire karakterar og andre bipersonar som står sentrale i handlinga.

I karakteranalysen har eg valt å sjå mest på Helmer og Iver, som til saman utgjer to motpolar i møte med flaumen. Iver er bedehusmann på Øyvære og har ei sentral rolle for å drøfte korleis dei frelste opptrer i møte med springfloda som flaumar inn over dei. Helmer er innflyttar, tidlegare bedehusmann og bonde. I forteljinga om Helmer finn vi bakgrunnen for kvifor Kari er stedottera hans,

og kvifor ho blir kalla enka. Det er Kari som har stranda der ute på Øyvære med to born, og orsaka til at Helmer har seld garden sin for å gjere øyværing av seg.

Øyvære har vore vanleg å tolke som eit symbol for tilværet, eit mikrokosmos med 24 menneske der 17 døyr og sju overlever i møte med storflaumen. Gujord har peika på at opningskapittelet spelar på den kristne grunnforteljinga, der menneska om bord i Øyvære representerer eit skutebilete som seglar på ope hav. Då Gud rømmer landet i siste kapittel, står menneska forlatne av alt og alle (Gujord, 2007, s. 457–458). På same vis kan vi kanskje tolke kjensla av maktesløyse i møte med klimakrisa: Vi er på ope hav, og vi har ikkje peiling på kva kurs vi skal ta.

Maria Olerud påpeiker at ho ikkje klarer å flykte frå klimakrisa i si lesing av *Menneske og maktene*.

«Det var spådd frå gammal tid at Maldivene skulde gå under. Uti have låg det, og have skulde ta det». Slik åpner Olav Duuns siste roman *Menneske og maktene*. Nei, nei, selvsagt gjør den ikke det. Det er Øyvære som er varslet slukt av bølgene. Og det er menneskene som lever i dette fiktive utværet på norskekysten en gang før andre verdenskrig, romanen handler om, men da jeg leser boka fra 1938 for første gang i 2023, slår det meg hvor nær romanåpninga ligger min egen førapokalyptiske livsfølelse. (Olerud, 2023)

Haagen Ringnes (1982) skriv i etterordet av utgåva Olerud har lese at verket inviterer til tre ulike lesemåtar: «en bokstavelig, en eksistensielt-allegorisk og en historisk-allegorisk». Olerud finn resonans i Ringnes sine lesingar i si eiga lesing. «Ringnes' tre mulige lesninger danner et godt utgangspunkt når jeg leser *Menneske og maktene* som «klimaroman». For klimaendringene er jo disse tre tingene: fysiske forandringer i naturen, eksistensielt anliggende for hver og en av oss, og en politisk, historisk krise» (Olerud, 2023).

I praksis byter Olerud ut allegoriane med klimakrise, og hennar førapokalyptiske livskjensle kan lesast som eit uttrykk for ein ny generasjon si kollektive forventningshorisont (Jauss, 1970), der klimakrisa er godt etablert:

Men faren for klimaødeleggelse er langt ifra over, katastrofen lar bare vente litt på seg. Som Duuns forteller bemerkar: «Det hadde ikkje hendt hit-til. Det kom ikkje til å hende heller. Visst det da ikkje hendte i år.» Akkurat slik har livet kjentes, hele livet. (Olerud, 2023)

Olerud opnar altså opp for ei ny lesing av *Menneske og maktene*, der teksten sin horisont allereie er grundig utforska frå før. Dette gjer ho ved å lese teksten som ein klimaroman. Klimaromanar er litterære verk som eksplisitt tek for seg tema knytt til klimaendringar og miljøkriser, og svarar til krav til dømes frå Buell (1995). Eldre verk som ikkje vart skrivne som klimaromanar, korrelerer jamvel med klimakrisa som er etablert i vår moderne lesarhorisont, slik Olerud sjølv erfarer.

I høve til ei økokritisk lesing vil allegoriane klimakrise og apokalypse vere sentrale spor å følgje opp vidare, og det er relevant å undersøkje på kva måte lesaren sin forståingshorisont er påverka av klimakrisa som fenomen i møte med litteratur som tematiserer naturkatastrofar.

### **Flommen – i eit komparativt perspektiv**

*Flommen* og *Menneske og maktene* har til felles at dei nyttar naturkatastrofen som metafor for menneskelege erfaringar og kjensler. I parateksten til utgåva av *Flommen* finn ein sitat frå ulike meldingar på baksida, der særleg utdraget frå Atle Næss i Stavanger Aftenblad kan bli lesen som ein parallell til *Menneske og maktene* som eksistensielt katastrofeverk:

*Flommen* er et eksistensielt drama som nok springer ut av det tette, tause miljøet i en trang norsk bygd, men som vokser ut til en allmenn beskrivelse av Mennesket og dets skjebne i en tid da Gud riktignok er død, men fra sin grav fremdeles straffer oss for våre mangeartede og rikelige synder. (Næss, 2000)

Romanane let seg òg forbinde ved at dei begge nyttar bygdesamfunn og flaum som setting og motiv. I begge verka spelar fortida ei sentral rolle, og relasjonar mellom familie og sambygdingar utgjer ei sentral rolle i konfliktnivåa og tematikken. Gjennom dei to hovudpersonane i *Flommen*, Robert Gjørstad og Stein Ove Sand, får vi eit dobbelt blick på historia, sidan romanen nyttar grepet med parallelle forteljingar fordelt på to interne forteljarstemmer.

I lesinga mi har eg særleg valt å sjå mest på karakteren Robert Gjørstad. Robert er på mange vis familieoverhovudet i dette kaoset av ein familie ute på slektsgarden han driv på Melkøya. Familien elles utgjer den stumme broren Jonny, mora Grete som skriv absurde avisinnlegg, den noko seksuelt forstyrra søstera Nina som les haugar med kiosklitteratur, og den utflytta broren Hugo

som viser seg å ha drepe sin eigen far og truleg forgripe seg på Nina. Det er bygdeoriginalar på grensa til satire, men samtidig skjer alt i ei realistisk setting. Den stigande elva Kvenna stig fram som eit symbol på dei håplause og hjelpelause karakterane som går kring med skylappar for kva som skjer. Det er menneskekatastrofane som dominerer tematikken når naturkatastrofen treff i *Flommen*; menneskenaturen blir ikkje framstilt på ein flatterande måte.

Naturkatastrofen flaum blir ikkje presentert som noko valdsamt og tru-gande i byrjinga av teksten slik som i *Menneske og maktene*. Det er heller ikkje nokre profetiske frampeik å spore. I *Flommen* er det snarare vi lesarar som forstår at flaumen kjem, medan karakterane er meir opptekne med å rote rundt i dei kaotiske liva sine. Flaumvarselet som blir levert av politimannen Stein Ove allereie i opninga av teksten (s. 11) blir først berre nemnt i ei bisetjing, men blir nærare diskutert mellom Robert og mora Grete noko seinare i teksten. Varselet byggjer på prognosar frå Vassdragsvesenet om at flaumen kan bli større enn vanleg (s. 46). Mora Grete meiner at desse folka i Vassdragsvesenet ikkje har peiling, sidan brevet dei har sendt kjem frå ein adresse langt unna. Logisk tenking er ikkje den sterkaste eigenskapen i familien vi møter, og dette er med på å skape ein del tragikomiske situasjonar som står i kontrast til katastrofane som trugar både i det indre og ytre handlingsplanet. Slik elva lagar seg nye vegar i landskapet gjennom ein flaum, kan ein sjå korleis gammalt grums i form av familiehemmelegheiter parallelt flyt opp. Motivet flaum kan såleis ha ei dobbeltydig funksjon som setting for eit ytre handlingsplan og som narrativ drivkraft i det indre handlingsforlaupe; det er uregjerlege krefter som herjar på begge plan.

Begge verka har gjennom motivet flaum og stormflod ein godt utvikla setting som kan kjenneteiknast ved å vere realistisk orientert i høve til tid og rom. Flaumen som setting utgjer ei kronologisk strukturert tidslinje både i avsluttingskapittelet hos Duun og i *Flommen* som heilskap. Havet som stig og trekk seg tilbake i *Menneske og maktene* følgjer naturen sin eigen rytme, samtidig som vi kan plote inn den same rørsla i ein dramaturgisk modell med spenningstopp og spenningsfall. Ein kan òg tolke korleis settinga er lada med symbolikk i begge verka, slik at det vil vere fleire moglege inngangar til å vurdere på kva måte motivet flaum fungerer i tekstane enn dei spora som følgjast vidare her. Ei avgrensing er naudsynt for å kunne drøfte nokre økokritiske perspektiv ut frå ei tese om at lesarhorisonten er påverka av klimakrisa som kulturell kontekst. Lesarar som Olerud tolkar litteratur gjennom linsa

av klimakrisa og opnar opp for parallellar mellom fiktive hendingar og verkelege miljøutfordringar. Dette fenomenet viser korleis vår tids bekymringar og prioriteringar påverkar måten vi les og forstår litteratur på, men utfordrar òg forholdet mellom fiksjon og verda utanfor.

### **Realistisk fiksjon eller fiktiv realisme?**

Både *Menneske og maktene* og *Flommen* har realistiske trekk. Realisme er forbunden med omgrepet mimesis, der særleg arva frå Aristoteles har stått sentralt i litteraturvitskapen. Aristoteles sin teori om mimesis er forankra i at kunst er etterlikning av verda, og må følge prinsipp for kva som er sannsynleg og naudsynt i vår oppfatning av ho (Aristoteles, 1996). Syéd (2009) problematiserer på den andre sida høvet mellom mimesis og realisme i si lesing av Duuns roman *Samtid*. Ho hevdar at mimesis i vår tid ikkje lenger handlar om at verka etterliknar eller imiterer verda: «For poenget i denne Duun-lesingen er at det som etterlignes, fremstilles eller representeres, er en virkelighet som ikke kan finnes annet enn i fiksjonen, som fiksjon. Det er avviket fra virkeligheten som her skal bli viktig» (Syéd, 2009). Ved å ta føre seg motivet flaum i ei økokritisk lesing etter prinsipp om attkjenning, vil det vere avgjerande at vi *kan* oppfatte hendinga realistisk. Når Olerud les Duun som ein klimaroman, er det nettopp fordi ho koplar verket inn i konteksten klimakrise.

Flaum som ytre fenomen var òg eit høgaktuelt tema då *Flommen* kom ut, slik Langeland skildrar i si melding:

For en som satt trygt i sin Oslo-leilighet tredve mil unna og fulgte de dirktesendte flomkatastrofene – og som til og med trakk litt på smilebåndet over å se kjøleskap og sofaer og det ene med det andre komme seilende nedover Glommas virvlende gjørmehav, gir *Flommen* et sterkt og troverdig bilde av de psykiske blokkeringsmekanismene som inntreffer i menneskesinnet når grunnen rives vekk under ens føtter. (Langeland, 2000)

Langeland viser korleis forholdet mellom nyheitsbilete og mottakar er prega av ironisk distanse, medan lesing av litteratur kan bidra til innleving og empati. Langeland peiker, som Olerud, på hendingar *utanfor* verka i sine meldingar.

Dette er ei interessant vending der fiksjon og realitet går i dialog og kan vitne om ein lesarhorisont i endring.

Eit anna realistisk trekk ved verka er blandinga av etterlikning og allusjon. Duun hentar til dømes stadnamn som Heimvære og Nakken i *Menneske og maktene* frå sitt eige landskap han var kjend med frå oppveksten. Dette er geografiske stadnamn vi i røynda finn i Gjæslingen (Gåsvær, 2007), der Duun sjølv har rodd fiske og mogleg fanga inspirasjon frå dei store ulykkena som råka fiskarane der ute. Andre har kopla hendinga Duun skildrar til Sandsundværulykka i 1901 (Thesen, 1949, s. 6; «Sandsundværulykka», 2024). Springfloa som tok mange liv har klåre likskapstrekk med hendinga. Om ein les romanen som ei realistisk framstilling av hendinga, vil graden av fiksjon utfordrast, sjølv om det sjølvsgagt er fiksjon som dominerer ein litterær tekst.

I *Flommen* finn vi òg stadnamn henta frå røynda i ei fiktiv konstruert setting. Elva Kvenna i *Flommen* er ikkje den verkelege Kvenna, det største urørte vassdraget i Telemark (NVE, 2023). Melhus er nytta som stadnamn, men geografisk sett blir dette ei lett blanding, sidan Melhus i røynda ligg i Trøndelag der vi finn elva Gaula. Rapportar frå NVE viser òg at flaumen som setting og motiv i *Flommen* er realistisk: «Gaula er kjent som en typisk flomelv som har liten selvregulering i nedslagsfeltet. Storflommen i 1940 satte store deler av dalbunnen under vann og medførte store skader» (Bævre, 2001). Begge verka kan difor vere døme på mimetisk representasjon som alluderer til hendingar utanfor verka i høve til motivet flaum og springflod, men graden av realisme bør sjølvsgagt diskuteras. Likevel kan ein argumentere for at sjølv om verka er fiktive, så representerer dei verda slik lesaren opplever ho utanfor teksten. Avviket frå røynda vil då vere naudsynt å snu om til det motsette: Ved å lese verka som døme på hendingar vi kan forvente vil auke i frekvens i vår verkelege verd, vil mimesisomgrepet vere fruktbart for å definere motivet flaum opp mot klimakrisa som apokalypse, og at verka etterliknar denne.

Aristoteles (1996) sin teori om mimesis kan òg ha overføringsverdi til å vekkje emosjonell respons i form av frykt og medynk hos lesaren, medan økokritikarar som Buell krev at desse responsane skal leie vidare til engasjement og handling. Å lese litteratur økokritisk vil difor bidra til å reise nye spørsmål kring kva funksjon kunst har som fiksjon, og dannar samtidig grunnlaget for ein ny lesedidaktikk.

I *Menneske og maktene* kan øydelegginga av Øyvære tolkast som ei åtvaring om kva som kan skje med samfunn som ikkje tek omsyn til naturkreftene.

*Flommen* kan vere eit symbol på dei aukande miljøutfordringane vi står overfor i dag, og korleis desse kan påverke menneskeliv. Begge verka kan dermed lesast som kommentarar til klimakrisa og menneska sitt forhold til naturen, men på kva måte kan dei skape engasjement og vilje til handling?

## Økoapokalypse, nå?

I begge verka manifesterer naturkatastrofen seg litterært som apokalypse gjennom motivet flaum. Apokalypse refererer til ein profetisk eller litterær framstilling av ein katastrofal og omveltande hending, ofte assosiert med endetida eller verdas undergang. I kvardagsspråket kan apokalypse òg tene som ein metafor for naturkatastrofar eller andre farar (Molland et al., 2024).

I verka frå Duun og Halberg finn vi ikkje ein straffande Gud som er orsaka til flaumen. Begge representerer eit moderne syn på naturkreftene som eit sekularisert fenomen. I *Menneske og maktene* har tropen apokalypse forgreiningar til kristendom, endetid og syndflod, men det skjer meir på eit eksistensialistisk plan enn på eit ytre. Meir overordna er Gud med i motivkrinsen, og ikkje berre som fråvær i «Då Gud rømde landet». I *Flommen* er Gud heilt fråverande, og Vassdragsvesenet har overteke som profet. Det er vitskap om målingar og statistikk som varslar flaumen. Verket representerer difor eit grunnsyn på naturen som noko vi kan kontrollere og overvake, eit bilete på vår eiga samtid der vi enno kan områ oss når naturen rislar med kreftene og ekstremvær får namn.

Økokritikarane Buell og Garrard nyttar begge apokalypsen som eit sentralt omgrep for å avsløre konsekvensane av uendeleg utnytting av naturressursar. Garrard hevdar at apokalypsen som trope kan bryte med etablerte idear om menneskeleg dominans over naturen (Garrard, 2004). Buell meiner at økoapokalypsen er den mest kraftfulle metaforen vi har for å førestille oss krisa vi står i (Buell, 1995). I antropocen er trugsmålet om ein økologisk apokalypse ein konsekvens av vår eigen utvikling, men apokalypse som metafor bør ikkje etablere seg som ei førestilling om endetid, då dette kan leie til passivitet.

Stadig fleire kjenner på ei sorg over konsekvensane av menneskeleg påverknad på naturen. Timothy Clark (2020) sett omgrepet «antropocen-

skrekk» i kontrast til «økologisk sorg»: «I take 'ecological grief' to be grief for the loss or threatened destruction of a specific landscape, place or species, as opposed to what might be called 'Anthropocene horror'» (Clark, 2020). Antropocen-skrekk er kjensla av å leve i konstant frykt for økoapokalypse, men kan i større grad egge opp til handling og engasjement enn økologisk sorg forankra i kjensla av tap. Sorg er ifølgje Clark ein individuell kjensle, mens antropocen-skrekk som kollektiv førestilling kan leie til engasjementet og aktivismen Buell påkallar.

Økokritikarar er altså opptekne av å vekkje menneska til å vere meir proaktive i møte med klimakrisa, og at vi ikkje må bli handlingslamma sjølv om ho er overveldande. Kva potensial tekstane har for å kunne vekkje engasjement i høve til klimakrisa, vil handle om korleis lesaren affektivt responderer på tekstane som miljøpolitisk ladde innlegg, sjølv om dei ikkje er klimaromanar. Ved å samanlikne verka frå Duun og Halberg vil det å studere karakterane med vekt på haldning og handling i møte med naturkatastrofen tene til å vurdere korleis tekstane potensielt kan inspirere til engasjement og endring ved å konstruere ein lesarhorisont forankra i antropocen-skrekk.

### **Karakterane som stereotypiar og kategoriar**

Karakterane framstillast stereotypiske i begge verka. Mennesketypene i Duuns verk blir noko karikerte i sine posisjonar. Som Obrestad viser til, er det snarare mangel på realisme i måten menneska i verket blir presentert på (Obrestad, 2005, s. 116–117).

Selv står jeg fullstendig fremmed overfor den type tenkning, den type syn på fremskritt i litteraturhistorien. Vi leser ikke om Øyvind i *En glad Gut* eller konsul Garman i *Garman & Worse* eller Enok Hove i Garborgs *Fred* fordi de representerer noe forgangent og historisk interessant, og slett ikke fordi de tilhører hjemstavnlitteraturen eller folkelivsskildringen; vi leser om dem fordi de er moderne mennesker, like relevante for oss i dag. Slike romanpersoner er helt unike, samtidig som det finnes noen som dem rundt oss på alle kanter: Øyvinds klassehat og strebermentalitet, som han må legge av seg; konsul Garman, som tviholder på fortiden og dens former og går under med dem; Enok Hove, som har gitt seg den religiøse fanatismen i vold. Disse menneskene fra 1800-talls litteraturen har fått sin plass i livet ut fra faktorer de ikke har kontroll over, og som de bare delvis kan bryte ut av. Likevel står de også som fullt ut moderne mennesker, som i det minste *kan* bryte med *noe* av det som holder dem tilbake, holder dem nede eller hindrer dem i å utfolde sin fulle menneskelighet. Øyvind er relativt fri både fra storbonde og prest; han har skolemester Bård og foreldrene bak seg, og han klarer faktisk å bli herre over sin egen skjebne. Slik er det også med Duuns mest slående personer, ikke minst Ragnhild. Hun er en romantisk heltinne på linje med Petra i *Fiskerjenten* eller Ibsens Nora, med en annen frihet i seg enn noen av de viktigste personene

i *Juvikfolke*. Duun viser selvsagt også hvor vanskelig denne friheten blir for henne, og ikke minst hvor vanskelig det har vært å finne frem til den og holde fast på den, men hun lykkes på sitt vis, slik forgjengeren Kristin Lavransdatter lyktes på *sitt*.

Modernismen kjennetegnes av en ny uoversiktligheit i form og innhold. Innholdsmessig står alle de her nevnte romanpersonene med en fot i en tid de bare halvveis forstår. Formmessig har Duun så å si gitt opp håpet om å finne det rette perspektivet på Ragnhild, den rette avstanden til henne, den fulle overskuelsen. Han er hele tiden enten for nær eller for langt borte; han sirkler rundt, og han tror ikke selv at han noen gang vil forstå henne. Gjennom et slikt avkall på klarhet blir Ragnhild blant de fremste modernistisk tegnede hovedpersonene i norsk romanlitteratur i det tjuende århundret. Hun står, slik sett, ikke tilbake for skikkelser som Wilfred Sagen, Bjørn Hansen eller Arvid Jansen.

Hva skal til for at en roman må kunne regnes med til landets litterære kanon? Ett kriterium er at det eksisterer stor konsensus om verkets varige verdi. Et annet er at verket faktisk leses og omtales av mange nok toneangivende skribenter i det litterære feltet. Et tredje ligger i gode argumenter for varig verdi, selv blant verk som ikke leses så mye, og som fortsatt er kvalitetsmessig omstridte.

Bjørnsons verk ble etter 1960 offer for en plutselig og radikal glemsel som egentlig aldri skyldtes artikulerte argumenter, men heller ble et resultat av at en automatisert nedlatenhet begynte å bre seg i feltet. Så langt gikk dette at det ennå er en rekke universitetsansatte i nordisk litteratur som tenker at Bjørnson knapt er verdt å lese, og som faktisk heller ikke har lest ham på svært lenge.<sup>3</sup> Motstanden mot en slik uartikulert glemsel er konkrete påpekninger av faktisk kvalitet. I tilfellet *Medmenneske*-trilogien har jeg her gjort noen tilløp i den retning. Disse kan forkastes eller diskuteres videre. Til tross for de innvendingene mot verket jeg har reist underveis, er altså konklusjonen at Duun ennå fortjener plassen som Undsets og Hamsuns likemann.

---

3 Se Hagen 2013 og 2019 og Pedersen 2017 for nyere rehabiliteringsforsøk og diskusjoner av Bjørnsons kvaliteter. Se også Magnor 2024 for en oppfølgende diskusjon.

## Referanser

- Dahl, W. (1984). *Norges litteratur. Tid og tekst 1884–1935*. Aschehoug.
- Duun, O. (1997). *Skrifter i samling 9*. Aschehoug.
- Hagen, E. B. (2007). «Olav Duun» I *Den norske litterære kanon 1900–1960*. Red. E. B. Hagen og P. Aaslestad. Aschehoug.
- Hagen, E. B. (2013). *Livets overskudd. Bjørnstjerne Bjørnsons glemte kvaliteter*. Gyldendal.
- Hagen, E. B. (2019). *Norsk litteratur 1830–1875. Romantikk, realisme, modernisme*. Dreyers Forlag.
- Magnor, M. (2024). «Bjørnstjerne Bjørnson: En glemt dramatiker?» *Teatervitenskapelige studier*, nr. 8 (desember). <https://boap.uib.no/index.php/tvs/article/view/4263>
- Pedersen, F. H. (2017). *Bjørnstjerne Bjørnsons samtidsdrama. Resepsjon og tolkning*. Vidarforlaget.
- Solstad, D. (2021). «Om Olav Duun» I *Artikler om litteratur 2015–2021*. Oktober.
- Thesen, R. (1945). *Mennesket og maktene. Olav Duuns diktning i vokster og fullending*. Olaf Norlis Forlag.

Nordstoga, S. (2026). Orda om menneska. Olav Duuns *Ettermæle* i lys av eksistensialisme og rolla til subjektet. I G. F. Syéd & H. Kjelen (red.), *Olav Duun. Menneske og natur* (s. 209–228). Fagbokforlaget.  
<https://doi.org/10.55669/oa721010>

Kapittel 10

## **Orda om menneska. Olav Duuns *Ettermæle* i lys av eksistensialisme og rolla til subjektet**

**Sveinung Nordstoga**

**Samandrag:** Olav Duun gav ut romanen *Ettermæle* i 1932. Duun-forskarar reknar 30-åra som ein periode der forfattaren prøvde ut nye litterære framstillingsformer, og *Ettermæle* må vurderast i lys av dette. Romanen er i det ytre forma som ei kriminalhistorie der Brynjar vender tilbake til heimbygda si for å undersøkje kva som har skjedd sidan far hans er tiltalt for å ha drepe kona si. Romanen består av mange einskildsamtalar mellom hovudpersonen og folk i bygda. I denne artikkelen utforskar eg nokre eksistensfilosofiske aspekt ved romanen, og prøver også å knyte dette til ein litterær modernistisk skrivemåte. Eg tek utgangspunkt i Jean-Paul Sartres bok *Eksistensialisme er humanisme* og Dag Østerbergs framstilling av eksistensfilosofien. Sentralt i mine resonnement står omgrepa reflektert og prereflektert medvit. Eg trekkjer også inn synspunkt frå den eksistensielle tenkinga til forfattaren Fjodor Dostojevskij. Når det gjeld modernistiske skrivemåtar, krinsar framstillinga mi om omgrepet subjektivitet og eit vekslende forteljeperspektiv, henta frå narratologien, og eg finn belegg for at romanen kan kallast modernistisk ut frå dei nemnde kriteria. Eg konkluderer også med at det finst mange eksistensfilosofiske element i romanen, men det kan synast noko uklart om eksistensialismen er ein berande idé i heile boka. Til det er romanen for samansett og unndreg seg på mange vis ei tydeleg heilskapleg forståing.

*Nøkkelord:* eksistensialisme, modernisme, subjektivitet, forteljeperspektiv

**Abstract:** The Norwegian author Olav Duun wrote his novel *Ettermæle* in 1932. Researchers on Duun regard the 1930s as a period when he experimented with literary forms, and *Ettermæle* must be considered in that context. The novel, in its outer structure, is a crime story about Brynjar's return to his hamlet to find out what has happened to his father, who is charged with murdering his wife. The novel consists of many conversations with different people in the hamlet. In this article, I examine some existential and philosophical aspects of the novel, also attempting to connect these with a literary and modern way of writing. My starting point is Jean-Paul Sartre's book *Eksistensialisme er humanisme* and Dag Østerberg's approach to existentialism. Essential in my discussion are the concepts of *pre-reflected* and *reflected consciousness*. I also draw on aspects of the existential thinking of the author Fyodor Dostoevsky. Regarding modern ways of telling and writing fiction, my article focuses on the terms *subject* and *alternating perspective of the implicit narrator*, and my conclusion is that *Ettermæle* is a modern novel, given these criteria. There are also existential-philosophical elements in the novel, but it is not obvious that these aspects dominate the whole book, as the novel is rather complicated and difficult to grasp.

*Keywords:* existentialism, modernism, the subject, narrator's perspective

## Innleiing

Romanen *Ettermæle* av Olav Duun kom ut i 1932. Kritikken i samtida peika på ei mogleg endring i forfattarskapen. Fleire framheva den retrospektive strukturen. Einar Skavlan skreiv i meldinga si i Dagbladet: «Underfundig og lett, i kunstnerisk overlegen form, smelter Olav Duun detektivfortellingens teknikk sammen med Henrik Ibsens i hans ypperste dramaer: tilbakeblikket – ‘Ettermælet’ – avslører fortiden klarare og klarere for oss» (Skavlan, 1932). Skavlans melding ymtar om ei moderne form, og sidan Ibsen blir nemnd – også ein eksistensiell tematikk.

Av andre store diktarar er Fjodor Dostojevskij viktig for den unge Olav Duun. Han hadde *Raskolnikov* i sitt eige allereie i 20-årsalderen (Groven, 1994, s. 142). Me veit også at han var svært oppteken av *Brødrene Karamasov*. Han skriv om romanen: «Å seia at den boka har interessert meg rekk ikkje til. Eg tykte ho slo meg i svime, og det var ikkje von om å komma seg meir» (Thesen, 1961, s. 126). Mykje i dette verket krinsar om eit mordmysterium (kven har drepe faren?). Kanskje dette har gjeve Duun idéen om å prøve det same? Kan eit uløyst mord og den gradvise oppklaringa høve som eit grunnelement i ein roman om vilkåra for den menneskelege eksistensen? Det er innslag av Dostojevskijs eksistensialisme i *Ettermæle*, til dømes i utsegna «Men kom i hug, me er alle medskyldige i alt som hender ikring oss».

Kva handlar så *Ettermæle* om? Brynjar Bjørholt, som er sjømann, reiser tilbake til heimbygda fordi far hans er mistenkt for drap på kona si. Han vil finne ut kva som har skjedd, og snakkar med folk som gjev sine versjonar av hendingane. Til slutt får han ei slags forklaring.

Torberg Bjørholt, faren, er uskuldig og opnar seg for andre etter ein sjølvpålagd isolasjon, men døyr like etterpå. Etter kvart som den eigentlege fabelen trer fram for oss, blir ei tragisk historie synleg om korleis Arna – den som tilsynelatande er myrda – har blitt seksuelt misbrukt av fosterfaren sin, Tørris Vangdal. Ho har også fått eit barn med han og prøver å skjule fortida si overfor mannen sin. Arna er den vakre kvinna som handlingane til fleire menn krinsar rundt.

Otte Vangdal er ein annan nøkkelfigur i romanen. Han var saman med Arna då ho segna om og døydde. Han stod også bak ei viktig hending: Han losna fortøyingane til galeasen til Torberg, slik at kokken om bord drukna. Hendinga er sentral, for både Arna og Ane-Margit, venninna, var vitne til

ugjerninga. Otte ber Arna teie om det ho har sett, men degraderer seg sjølv samstundes i hennar auge. Då Ane-Margit ligg på dødsleiet, går Arna til henne kvelden ho sjølv døyr og får truleg stadfest at Ane-Margit også blei truga av Otte om å teie om udåden. Då Arna, på veg heim frå Ane-Margit, møter Otte, slår ho intuitivt til han – i alle fall ifylgje Otte. Då han kjem til seg sjølv, er Arna død. Ho fall hardt på ein stein idet ho oppdaga Torberg like ved (i referatet frå avhøyret står det ikkje noko om Arnas slag).

Otte visste også om Arnas barn. Otte er den som veit det meste og var også trulova med Arna. *Då* var situasjonen vanskeleg for dei begge. Han var fattig, og ho hadde nettopp sett bort barnet i byen. Otte seier om dette, på typisk Duun-vis: «Ja, vi hadde lett for å le, men tungt for å leva; så mykje er visst» (1961 [1932]).

## Analytiske premisser og utgangspunkt

Sjølve det litterære konseptet i *Ettermæle* aktualiserer både eksistensielle perspektiv og tankar omkring subjektet. Brynjar blir kasta inn i ei verd der han sjølv må skape ei meining. Ei sanning finst ikkje, alt er flytande, alt er i spel. Og han, som ein framand, får på sett og vis kjenne konsekvensane av eigne val. Han valde å reise ut og kjem heim som ein framand. Brynjar vel konfrontasjonen for å forstå kva som har skjedd. Magne Eide Møster har mange av dei same perspektiva og trekkjer inn Jean-Paul Sartre når han skal forklare Brynjars prosjekt. Mennesket er ifylgje Sartre ikkje berre ansvarleg for seg sjølv, i sin «isolerte individualitet», men også overfor andre (Møster, 1976, s. 144–145).

Sjølve etterforskinga kan difor sjåast på som eit metonymisk uttrykk for eit eksistensielt prosjekt. Eigenskapane ved etterforskinga minner om livet som eksistens. Gjennom denne prosessen trer mange medvit fram for oss, og desse medvita, konkretiserte i personar, uttrykkjer sjølve tankar om livet som kan minne om ein type eksistensialisme. Romanen handlar om dei mange medvita, om dei mange tolkingane, dei mange forståingane av dei same hendingane og personane.

Trass i at mykje dreiar seg om den private etterforskinga til Brynjar, har romanen ei open form som aktualiserer eksistensielle spørsmål omkring kva for vilkår sanninga har, om dei vala me gjer, og korleis medvitet vårt blir relasjonelt og ikkje individuelt. Les ein romanen med eksistensfilosofiske briller, handlar den ikkje primært om korleis menneska må kjempe mot dei velkjende duunske maktene, men om dei eksistensielle vilkåra sjølve mennesket står overfor. Som ein eksistensfilosof ville ha sagt: Me er dømde til fridom. Fridommen me har til å gjera dei vala me gjer, kostar og gjev oss angst.

Med utgangspunkt i Jean-Paul Sartres tenking vil eg reflektere over romanen med tanke på slike spørsmål. Dessutan vil eg trekkje inn eksistensfilosofiske synsmåtar til den russiske forfattaren Fjodor Dostojevskij, slik han har blitt tolka og forstått (sjå andre avsnittet i artikkelen). Eksistensialisme som filosofisk verdsåskoding er den eine hovudkategorien i analysen. Retninga kan konkretiserast ved å utforske gudsomgrepet og forståinga av omgrepa prereflektert/reflektert medvit. Og ikkje minst vil omgrepa essens og eksistens vera sentrale.

Subjektet som storleik i litterær og filosofisk forstand utgjer den andre hovudkategorien. Subjektet, med sitt medvit og sin posisjon, føyer seg naturleg inn i ei eksistensialistisk tenking (jf. Jean-Paul Sartres *Eksistensialisme er humanisme*). Likevel krev subjektet ei særleg omtale, for det er så markant og tydeleg og bevegar seg i spenningsfeltet mellom fristilling/frigjering og underkasting.

Avslutningsvis vil eg knyte nokre kommentarar til *Ettermæle* som litterær-modernistisk tekst i lys av desse to hovudkategoriane.

Eg vil argumentere for funna i teksten, ikkje ved å etablere ei teoretisk forståing av omgrepa på førehand. Analysen vil tene på at desse forståingane er inkorporerte i sjølve argumentasjonen for funna.

## Tørris som subjekt og eksistensfilosof

Eit viktig møte er mellom Tørris og Brynjar. Utsegnene til Tørris fungerer i dialogen som praktiske døme på eit syn på menneska og verda som ein kan kalle eksistensialistisk i filosofisk forstand. Subjektet Tørris er tydeleg og profilert.

Tørris er gammal, har vondt i ein fot og uttrykkjer seg svært kynisk om verda. Slik trer han fram for Brynjar: «... det var heller eit slag trollsøvn han levde i» (1961, s. 41). Subjektet er innhylla i mystikk, der også vondskapen kjem meir og meir fram. Framtoninga til Tørris skaper uvisse: «Andletet var stort og stygt; var det virkelig slik, da? Så audt og nattkaldt? Og så grugult i hamleten, som ein sjølvdauda vondskap» (same stad). Me kan leggje merke til spørsmåla som markerer ein tolkande forteljesisjon.

Det har blitt sagt at for Duun er mennesket meir og meir ei gåte i romanane frå 30-åra. Gåte er eit ord som ikkje strekk til her. La oss heller kalle det rein vondskap. Dømet viser dette til fulle. Brynjar kjenner seg verjelous og Tørris legg ut. Han har fått høyre av doktoren at han er vond: «Det er hjartet mitt si skyld: Det er *vondt!*» (same stad). Tørris har ein vond fot – ein djevelens klumpfot – som blir på sett og vis ei ikjøting av eigen vondskap. Han seier han hatar Brynjar, for han såg ein gong sin eigen son i han, derfor blir det vanskeleg å møte han no.

Tørris har ikkje ideelle førestillingar om livet og avviser også *tida* som meiningskategori gjennom dialektiske utsegner som: «Det er ikkje eg som er gjesten, det er livet som er på gjesting hos meg.» (s. 42) og «Tida går, fortel dei. Men det er vi som går. Tida blir liggande att ho, og lat henne ligge» (same stad). Det subjektive medvitet er fristilt grunnleggjande kategoriar som tid og liv, han er ikkje av denne verda, kan Brynjar tenkje der han snakkar med denne gamle mannen som rett som det er, er borte, men vaknar til live og kjem med markante utsegner.

Tørris erkjenner at det er berre han som kunne ha teke ansvar for livet sitt. Han seier ein stad at ulykke adlar mannen: «Eg har ikkje merka noko til det. Eg lyt visst adle meg sjølv, skal det bli gjort» (s. 44).

Eksistensialismen vil meine at ein alltid er «... ansvarlig for å ha gjort seg til enten det ene eller det andre i en gitt situasjon» (Olseth, 2021). Tørris tek dette ansvaret ved å uttrykkje innsikt om sin eigen vondskap. Den vonde foten, som han må «dra på», ser han på som ei straff, for i denne foten «råka dauden på ein jamlike» (s. 42) (folk seier dette, men Tørris er samd). Tørris seier dette idet han vender seg til Brynjar: «Foten her, det er ei lita straff for at eg vart snytt for deg. Snytt både for deg og mor di» (same stad). Tørris opplever det som dobbel straff, for han vedkjenner misbruket av Arna, og med henne fekk han ikkje den sonen han ynskte seg.

Brynjars jakt på den rette faren får også Tørris til å seia noko om mennesket: «Det skal vera som eit teikn for verda. Eg vil ikkje seia at du liknar nokon annan for mykje. Men du liknar deg sjølv for lite» (s. 43). Dette er eitt av mange døme på slike dialektiske utsegner, som i dette tilfelle gjev oss innsyn i bygdesamfunnet. Ryktet går fort viss ein liknar for lite på foreldra sine. Tolka i verste meining tek Tørris personlegdommen frå Brynjar, for han liknar for lite på seg sjølv. Subjektet blir utviska og gjort inautentisk. Her går han også brutalt og rett inn i dei eksistensielle vilkåra, spesielt for barn og unge som veks opp i små samfunn.

Tørris er ein hardhaus, og noko av det fyrste Brynjar kjem på då han besøker Tørris, er ei historie som går om han: «Det var ein mannskrok som ville ha ende på livet sitt, han sleppte seg ned frå raa på jakta, tenkte å detta i sjøen, men han datt innanbords og ned på harde dekket. Han slo seg stygt; men rettelig daud var han ikkje. Tørris sa til doktoren – Du lét han ikkje sleppe frå det, han skal beterde leva!» (s. 42). Tørris dømmer han til livet og til dei frie vala som er vanskelege, men som me er dømde til å kunne tole.

Tørris gjev oss fragment av sitt liv, gjennom spissa og spissfindige uttrykk, gjennom innsyn i sitt eige kjensleliv. Dette har relevans for omgrepa eksistens og essens innafor eksistensialismen. Jean Paul Sartre skriv om desse omgrepa i *Eksistensialisme er humanisme* (1964). Har ein eit teknokratisk syn på verda, går essensen føre eksistensen. Dersom ein skal lage ein papirkniv, må ein ha ei klar definert førestilling om korleis papirkniven skal gjerast og kva den skal tene til. Den praktiske handlinga kjem som resultat av ein essens. På same måte kan Gud oppfattast som ein essens, som det grunnleggjande meiningsinnhaldet i tilværet, og denne førestillinga kjem før eksistensen. Ein lever sitt liv på bakgrunn av ei førestilling om Gud (s. 7).

Tørris har neppe hatt ei ideell førestilling om livet a priori. Han har levd livet, og som gammal, saman med Brynjar, formulerer han fragmenterte essensar om livet sitt (jf. Kierkegaards berømte utsegn om at livet må forståast baklengs, men levast framlengs).

## Torberg

Torberg er bygdebokforfattar, og, som også Tørris er inne på, han skriv historier om forfedrane og gjev dei ettermæle. Ettermælet er såleis eit motiv, men utgjer også eit metanivå. Boka handlar om ettermælet til ein som skriv om ettermæla til andre.

Ettermælet er ein subjektiv konstruksjon, med ein varierende grad av sanning, alt etter auga som ser. Med termar frå eksistensialismen kan ein seia at ein skriv eit liv, og eksistens går såleis framfor essens. Torberg sjølv seier det slik: «Vi skaper lagnaden vår i vårt bilete, og andre skaper ettermælet vårt i sitt bilete» (s. 113). Men interessant er det også når den same Torberg seier: «... ber vi lagnaden vår, da kan vi bera ordet om han òg» (s. 113). Både eksistensen i form av lagnaden, og essensen i form av ordet om lagnaden, er me dømde til å tole.

«Vi er alle medskyldige i alt som hender ikring oss», seier Torberg (s. 113). Han tenkjer kollektivt, medan Sartre tek ein annan posisjon når han seier at det finst ingen moral opphavleg, det finst inga moralsk rettesnor, den må me skape sjølve (1964, s. 34). Slik med det same kan ein tenkje at tradisjonelle bygdesamfunn er døme på det stikk motsette. Nettopp tradisjonssamfunn har konvensjonar og moralske normer ein må fylgje. Sartres påstand, der han gjer moral til eit individuelt spørsmål, står i motstrid til det kollektive samhaldet som også finst i små samfunn som Duun skildrar.

Men Torberg nærmar seg likevel eksistensialismen når han seier dette om orda etter oss, ettermælet: «Kvifor er det ein heilag ting? Det er da berre eit medmenneskeverk?» (s. 113). Haldninga til menneskelivet er praktisk, nøkternt og ikkje-idealistisk.

Viss det er slik at menneskeliv blir til gjennom det mennesket gjer, slik det handlar – i tråd med eit eksistensialistisk menneskesyn – blir det *ein teier om* i forholdet mellom Arna og Torberg avgjerande for korleis dei har det. Magne Eide Møster legg i den grundige analysen sin vekt på korleis Arna svik seg sjølv når ho vel å teie om barnet (Møster, 1976, s. 103). Men Torberg reflekterer også kvifor *han* ikkje har spurt. Han seier: «Eg tykte eg tilgav henne dobbelt når eg tagde. Det hadde ho fortent, tykte eg. Slik var ho for meg. Så mykje var ho for meg, at eg måtte teia henne i hel med berre tilgiing» (s. 112–113). I dette høvet dreier det seg eigentleg om fråvær av handling, og det er destruktivt. Torberg seier vidare: «Lat oss no bli menneske att så godt vi kan [...] Å teia er ein last; eg vil venja meg av med det» (s. 113).

I det heile bruker Duun teinga som eit motiv i heile romanen. Sjødyret, som me les om innleiingsvis, varslar om motivet. Etter at Brynjar og faren har sett uhyret, vil Torberg teie om hendinga, og seier om skamma: «det ho ville dei, det fekk dei ta i mot, og teia da òg» (s. 7). Parallellen til Arna og skamma hennar, som ho også teier om, er tydeleg. Det ligg eit lokk av fortrengde tankar som dekkjer over både skamkjensle og skuldkjensle.

Teinga heng jo også saman med *Ettermæle* som forteljing ved at forteljarinstansen pirkar i den narratologiske overflata. Det ulmar og syd av sterke kjensler, som blir fortalde om gjennom bortforklaringar og halvkvedne viser. *Ettermæle* er ei oppvising i litterær tåkelegging. På dette viset står ikkje subjekta fram som idealistiske og heilstøypte, men vage og konturlause. Alt dette botnar i krefter som ikkje let seg stoppe og som er vanskelege å snakke om: Det seksuelle begjæret, sjalusi og behovet for å kontrollere andre.

Som nemnt innleiingsvis er Arna og livet hennar det som ligg mest skjult for lesaren, og inntrykket som blir skapt av henne er summen av korleis andre tolkar alle dei einskildepisodane der Arna er sentrum i handlinga. Forteljegrepet gjer Arna både vag og uklar, og hennar særskilte lagnad kan seiast å vera prisgjeve andre. Andre vel retninga ho går i livet, og slik sett er ho ein ufri figur, som ikkje greier å bryte gjennom den sosiale overflata slik at ho kan puste fritt og ta egne val.

## Gudsomgrepet og dei gode gjerningane

Jean-Paul Sartre seier at mennesket blir verkeleg når det ikkje vender seg innover mot seg sjølv, «men ved alltid å søke utenfor seg selv et mål som er en frigjøring, en virkeliggjørelse av en bestemt plan» (s. 41). Sartre seier så dette om kva eksistensialisme er: «Eksistensialisme er ikke annet enn et forsøk på å trekke alle konsekvenser av en klart sammenhengende ateistisk holdning» (s. 41). Korleis høver denne utsegna på Duun-universet? Duun-biografen Heming Gujord skriv at i *Ettermæle* skriv Duun om det skjulte bygdelivet (2007, s. 393). Skuldingar, kjærleikslengsel, svik, teiing, overgrep – i alt dette blir førestillinga om Gud vag. Gujord skriv også at diktaren, trass i at han var sosialisert inn i ei kristen tru, enda opp i nihilismen, og dette forløyste han

som kunstnar, etter alt å døme (2007, s. 46). Frå nihilismen kan også vegen gå til eksistensialismen.

Men Gud er ikkje død i romanen. Nevøen til Tørris, Otte, har ein tanke om det som *var* – før ugjeringa hans som førte til at ein person drukna og då han var saman med Arna: «Det var Vårherre som styrte verda for oss den tida, ja» (s. 89). Men Duun kommenterer sjølvsagt ei slik utsegn: «Ho gjekk ikkje stort skeivare da enn no» (s. 89). Altså: Verda blir i alle fall ikkje verre viss Gud styrer, men heller ikkje betre. Menneske skaper verda, verda blir slik menneska gjer den til. Likevel gjev ikkje *Ettermæle* uttrykk for ei ateistisk haldning. Heller er dikotomien Gud/ikkje Gud meir relevant.

Torberg blir mistenkt for drapet, og er drapsmannen i folks auge, om han ikkje blir dømd. I denne stunda idealiserer han ettermælet til kona i så stor grad ein kan bli overraska, og det er ein original narratologisk vri. Torberg seier ikkje han er uskuldig. Han står såleis att som den usle og vonde, og Arna får eit vakkert ettermæle. Dessutan visste han, men ikkje politiet, at Otte hadde vore i nærleiken då Arna døydde, men Torberg vil ikkje skjemme bort namnet til Arna ved berre å nemne Otte. Dette er den store idealistiske gjeringa i romanen. Den er oppofrande inntil det sjølvutslettande. Men dette er ikkje sanninga om Arnas død.

Torbergs handlemåte skin sterkt i ein roman som elles har mørke over- og undertonar. Det er som Duun viser oss kva som er mogeleg for eit menneske. Dostojevskijs eksistensialisme er nærliggande. Peter Normann Waage legg vekt på korleis Dostojevskijs opphald i tukthuset skapte eit menneskesyn der «mennesket som timelig og ferdig skapning er henvist til det onde. Det er menneskets frihetsmulighet som gir det dets storhet og forvandlingskraft» (Waage, 2002, s. 312). Fridommen til mennesket går *utover* det rasjonelle og det som har å gjera med fornuft.

Den russiske filosofen Nikolaj Berjajev skriv dette om gudstrua til Dostojevskij: «Det ondes eksistens er et bevis på Guds eksistens. Hvis verden ene og alene besto av godhet og rettferdighet, ville det ikke være nødvendig med Gud, da ville verden selv være Gud. Gud er fordi det onde er. Og det betyr at Gud er fordi friheten er» (sitert i Waage, 2002, s. 315). Dostojevskijs eksistensialisme, med si gudstru, kan setje den gode gjeringa til Torberg i perspektiv. Torberg er i ein pressa situasjon, og såleis blir hans godheit uendeleg sterk. Torbergs handling uttrykkjer ein fridom og viser at Gud er til.

Desse spørsmåla finn ein tematisert i *Brødrene Karamasov*, der Ivan, den eine av brørne, er den radikale og den rasjonelle, med mistillit til Guds eksistens i ei tid der samfunnet treng sosiale endringar. Han spør seg korleis Gud kan vera til når det finst så mykje lidning. Mot dette står broren Aljosja og ikkje minst læremeisteren hans, staretsen Sosima, som formidlar ei sterk tru på kjærleikens makt. Det er nettopp av kjærleik til Arna at Torberg vil redde ettermælet hennar.

## Medvitet og subjektet, og gode og vonde handlingar

Torberg, som leitar etter Arna dødnatta, ser henne saman med Otte, og då Arna ser mannen sin, skjer det fatale. Ho dett, slår seg på ein stein og dør. Men kvifor går Torberg?

Sartre opererer med nemningane prereflektert og reflektert medvit, ifylgje Dag Østerberg (1993, s. 18). I ein slik augeblink er Torberg sjølvsgt ikkje reflektert og styrt av ein vilje, men handlar i affekt, og er pre-reflektert. Østerberg skriv at det pre-reflekterte medvitet hjå Sartre er «en stilltiende bevissthet som vet om seg selv uten å gjøre seg selv til gjenstand for ettertanke» (s. 18). Den viljestyrte handlinga er ifylgje Sartre ufri, for den bind seg medvite opp mot ei handling, at noko skal skje. Det pre-reflekterte, derimot, er eit uttrykk for vår fridom, seier Sartre og Østerberg, «den ubetingede friheten er ureflektert» (s. 19). Difor er Torbergs handling eigentleg eit uttrykk for fridommen hans, viss me skal støtte oss på Sartre. Dei kjenslestyrte handlingane våre gjer oss frie. Mennesket er ei gåte, som sagt, og denne situasjonen viser dette til fulle.

Torberg vik unna, han greier ikkje snakke med kona si om fortida hennar og er unnvikande i høve til kva som skjedde kvelden kona døydde. Kanskje Østerbergs ord om Sartre kan få oss til å forstå. Medvitet vårt er eigentleg utan grunngeving, og det er ikkje noko som grunnjev våre val: «Denne grunnløshet gjør at bevisstheten er kontingent – den er utan enhver begrunnelse, samtidig som den er seg bevisst dette og tar det innover seg. Å være menneske er å leve uten begrunnelse, og være den som gjennom sin frihet lar verden tre fram på denne og denne måten» (s. 21). Å vera menneske er å vera medviten om at fridommen ligg i å *ikkje* søkje etter grunngevingar for dei vala ein gjer.

Ei handling som aktualiserer dette, og som fleire pratar om, er som nemnt då Otte – viser det seg – losnar båten til Torberg under ein storm og kokken om bord druknar. Kvifor handlar Otte som han gjer? Han sjølv seier:

Det var berre eit gapstykke av meg. Eg vart så brennhuga, ser du, på å spenne til denne fordømte trossa, sparke oppunder lykkja på henne med det same ho slakka [...] Og der stod eg og såg på som den fånen eg er. Kva seier du til det? Småutfakter? Javel; ein kunne mest tru ein vart orsaka med det [...] Eg gjorde gjerninga; men eg kan ikkje svara for ho. (s. 73)

Den mest openberre forklaringa er sjalusi. Otte har mist Arna, og som hemn driv galeasen til Torberg på sjøen. Men Otte bortforklarer og tåkelegg hendinga heile tida.

Otte er ein som opphøgjer seg til gud, ifylgje Eide Møster – og nok ein gong dukkar ein variant av eit gudsomgrep opp – og i samband med dette trekkjer han inn Albert Camus, som formulerer to forklaringar på det vonde: «enten er vi ikke frie, og så er den almægtige Gud ansvarlig for det onde. Eller også er vi frie og ansvarlige, men så er Gud ikke almægtig» (sitert i Møster, 1976, s. 113). Otte sjølv er utifrå Camus' resonnement fri, for «han opphøgjer seg sjølv til guddom, og kan såleis dømme om vondt og godt» (Møster, 1976, s. 112). Otte karakteriserer seg sjølv slik etter at han hadde mist Arna til Torberg. Orda er sterke om kjærleikens makt og korleis denne slår ned i han: «Eg stod høgt over sanninga og retten den gongen, ja, – lik ein guddom tykte eg, som skaper og stryk ut alt etter som det lystar han. Eg strauk ut eit farty og ein kokk. Eg strauk ut'n Torberg Bjørholt i same vaset. Eg hadde fått rett til det, eg var som ein nasjon i nøda, skal eg seia deg» (s. 90).

Det vonde i Ottes karakter aktualiserer det vondes problem innafor det eksistensialistiske tankesystemet. Viss ein legg Dostojevskij til grunn, er det gode fråvær av det vonde (jf. Berjajev). Det vonde er regelen, det gode unn-taket, sett på spissen. Filosofen Einar Øverenget skriv om den tyske filosofen Hannah Arendt, som også legg vekt på korleis begjær og dei nedfelte driftene i oss kan vera vonde. Mennesket er fanga i sin eigen biologi, og det einaste som kan verne det mot denne, er det *menneskeskapte* og meir sivilisasjonsbyggjande verksemd (Øverenget, 2001, s. 55).

*Ettermæle* er såleis ein roman om det frie spelet til driftene, som er vonde, og for å demme opp mot dette må det finnast noko som er menneskeskapt. Difor blir Torberg igjen ein sentral figur med sin dokumentasjon av livet i bygda gjennom skrift, og den idealistiske tilståinga som byggjer på ein idé, meir enn biologiske drifter.

## Subjektet og litterær modernisme

Innafor modernismeforskninga diskuterer ein også fenomenet subjektivitet. Posisjonane pendlar mellom ei fristilling av subjektet og ei avsubjektivisering. Hamsuns modernistiske romanar fristiller subjektet, medan ein så framstående litterær figur som T. S. Eliot står for ei depersonalisering, som ei motvekt mot den inderlege og romantiske kunstkjensla. Sissel Furuseth trekkjer på sett og vis ein konklusjon her. Individualismen er eit særkjenne ved begge posisjonane (Brumo & Furuseth, 2005, s. 26), og med det kan ein hevde at dette gjeld også for modernismen i det heile. Men forklaringa er, ikkje overraskande, ikkje fullgod.

Ein vekslende forteljarposisjon, med veksling mellom tilnærming og distanse, mellom sympati og antipati, overfor dei personane ein fortel om, lyfter Jakob Lothe fram som eit kriterium på ei modernistisk forteljarhaldning (Lothe, 2003, s. 37). Lothes kriterium let seg overføre på romanen, for det impliserer eit glidande forteljande subjekt som av og til er tett på hendingane, andre gonger formidlar det indirekte ekkoet frå folkesnakket – dette er eit stilistisk særkjenne ved Duun – og andre gonger må det tolke det som blir sagt.

Romanen *Ettermæle* syner oss markante subjekt, men dei kan neppe seiast å vera heilt fristilte. Trass i sterk vilje og heftige lidenskarpar er dei bundne av dei normene som gjeld. Men samstundes prøver fleire å bryte ut av dei kollektive krava. Tørris-figuren viser oss det heilt fristilte subjektet, medan offeret hans, Arna, er den som må underkaste seg mest og får utfalde seg som subjekt i avgrensa grad. Torberg er òg på sin måte fristilt i eigenskap av å vera bygdekronikør, og med det har han òg ein avstand til kollektivet. Men samstundes forsterkar han dei kulturelle normene som finst frå før. Otte er òg langt på veg eit fristilt subjekt, som byggjer mykje av livet sitt på

hemmeleghald og løynde avtalar. Han er fri i høve til normer, men er ikkje nødvendigvis eit fritt subjekt.

Det sterke sjølvmedvitet forsterkar den individuelle dimensjonen i *Ettermæle*. Personane granskar seg sjølve, og det er ikkje alltid at dei kjem ut på pluss-sida. Dette gjer òg at teksten svingar mellom det autentiske og inautentiske, mellom ei skildring av det ein er og gjer, og ein refleksjon over kvifor ein er slik ein er og handlar slik ein gjer.

Det prereflekterte medvitet tyder fridom i eksistensiell tyding, medan det sterke sjølvmedvitet knyter sterke band til individualismen. Dermed er ikkje vegen lang til den litterære modernismen. Modernisme og eksistensialisme byggjer på dei same premissane i den forstand at ein nullstiller omverda med tanke på tradisjonar og konvensjonar. Igjen er me tilbake til spørsmålet om romanen er modernistisk. Hans H. Skei skriv at Duun prøver ut ein modernistisk skrivemåte ved å la fleire personar fortelje om dei same hendingane. Og det er her menneska kjem til kort, slik Skei les Duun: «– vi er alle framande, i verda, for kvarandre, i vår eiga einsemd også om vi lever fullverdige liv med andre» (Skei, 2006, s. 191). Men Skei understrekar: «Utan at Duun på noko tidspunkt blei moderne og slettest ikkje nokon modernistisk forfattar, er det fleire formelle eksperiment mot slutten av forfattarskapen» (s. 190–191).

På bakgrunn av desse synspunkta, og ut frå omgrepsbruken vår, gjev det meining å hevde at dei såkalla pre-reflekterte og reflekterte medvita, eller subjekta, er genuint individualistiske og gjer menneska framande for kvarandre.

Kanskje den viktigaste personen, som alle snakkar om, kjem knapt til orde i det heile, bortsett frå i eit brev. Det at lesaren må førestille seg Arna er eit litterært grep, og gjennom henne får ein nøste opp mange trådar som vitnar om overgrep og undertrykking. Me les om mange eksistensar, men Arna som litterært subjekt får liv i romanen gjennom vår forestillingsevne. Trass i ein heller desillusjonert rasjonalisme i romanen, er Arna likevel einstyddande med krafta i kjærleiken (sjå elles s. 215 og s. 218).

## Den litterære teksten og eksistensialismen

Erik Bjerck Hagen skriv at *Ettermæle* er ein modernistisk roman, men at den er for udramatisk i sin kjerne (2007, s. 28). Påstanden kan ha mykje for seg (den blei ytra i ein artikkel der han drøftar *Juvikfolke* som eit kanonisert verk, og der han slår eit slag for *Ettermæle* i vår «relativt duunglemske tid»). Det som fylgjer, vil kanskje kaste lys over påstanden om den «udramatiske» kjernen.

På same vis som livet i alle sine fasettar ikkje let seg forstå fullt ut, er også *Ettermæle* ein romantekst som heile tida unndreg seg ei heilskapleg forståing. Den punkterer stadig sine eigne freistnader på å byggje opp ei forståing av eit heilskapleg litterært verk. Ein byggjer opp forventingar, men dei blir brotne ned i større eller mindre grad.

Særleg innafor litteraturdidaktikken er det nærmast ei usvikeleg tru på krafta i fiksjonen, anten det no er den dannande evna litteratur har (Martha Nussbaum), eller den estetiske opplevinga og lesinga som særleg skjønnlitteraturen kan gje oss (Louise Rosenblatt). Narratologien vil òg langt på veg legitimere seg som undersøkande tekstmetode ved å byggje på ein urverkmetafor, i slekt med strukturalismen, der delane er avhengige av kvarandre for at strukturen så å seia held seg oppe og er verksam.

I *Ettermæle* ville det gje meining å gå bak alle forteljarane for å søkje ein versjon av sanninga, og korleis desse ulike versjonane til saman kan skape ei meining. Hallvard Kjelen konkluderer slik når han skriv om *Ettermæle* som forteljande tekst og tolkingsspørsmåla: «Romanen ser ut til å gje oss eit negativt svar på sjølve erkjenningas problem. Sanninga med stor S. er ikkje tilgjengeleg for oss» (Kjelen, 2010, s. 37). Med dette utsegna er me tilbake til ei eksistensiell tenking omkring den svært så relative karakteren til sanninga. Nærmast banalt opplagt kan ein òg knyte dette til teiemotivet (sjå ovanfor).

Romanen driv eit spel med lesaren, som ofte kan bli skuffa, forvirra eller undrande. Hans Ulrich Gumbrecht er oppteken av nærværet og det som ikkje nødvendigvis let seg tolke (2004). Ein kan såleis hevde, til dømes: Gjev ikkje Tørris' historie meining nok i seg sjølv? Må denne meininga overførast til noko høgare, meir allment? Gumbrecht bruker uttrykk som «production of presence» og «what meaning cannot convey». Meininga er meining nok, nærværet til, til dømes, Tørris då han fortel, er viktigare enn å overføre meininga til noko anna, noko større, noko allment og tidlaust. Erik Bjerck Hagen seier dette om fortolking: «Litterære tekster gis kompleksitet nok ved at vi

anerkjenner at de er sanselig mangfoldige overflater som ikke endelig kan uttømmes i parafrase og fortolkning, og som oppleves eller erfares fra sekund til sekund i en leseakt» (2010, s. 175).

Duun inviterer egentleg lesaren med på ei overflatelesing av eigen romantekst: Brynjar skal etterforske eit mord og løyse opp i skjulte og mørke sider ved bygdelivet, men får ei mindre rolle i høve til alle dei lange historiene til dei ulike menneska. Og mordet, som lesaren ventar ei oppklaring på, er mildt sagt eit antiklimaks. Ei sentral forklaring er at Arna dett på ein stein og blir medvitslaus – dramatisk nok for den det gjeld, men ikkje for lesaren. Ottes forklaring på at han slepper båten laus, har han heller inga rasjonell forklaring på. Dette er ingen metafysisk irrasjonalitet, men summen av tilfeldige handlingsforlaup og sterke kjensler.

Då Torberg endeleg byrjar å snakke, blir me snytte for sanninga om samlivet mellom han og Arna. Han døyr og tek løyndommar med seg i grava.

Mykje av fortida som blir rulla opp, får me greie på, men mykje er òg uavklart. Sanninga glepp frå oss, akkurat som livet. *Ettermæle* er ei samling med livshistorier og forteljingar, med overlappande tekstelement, slik livet sjølv er. I tittelen *Ettermæle* ligg kanskje hunden nedgraven. *Ettermæle*, som fenomen, handlar om det som skjer etterpå, på så mange nivå. *Ettermæle* har ikkje å gjera med her-og-no, men det som vil koma til å skje.

Men det ligg òg eit språkleg poeng her, knytt til Duuns eigen skriftnormal. Han bruker «-e» som bestemmande bøyingsmorfem i inkjekjønnsord, derfor er det uvisst om Duun har meint at romantittelen er i bestemt eller ubestemt form, det vil seia ei allmenn eller spesifikk tyding. Lese med litt vrang vilje kan ein seia at Olav Duun tåkelegg form og tematikk allereie i tittelen.

Duuns roman er så mangfaldig at ein kan tenkje seg minst tre relevante tolkingsposisjonar. Ein prøver å lesa den som ein litterær heilskap, men opplever boka som fragmentarisk og som ein sum av mange meinings- og forteljingsbrokkar. Eller ein kan ta Brynjars perspektiv og gå som lesar inn i verda hans. Romanen inviterer oss inn i fiksjonen som etterforskarar saman med Brynjar, men det er berre tilsynelatande. Forteljeperspektivet er i høgste grad glidande. Hallvard Kjelen skriv at forteljaren er «noko utydeleg» (2010, s. 37).

Den tredje posisjonen – som gjeld i denne framstillinga – er å trekkje ut eit innhald som presumptivt er farga av filosofisk eksistensialisme og dei tankane omkring subjektet og medvitet som høyrer til, noko som igjen kan kaste lys over forteljinga som forteljing.

To bipersonar nyanserer endå meir ein noko utflytande tematikk og dreiar merksemda i to retningar. Mattias er den tilsynelatande «galne» og sinnsforvirra, der åtferda alluderer til spelaren, narren, som har innsikt, men som filtrerer alt han tenkjer gjennom narrens blikk. Han forsterkar spelkarakteren i fiksjonen. Men Brynjar oppfattar òg Mattias som klok: «Der var noko i den smilen, som fekk Brynjar til å saktne på gonga. Jamvel den vismannen hadde det vondt» (sitert i Møster, 1976, s. 160).

Turid er syster til Brynjar, og ho er òg noko vagt teikna litterært. Men på slutten gjev forteljaren oss glimt av håp for henne, trass i sjukdommen. Kjærasten vil vente på ho når ho er borte for å få behandling, og heilt til slutt reiser Turid bort saman med Brynjar. Ein skal vera varsam med å leggje altfor mykje symbolikk i dette, på bakgrunn av karakteren til framstillinga, men i rekka av mange einskildhendingar er i alle fall dette den siste hendinga som lesaren opplever.

Her er det altså små motiviske glimt av framtidsvon, godheit og kjærleik, men galskapen fylgjer òg med på lasset. Posisjonane er mange og sprikande. Likevel er summen eit menneskeliv – gjetordet, ryktet, omdømmet, ettermålet.

## Konklusjon

Om romanen *Ettermæle* er ein eksistensfilosofisk roman, er ein stor diskusjon. Men det er tydeleg at både form og innhald inneheld mange element som peikar i den retninga. Gjennom innsikt formidla av Sartre og Dostojevskij kan ein forklare hendingar og handlingar. Filosofien gjev oss ikkje målbare svar, men den kan antyde og skissere ei mogeleg og sannsynleg forklaring. Filosofien kjem med framlegg til tenkemåtar som kan hjelpe oss til å forstå handlingar. Og i nokre høve er det slik, har me sett, at Duuns tekst òg gjev klare praktiske og konkrete døme, i form av hendingar og personar, på eksistensfilosofiske poeng.

Den døyande gretne Tørris står fram som både ei eksistensiell urkraft og eksistensfilosof, medan Torberg er ein danna og polert versjon av den same Tørris. Aforisme-preget i Duuns litterære språk er jo òg i seg sjølv retta mot allmenne og filosofiske problemstillingar.

I alt som gjer romanen vanskeleg å gripe, å fatte, er det òg ein tematisk kjerne. Me kan konstruere førestillingar om eit samliv bygd på sterk kjærleik (jf. Grethe Fatima Syéd om Duun som kjærleikens diktar (2015)).

Dessutan ligg det ein modernismediskusjon latent i romanen, der truleg framandgjeringsaspektet er det viktigaste på temaplanet. Men formelle trekk, som eit vekslande forteljeperspektiv og ei framstilling av sterke subjekt som meiner mykje om eksistensen, er viktige trekk som gjer at *Ettermæle* minner om ein modernistisk tekst.

Historia er òg svært filmatisk, for den ytre narratologiske ramma er oversynleg, med tanke på tid og stad, i tillegg til det opplagde krimelementet. Det er ikkje så vanskeleg å sjå for seg historia som ein mini-serie på Netflix. Likevel gjer kanskje Duun seg best som bok, sjølv om *Ettermæle* blei dramatisert både for scene og for NRK Radio i samband med 100-års-jubileet i 1976. *Medmenneske* har blitt ført opp på Det Norske Teatret fleire gonger, og også dramatisert av NRK Fjernsynsteateret i 1981.

Rolv Thesen, som redigerte skuleutgåva i 1961, skriv om romanen i etterordet (og ein kan merkje seg at desse orda var retta mot skule-eleven i 1961, truleg gymnasiasten). Dette sitatet er litteraturdidaktikk, norskfaghistorie og ein smule eksistensialisme i vakker sameining:

Her er menneskelivet, det ufattelige, motsetningsrike menneskeliv, skildra i stort perspektiv, av ein diktar som hadde sett uretten, men òg den lidingsfylte venleiken i det. (s. 127)

Likevel botnar utsegna i eit svært idealistisk litteratursyn.

Synspunkta i denne artikkelen er ein freistnad på å trekkje fram andre aspekt som fortel oss at *Ettermæle* er ein moderne litterær tekst – av det 20. hundreåret, ein tekst om det moderne subjektet som lever i ei tid der sanningane er relative og uvisse. Dermed blir tematikken flytande og den litterære forma open. *Ettermæle* er i ein historisk-biografisk kontekst ein roman der forfattaren Olav Duun underlegg fenomena og tilværet ein tvil og ei uvisse som ikkje har vore så tydeleg før i diktinga hans.

## Referansar

- Brumo, J. & Furuseth, S. (2005). *Norsk litterær modernisme* (s. 13–33). Fagbokforlaget.
- Duun, O. (1961 [1932]). *Ettermæle* (2. utg.). Olaf Norlis Forlag.
- Groven, L. (1994). Den samme Dostojevskij? Litt om Duuns og Hamsuns forhold til den store slavaren. *Norsk litterær årbok* (s.138–144).
- Gujord, H. (2007). *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Aschehoug.
- Gumbrecht, H. U. (2004). *Production of Presence. What Meaning Cannot Convey*. Stanford University Press.
- Hagen, E. B. (2007). Olav Duun. (1876–1939). I E. Bjerck Hagen & P. Aaslestad (red.) *Den norske litterære kanon 1900–1960* (s. 15–29). Aschehoug.
- Hagen, E. B. (2010). Anniken Greve: *Litteraturens meddelelse: En litteraturvitenskaplig tolkingsmetodikk i teoretisk, praktisk og skeptisk lys*. *Edda* 97(2), s. 172–182.
- Kjelen, H. (2010). Forteljing og fortolking i *Ettermæle*. *Bøygen* 22(1), s. 36–44.
- Lothe, J. (2003). *Fiksjon og film. Narrativ teori og analyse*. Universitetsforlaget.
- Møster, M. E. (1976). *Orda og menneskelivet. Ein analyse av Olav Duuns «Ettermæle»*. Tanum-Norli.
- Olseth, T. (2021). Eksistensialisme. [snl.no](http://snl.no)
- Sartre, J.-P. (1964). *Eksistensialisme er humanisme*. Cappelens Forlag.
- Skavlan, E. (1932, 9. november). Olav Duun. *Dagbladet*, s. 3.
- Skei, H. H. (2006). Olav Duuns ettermæle. I P. T. Andersen (red.) *Lesing og eksistens. Festskrift til Otto Hageberg på 70-årsdagen* (s. 190–199). Gyldendal.
- Syéd, G. F. (2015). *Olav Duun. Kunsten, døden og kjærlighetens dikter*. Vidarforlaget.
- Thesen, R. (1961). Etterord i *Ettermæle* (s. 125–127). Olaf Norlis Forlag.
- Waage, P. N. (2002). Fjodor M. Dostojevskij. I T. Berg Eriksen (red.) *Vestens tenkere* (s. 309–319). De Norske Bokklubbene.
- Østerberg, D. (1993). *Jean-Paul Sartre: filosofi, kunst, politikk, privatliv*. Gyldendal.
- Øverenget, E. (2001). *Hannah Arendt*. Universitetsforlaget.

Gujord, H. H. (2026). Kva kan vi lære av Odin? I G. F. Syéd & H. Kjelen (red.), *Olav Duun. Menneske og natur* (s. 229–252). Fagbokforlaget. <https://doi.org/10.55669/oa721011>

Kapittel 11

## Kva kan vi lære av Odin?

Heming H. Gujord

**Samandrag:** Artikkelen utforskar korleis historiske endringsprosessar kjem til syne i Olav Duuns hovudverk *Juvikfolke* (1918–1923), og kva vi hundre år etter at verket kom ut kan lære av hovudpersonen Odin. I denne tilnærminga får litteraturen status som ei *medverd* eller *modell for samfunnet*. Lesaren er ikkje sjølv del av medverda. Slik får litteraturen eit særleg erkjenningspotensial fordi dei aktuelle fortolkingane ikkje kjem i strid med lesarens eigne interesser i kvardags- og yrkesliv. Artikkelen viser korleis ein sterk tradisjon i Duun-forskinga tangerer mystikken, men plasserer seg sjølv i ein rasjonalistisk tradisjon. Ut frå ei sameining av litteraturdidaktiske og historiedidaktiske grunnposisjonar fører analysen fram til fire læresetningar som kan lesast ut av dialogen mellom *Juvikfolke* og relevante historiske erfaringar.

**Nøkkelord:** Olav Duun, *Juvikfolke*, litteratur og erkjening, litteraturdidaktikk, historiedidaktikk

**Abstract:** The paper explores how historical processes of change emerge in Olav Duun's principal work, *Juvikfolke* (*The people of Juvik*, 1918–1923), and what we can learn from the main character, Odin, a hundred years after the publication. In this approach, literature gains status as a *proxy world* or a *model of society*. The reader is not part of this proxy world. Hence, literature offers a certain potential for understanding and cognition because the actual interpretations do not interfere with the reader's interests in everyday and working life. The paper explores how a strong tradition within the Duun scholarship intersects with mysticism, yet remains distinct within the tradition of rational approaches. By a combination of didactical approaches from literature and history, the analysis extracts four maxims which can be deduced from the dialogue between *Juvikfolke* and relevant historical experiences.

**Keywords:** Olav Duun, *Juvikfolke*, literature and cognition, didactics of literature, didactics of history

## Innleiing

Kan vi lære av litteraturen? Og kan vi lære av historia? Dette er store spørsmål som først inviterer til enkle svar. Det er freistande å svare eit fort «ja» og så berre gå vidare. I ein artikkel er det heller ikkje mogleg å gi utfyllande teoretiske svar. Men her finst litteraturforskarar som insisterer på at vi *kan* lære av litteraturen. Toril Moi (2019, s. 27f.; jf. Gujord, 2020) forankrar sine tilnærmingar i Wittgenstein, Cavell og daglegspråksfilosofi og insisterer på at vi kan tolke litterære karakterar som vanlege menneske. Martha Nussbaum (2016) argumenterer filosofisk for at litteraturen kan fremme empati og dermed læring gjennom kjensler.

Mi tilnærming er forankra i den filologiske tradisjonen og er i mindre grad teoretisk. I filologisk tekstgransking har det tvers igjennom litteraturvitskapens paradigmestridar vore legitimt å sjå litteratur og historie i lys av kvarandre. Så konkret som mogleg vil eg vise korleis vi kan lære av litteratur og historie i dialog. Eg vil føre drøftinga fram til fire læresetningar om kva vi kan lære av hovudpersonen i dei tre siste bøkene i *Juvikfolke*, Odin Setran. Eg vil også vise korleis litteratur- og historiefaget har hatt samsvarande didaktiske ambisjonar.

I ei tid der både litteraturfaget og historiefaget har vore sett under press som skulefag, kan det vere meiningsfylt å sjå dei i samanheng. Norskfaget har blitt styrkt i tydinga kompetansefag med vekt på lesing, skriving og literacy, men det har hatt konsekvensar for litteraturen (Røskeland, 2014). Overraskande for mange føreslo dåverande kunnskapsminister Guri Melby (V) i 2021 å erstatte historie som eige skulefag med eit meir kompetanseorientert «framtidsfag». Bakgrunnen var framlegget til den såkalla «Fullføringsreformen» i skulen der det gjennomgåande målet er å gjere opplæringa «relevant og fremtidsrettet» (Meld. St. 21 (2020–2021), s. 11). Etter unison kritikk slo Melby retrett (Mejbo, 2021), men poenget står seg. Der litteratur og historie i nasjonsbyggingas tid sto saman som grunnpilarar i skulen, er begge faga no sett under press. Min tese er at det også i globaliseringas tid gir mening å sjå litteratur og historie i samanheng. Då opnar det seg eit rom der litteraturen og historia til saman kan gi oss *meir enn* lesekunne, metakognisjon og literacy.

## Kvifor Odin?

Kvifor då nettopp Odin frå Duuns *Juvikfolke* i ei slik samanstilling? Dei seks bøkene om *Juvikfolke* kom ut frå 1918 til 1923 i tida etter den første verdskrigen. I *Juvikfolke* spenner Duun opp eit lerret som famnar om historia frå halvmytisk gammaltid til konfliktfylt samtid. Handlinga i dei tre siste banda er konsentrert omkring Odin. Dei konfliktane som Odin møter, er vovne saman med konfliktane i samtida. Dette er då grunnen til at vi kan lære noko av Odin. Vår eiga plassering i historia gir oss dessutan eit heilt anna utsiktspunkt enn både Duun og Odin. Det er ikkje det at vi er klokare enn menneska på Duuns tid. Men vi kan sjå Odins val i lys av den vidare gangen i historia.

Om ei slik undersøking skal vere mogleg, må vi først lage ei skisse av tida då *Juvikfolke* kom ut. Mellom oss og tidspunktet for utgivinga ligg det rundt rekna 100 år. Tida etter den første verdskrigen var prega av store konflikhtar. For å nå inn til desse konfliktlinjene, vil eg bruke Trond Hegna (1898–1992) som tidsvitne. I 1918 var Hegna tjue år og nordiskstudent ved Det Kongelige Frederiks Universitet i Kristiania. I sjølvbiografien sin fortel han om korleis ein av førelesarane hans, professor Gerhard Gran, kom inn i auditoriet. Det var i november 1918, og hendingane utanfor auditoriet trengde seg på:

Professor Gran begynte sin forelesning omtrent slik:

«Det vi lesar om i avisene i dag, gjør det nesten ikke mulig å samle tankene om slike ting som vi skulle beskjeftige oss med.»

Den tyske keiser hadde flyktet. Også tidligere hadde noe liknende skjedd i det østerriksk-ungarske keiserdømmet. Men fra øst, hvor tsarens herredømme var styrtet allerede året før, lød nå stadig sterkere verdensrevolusjonens tennende paroler, fremført med glød og begeistring av Lenin, Trotskij og de andre bolsjeviker (Hegna, 1983, s. 33)

Den første verdskrigen var altså slutt. Vestmaktene hadde sigra, og det tyske keisarriket var historie. Kva ville komme etter dette? Kva ville skje i Russland? Det kunne ingen i auditoriet vite, men professor Gran fanga opp at dette var viktig. Student Hegna fanga opp budskapet. Seinare skulle Hegna bli sentral

i den radikale krinsen omkring Erling Falk og tidsskriftet *Mot Dag*. Som vi etter kvart vil sjå, kom Hegna også til å lese *Juvikfolke* i lys av konfliktane i samtida.

Då eg skreiv doktorgradsavhandlinga *Juviking og medmenneske* først på 2000-talet, hadde eg i grove trekk den same innfallsvinkelen som eg har no. Eg tok også til orde for ei «rehistorisering av litteraturforskinga» (Gujord, 2004, s. 296). I løpet av dei tjue åra som har gått sidan, har eg blitt meir merksam på dei harde konfliktane i tida då *Juvikfolke* kom ut. Samstundes har konfliktane hardna til i vår eiga tid. Vi lever i eit kunnskapssamfunn, men kunnskapen har ikkje løyst samfunnskonfliktane. Her finst dagar då eg sjølv kan komme inn i auditoriet og kjenne trong til å seie som Gerhard Gran: I dag er det nesten ikkje mogleg å samle tankane om pensumlitteratur og læringsutbytte. Slik var det til dømes i januar 2025, då Donald Trump for andre gong tok over som president i USA. Polariseringa i USA fekk meg til å tenkje på kva Otte Setran, far til Odin, hadde å seie etter at han hadde vore i Amerika. No må vi sjå til å snu verda, meinte Otte:

Elles bli det krig og Amerika kor vi så gjer av oss [...] Du trampar meg ned, og han deg, og slik heile vegen. Ein får til å vægje for motmannen sin. Ein får til å snu verda, som sagt! (6, s. 57)<sup>1</sup>

«Å vægje for motmannen sin», det vil seie noko slikt som å *gi etter for* eller *vike for* motmannen. Det er den tyske rettsfilosofen Carl Schmitt og hans fundamentale skille mellom *venn og fiende* på vranga (Slagstad 2019, s. 46f.).

No er det slett ikkje gitt at Otte Setrans livsfilosofi gir svaret for korleis vi kan løyse krisene i daglegliv og politikk hundre år etter at *Juvikfolke* kom ut. Men det var dette Otte hadde sett i Amerika. «Hardt imot hardt, har de hørt det ordet?» (6, s. 56). Dette prinsippet er det altså verda må snu seg vekk ifrå, og Otte heimfestar problemet til ein mentalitet han har møtt i Amerika. Og sjølv om Otte Setran berre levde eit liv mellom to permar i bøker av Olav Duun, lever vi i den same verda, berre godt og vel hundre år seinare. Denne verda er prega av klimakrise, krig og polarisering. Når vi no går inn for å undersøke kva vi kan lære av litteraturen, skal vi ha orda til Otte Setran i mente.

---

<sup>1</sup> Eg viser til Olav Duuns *Skrifter i samling* 1–12 (Duun, 1995–96). I løpande tekst viser eg til bandnummer og sidetal.

## Når samfunnet endrar seg

I romanen *Tre venner* frå 1914 ser vi eit eksempel på korleis samfunnsendingane kjem til syne. Karane har gjort eit notsteng. Og han Gammel-Ola Leinland er lite glad for det han ser:

Det stod ikkje til å få han til å gå i silda inni båten. He-he! murra han når han såg kor dei vadde seg fram i sild til langt oppå lår: Var ikkje silda guds gaver det da, som all annan mat? Han gigla og gjekk etter vaterbordet på listerbåten. Edvin sa det med han fleire gonger at dette skulle han akte seg for. Han kremta berre. (3, s. 30)

Det går som det må gå. Gammel-Ola ramlar i sjøen, frys seg sjuk og dør. Men han reagerte altså på instinkt mot korleis dei andre behandla silda. Sjølv nekta han å vade gjennom dei levande skapningane. Det har komme inn ein mål-middel rasjonalitet som skaper avstand mellom menneska og naturen. Gammel-Ola nektar å tilpasse seg det nye tankesettet. Han dør som ein direkte konsekvens av at han viser omsyn til silda som medskapningar og «guds gaver» til menneska.

Når notkarane vadar seg fram i silda, behandlar dei ho som biomasse. Når vi les dette i 2025, går tanken til fiskeindustrien, havbruk, industriell kvalfangst og industrielt landbruk. Dette er næringar der det heile vegen handlar om produksjon og profitt og i mindre grad om handsaming av levande skapningar med eigenverdi. Når Duun skriv om mengder av sild i listerbåten, ser vi korleis historie og mentalitetshistorie spelar seg ut. Ut frå denne aktuelle scena kan vi ikkje konkludere med at Duun var motstandar av modernisering og utvikling. Men vi ser korleis litteraturen hans viser fram konsekvensane av samfunnsendingane. Mennesket kan tilpasse seg, eller mennesket kan stritte imot. Gammel-Ola strittar imot, men då tar han også høg risiko på eigne vegner. Kanskje er han for god for denne verda? I alle høve må han døy, mens dei som tilpassar seg etter kvart vil kunne innkassere gevinst i lott og lønningspose. Ein kan bli rik av å tilpasse seg. I dag snakkar vi om «laksebaronar», men det var også 65 millionar laks som døydde i norske oppdrettsanlegg i 2023.<sup>2</sup>

---

2 <https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/EQ6gaj/laksedoed-gir-oppdrettsnaeringen-darlig-omdoemme>

## «Uro i sjøen»

*I stormen* begynner så å seie midt i samfunnsendringane. Det er «Uro i sjøen». Under leiing av Odin gjer karane eit notsteng i Håbergvågen. På land står sildoljefabrikken for streik. I verda er det krig, og i landet er det pandemi. Konfliktane mellom bønder og arbeidarar er knallharde, noko som ut frå tidsteikninga er realistisk nok: Duun har plassert handlinga inn mot perioden då Arbeidarpartiet var tilslutta Den kommunistiske internasjonale (Komintern) og var eit revolusjonært parti.

Ut frå referansane til krigen som går mot slutten (6, s. 331) og pandemien – altså spanskesjuka (6, s. 452) – føregår handlinga om hausten 1918 (Vannebo, 2016, s. 144). Det var nettopp då Gerhard Gran kom inn auditoriet og sa at det var mest umogleg å tenkje på anna enn dei dramatiske hendingane ute i verda.

Det er ikkje år og dato i seg sjølv som er viktig her, men Duun har plassert handlinga i den desiderte samtida. Ikkje minst når det gjeld forholdet mellom samfunnsklassane – «bonde og arbeidar» – er dette viktig. Etter kommunevalet i 2023 fortalte valforskarane at den førre gongen Høgre var det største partiet i Noreg var i 1924. Truleg har ikkje Noreg i fredstid vore eit meir polarisert samfunn enn i åra frå 1919–1923 då Arbeidarpartiet var tilslutta Komintern.

Leiande folk i Arbeidarpartiet hadde nær kontakt med partitoppane i Sovjetunionen. Einar Gerhardsen reiste på kongress til Moskva og helste på Lenin. Dei intellektuelle marxistane i *Mot Dag* koordinerte verksemda si med internasjonale kameratar i Berlin og Moskva (Bull, 1987, s. 100f.). Dei borgarlege frykta revolusjon, og i Finland var det borgarkrig mellom «dei raude» og «dei kvite». Duun plasserer Odin Setran midt inne i dette konfliktfeltet.

I brev til Vetle Vislie skreiv Duun at han ville skape Odin som ein mann med «oppreising i» (Dalgard, 1978, s. 191; Gujord, 2004, s. 137). Når vi då tar omgivnadene innover oss, ser vi at Odin har ei mest uløyseleg oppgåve framfor seg.

Ein roman av det tradisjonelle slaget blir driven fram av uro (Brooks, 1984). Duun har slik sett eit godt utgangspunkt for å skape handling og driv. Vile han då noko meir? Vile han også kommentere og analysere historia? I *De nasjonale strateger* rosar Rune Slagstad (1998, s. 101f.) Duun og kallar han «sosiolog». Slagstad set Duun saman med blant anna historikaren og politikaren Halvdan Koht. Om det då var Duun si meining å drive «sosiologisk selvrefleksjon» (Slagstad, 1998, s. 101f.) er i grunnen irrelevant. Vi får kulturanalysen med på kjøpet fordi Duun plasserer Odin midt i konfliktfeltet i eit samfunn som er i rask endring.

*Vi* ser tilbake på denne tida. *Vi* veit korleis det gjekk. Og vi veit at den norske arbeidarrørsla etter ei tid forlét det revolusjonære sporet, at det på 1930-talet kom i stand eit kriseforlik mellom Bondepartiet og Arbeidarpartiet, at ein av pådrivarane for dette kriseforliket – Halvdan Koht – også var ein ihuga beundrar av Duun og så vidare. Alt dette vil farge av når vi les *Juvikfolke* gjennom historiske briller. Duuns perspektiv er avgrensa av det han kunne sjå i 1923. Det gir høg risiko, i alle høve om vi forventar at litteraturen skal gi svar på sosialhistoriske problemstillingar.

## Litteraturen og medverda

«Medmenneske, det er grensetraktene / midt millom Gud og deg», skreiv Tore Ørjasæter (1936, s. 7) til Duuns sekstiårsdag. Så høg status hadde altså litteraturen i poetokratietid. Diktaren var ein visjonær; ein (ofast) mann som kunne sjå på vegner av andre. For Ørjasæter var ikkje Duun «Gud», men han kunne sjå noko som låg mellom han sjølv og det guddommelege.

Når dette var utgangspunktet, når litteraturen blei gjort til noko mystisk og halvt religiøst, var poetokratiet dømt til å døy som politisk kraft i takt med moderniseringa og avfortryllinga av verda. Men i estetikkens og litteraturens eige felt har den same mystikken på eitt vis fått eit etterliv. Ingen har til dømes stilt spørsmål ved orda til Mats Malm, sekretæren i Svenska Akademien, som under tildelinga av nobelprisen i litteratur 2023 sa at Jon Fosse hadde sett ord på «det osägbara». Orda om «det osägbara» går også igjen i Akademiens «Nobeltale til Jon Fosse».<sup>3</sup>

Ørjasæter og Akademien bruker ikkje dei same orda, men dei har noko sams når dei taler om kva litteraturen *kan* utforske og bringe vidare. Litteraturen ligg i eit grenseland bortanfor kvardagserfaringa (Ørjasæter). Litteraturen seier noko som elles ikkje blir sagt (Akademien). Eg følgjer Ørjasæter og Malm i at litteraturen fortel oss noko heilt essensielt. Men litteraturen *må* ikkje vere mystikk og metafysikk. Vi treng ikkje *tru* på litteraturen. Litteraturen taler til

---

3 <https://shakespearetidsskrift.no/2023/12/akademins-nobeltale-til-jon-fosse>

oss som tenkande menneske. Dette må vere utgangspunktet i ei transparent og historisk tilnærming. Ei slik tilnærming kan ikkje lene seg på det som ikkje kan bringast ope fram til refleksjon og samtale.

Vi kan ikkje forvente klare svar på uløyste samfunnskonfliktar i litteraturen. Då må vi heller lese litteraturen som avbildingar av moglege handlingsval i tenkte situasjonar. Om vi i det røyngle livet skulle vere bonde, arbeidar eller noko heilt anna, er vi uansett ikkje vikla inn i handlingane vi les om i litteraturen. Våre eigne interesser står ikkje på spel. Det skaper eit rom for erkjenning og læring som i beste fall kan spele inn når vi sjølv må gjere val som har konsekvensar for oss sjølv og for menneska rundt oss.

Det er dette Bjørn Kvalsvik Nicolaysen (2005, s. 17f.) med tilvising til Ricoeur omtaler som litteraturen som eit uttrykk for ei *medverd* eller *modell for samfunnet*. For meg som lektorutdannar er det heilt avgjerande at litteraturen kan lære oss noko om livet, samfunnet og om det å vere menneske. Det er det beste argumentet i det heile for at litteraturen skal ha ein stor plass i skulen.

## Høneføttet i historia

Kva kan vi då lære av Odin Setran? Svaret er avhengig av kva innfallsvinkel vi har. Særleg interessant er då omtalen i *Arbeidernes leksikon* frå 1933. Artikkelen er skriven av den same Trond Hegna som vi tidlegare har møtt som nordiskstudent i 1918. No har Hegna blitt 35 år gammal og ein leiande figur i *Mot Dag*. Då han skreiv artikkelen, hadde Hegna etter tur blitt ekskludert frå Arbeidarpartiet og frå Noregs kommunistiske parti. Det første skjedde i 1925 og det andre i 1929. Hegna var altså det motsette av ein partikanin. Han var ein marxistisk intellektuell med høg integritet. Men Hegna var òg ein pragmatikar. I 1936 stod han i fronten for å leggje ned *Mot Dag*. Då fekk han igjen innpass i Arbeidarpartiet. Etter krigen sat han på Stortinget som leiar for Finanskomiteen i åra 1954–1965.

Slik skreiv Hegna om Duun og *Juvikfolke*:

Fra 1918–23 skildrer D. i 6 store romaner utviklingen av en enkelt ætt gjennom de siste par hundre år, hvorav de 3 siste romaner behandler vår egen tid [...] Disse bøker står sentralt i D.s produksjon og inntar en særstilling i norsk litteratur i det hele ved sin inntrengende realistiske analyse av personer og forhold i det norske bondesamfund. D. skildrer dette samfund i dets oppløsning under den kapitalistiske utvikling, viser hvordan fremgang og hell under de nye forhold er avhengig av egenskaper som det gamle bondesamfund hadde foraktet, mens personer som i utpreget grad representerer dets positive egenskaper under de nye forhold blir tragiske skikkelser. Det er intet tilfelle at hovedpersonen i siste halvdel av «Juvikfolket», Odin Setran, tar initiativet til anlegget av bank, sildoljefabrikk, vei og gamle hjem i bygden og blir ordfører samtidig som hans medbeiler blir banksjef og Odin ødelegges, bl.a. fordi han ikke tilstrekkelig konsekvent tar det rent kapitalistiske standpunkt i forhold til arbeiderne og fabrikkens almindelige drift. Denne utvikling er av D. skildret med stor dikterisk kraft, med inntrengende forståelse av den personlige og samfundsmessige utvikling idet bygdemiljøet underkastes disse forandringer. D. er imidlertid ikke klar over at dette representerer en helt nødvendig utvikling som virker oppløsende bare overfor miljøet i den strengt avstengte gårdmannsklasse, mens den samme utvikling i andre henseender fører til positive resultater, bringer bygdefolket ut av den hittidige tilbakeliggighet. I sin diktning er D. derfor blitt stående stille og skjønt hans senere bøker på ny har vist hans mesterskap på de områder han allerede før har behandlet, virker de i meget grad som gjentagelser av noe som er behandlet bedre før. (Hegna, 1933)

Hegna anerkjenner Duun som diktar. Samstundes mener han Duun tar feil fordi han ikke deler det historisk-materialistiske historiesynet. To år tidlegare hadde Hegna gitt ut skriftet *Det nye Russland*, og mot slutten oppsummerer han historias gang: «Den tid vi lever i betegner avslutningen på det menneskelige samfunds *forhistorie*. Historien begynner imorgen. I det nye Russland er den allerede begynt» (Hegna, 1931, s. 29). Hegna skriv ut tidslinja frå marxismens lineære historiesyn. Utviklinga går framover mot frigjering og ein slutt i det klasselause samfunnet. Historieskriving på denne måten er skriven med fasit

i hand. Når Duun plasserer Odin i ei historisk utvikling som avvik frå fasiten, konkluderer Hegna med at forfattaren har misforstått.

Slik blir Odin ein Gammal-Ola Leinland på samfunnsnivå. Han blir eit tragisk offer og «ødelegges» fordi «han ikke tilstrekkelig tar det rent kapitalistiske standpunkt». Underforstått: Om no Odin berre hadde vore ein meir kynisk og konsekvent kapitalist, ville han fått det betre som menneske. Odin må døy fordi han representerer tradisjonen, og han døyr som ein tragisk skikkelse fordi han representerer *det beste* ved tradisjonen. Odin forsøker å finne ein tredje veg. Vi ser det tydeleg når det er allmøte på fabrikk:

Stua var full av bra folk, og no var dei sleppt laus att. Orda *bønder* og *arbeidsfolk* surra allestads kring veggene. [Odin] reiste seg att og banka lyd for seg:

«Vi e da arbes-folk all i hop, lét oss ikkj bruk det orde i striden.

Først og fremst e vi da folk» (6, s. 358)

Den som skriv i eit leksikon må vere trygg i sak. Men hundre år etter utgivinga av *Juvikfolke* finst det ikkje mange som deler Hegnas marxistiske grunnsyn. Skal vi lese historisk, kan vi like gjerne sjå Odins overttyding som eit frampeik til kriseforliket mellom Arbeidarpartiet og Bondepartiet i 1935. Altså: Ikkje bonde mot arbeidar, men by og land, hand i hand. Det handla om meir enn språksyn då Halvdan Koht blei slik ein varm beundrar av Duun, som professor i historie og utanriksminister i regjeringa Nygaardsvold.

Hegna meinte Duun var blind for den nødvendige klassekampen mellom bonde og arbeidar, ein kamp som ville føre «bygdefolket ut av den hittidige tilbakeliggenhet». Her alluderer Hegna til *Det kommunistiske manifest*. Bøndene vil bli frigjorte frå «die Idiotie des Landlebens»; på norsk omsett til «landlivets sløvende virkning» (Marx & Engels, 1919, s. 26; Østerberg, 1995, s. 59). Koht meinte motsett at Duun hadde syn for dei ideale syntesane i det norske folket, språkleg så vel som sosialt.

Hegna har rett i at Odin representerer det gamle bondesamfunnets *positive* eigenskapar. Han forsøker å løyse problema i den nye tida som ein mild patriark, annleis enn til dømes Anders Håberg, som lever i ei verd der makt gir rett (jf. Thesen, 1965, s. 207). Men det vil også seie at Odin finn løysingar som ikkje berre er i strid med Hegnas historiesyn, men også med det moderne samfunnets lovregulerte praksisar. Då Håbergvågen står full av sild, tar berre

Odin notbruket «utan lov» sjølv om bruket allereie er selt (6, s. 326). Han sel silda vidare til fabrikkjen for ein høgare pris enn det oppkjøparane vil gi. Det kan han gjere fordi han både er bas i notlaget og formann i fabrikkstyret. Odin er altså kjøpar og seljar på same tid. Og når arbeidarane går til streik, seier dei berre opp arbeidarleiaren Engelbert Olsen og finn nye arbeidsfolk (6, s. 390f.). Dette er eit lærestykke i streikebryteri og noko som i den røynlege verda ville fått Martin Tranmæl på Youngstorget til å rase.

Odins vilje er altså god. Han utfordrar både kapitalismens og arbeidarørslas logikkar. «I politikken har juvikingane tydelegvis følgd lite med», skriv Rolv Thesen (1965, s. 207). Det same kan vi seie om Odin, som forsøker å vere både juviking og medmenneske samstundes. I den komplekse moderniteten kan det ikkje gå godt. Dag Solstad, som så seint som i 2008 byrgt proklamerte «Jeg er atter kommunist» (Solstad, 2015a, s. 179; van der Hagen, 2013, s. 453f.), undra seg over at *Mot Dag* ikkje hadde reagert mot det han kalla Duuns «nesten absurde oppfatning av klassekamp» (Solstad, 2015b, s. 33). Men her er Solstad uinformert. *Mot Dag*, representert ved Hegna, reagerte. Artiklane i *Arbeidernes leksikon* blei lagde fram til kollektiv drøfting i *Mot Dag* før dei blei prenta (Bull, 1987, s. 261). Men ulikt Solstad såg Hegna og *Mot Dag* den litterære verdien i *Juvkfolke*. Det var historiesynet dei kritiserte, ikkje den litterære verdien i seg sjølv.

Hegna og Solstad les politisk frå eit utgangspunkt på den politiske venstresida. Lese frå den politiske høgresida blei Duun òg plassert på borgarleg side i politikken. Det går fram av eitt av Duuns sjeldne intervju gitt til *Aftenposten*. Journalisten går Duun tett på klinga:

– Er de politisk interessert, og hvilket parti regner De som Deres?

Hr. Duun svarer med et kontrapørsmål. – Har De i grunden set, at jeg har lagt politiske interesser for dagen? Politik i Norge for tiden, sier han videre, er taktik, og taktiker vet da Gud, at jeg ikke er. Vi faar haabe, at alles maal er fædrelandets vel.

– Undskyld, men er De ikke venstremand?

– Hvad mener De med det? Hvad er en venstremand nu? Jeg fatter ialfald ikke, hvordan den mand ser ut. Punktum (N.R., 1924; Gujord, 2004, s. 139; Gujord, 2007, s. 305)

Då eg for tjuve år sidan drøfta Duuns haldning til politikk, gjekk eg rundar via Thomas Mann, Nils Kjær, litteraturhistorikar A.H. Winsnes og «den annen front». Slik krinsa eg inn den apolitiske Duun for å drøfte han «I det ideologiske minefeltet» (Gujord, 2004, s. 139f., 270f.). Det er freistande å innta ein moraliserande posisjon og kritisere Odin så vel som Duun ut frå ei idealisering av framsteg, sivilisasjon, demokrati og modernitet.

Hegna og Mot Dag var trygge i trua på at historia stemna fram mot eit endepunkt i det klasselause samfunnet. Koht var òg trygg på at verda utvikla seg framover mot forsonande syntesar innanfor ramma av ulike nasjonal-kulturar. Både Hegna og Koht var observatørar mens historia framleis var på veg. Deira feilslutningar var likevel ikkje like store som då statsvitaren Francis Fukuyama (1992) slo fast at historia var slutt etter at Berlinmuren fall. Det var syntesen av demokrati og liberalisme – liberalisme i tydinga globalisert kapitalisme – som ifølge Fukuyama hadde sigra. Her ser vi korleis marxismen og liberalismen møttest i eit lineært historiesyn som peikar mot eit endepunkt. Frå kvar sin kant meinte Hegna og Fukuyama at historia hadde komme fram til slutten, høvesvis ved opprettinga av og ved oppløysinga av Sovjetunionen. Hegna kallar det rett nok slutten på forhistoria. Og vi ser korleis dei som sit med fasit i hand tar feil fordi dei går frå teorien til historia og ikkje motsett.

Når eg ser tilbake på mi eiga drøfting av forholdet mellom Duun, demokrati, sivilisasjon og modernitet, er eg glad for at eg i 2004 tok atterhald i høve til dei mest optimistiske visjonane:

I tida etter den 11. september 2001 har vi hatt rikelig med anledning til å studere diskrepansen mellom demokratiske idealer på den ene siden og politisk praksis på den andre, med Storbritannias statsminister Tony Blair og USAs president George W. Bush i hovedrollene. Det er ingen grunn til å tro at realpolitikken viste seg fra en mer sympatisk side i tida omkring den første verdenskrigen, for å si det forsiktig. Den som her er ute i kontekstualiserende ærend, bør med andre ord gå varsomt fram. (Gujord, 2004, s. 140)

Som intervjuobjekt i *Aftenposten* sette Duun likskapsteikn mellom politikk og taktikkeri. Han var ikkje den einaste forfattaren som hadde ei slik skeptisk haldning. «Generelt reflekterer kunsten i tiden fra århundreskiftet og frem mot 1920 en eksistensiell og ideologisk krise,» skriv Liv Bliksrud (2002, s. 269;

jf. Gujord, 2004, s. 107). Ved sidan av Duun nemner Bliksrud Munch, Undset og Falkberget.

Duuns «Uro i sjøen» markerer eit oppbrot frå den gamle verda. Trass alle sine skilje mellom menneske, kulturar og etnisitetar var den gamle verda eit økososialt system som hadde ei form for jamvekt. Det var eit brutalt samfunn, det skal ikkje idealiserast, men det var orden og balanse. «Men mitt skal vera mitt og ikkje ditt», seier Per Anders til vedtjuven (5, s. 21). Så legg han til: «Kom bortover ein godvérs-dag da, for fanken! [...] Så ska du få ved» (5, s. 22). Slik held han orden samstundes som han styrkar sitt eige hegemoni ved å halde plassmannen fast i eit patron-klient forhold (Gujord, 2004, s. 42).

Anders Håberg utfordrar det sosiale økosystemet då han gifter seg med samejenta Solvi. Det går ikkje bra. Då Odin kjem inn i bildet, vaklar allereie den gamle orden, for Odin er eit uekte barn – født utanfor ekteskap – og han har ikkje vakse opp på slektsgarden Håberg. Då han gifter seg med nordlandsjenta Ingri, «det moderne motstykket til finnejenta Solvi» (Svensen, 1978, s. 86), går heller ikkje det godt. Var det då dette giftarmålet som skulle vere «høneföttet» (6, s. 130; Gujord, 2004, s. 208f.) der Odin skulle føre slekta framover? Duun lét romanhandlinga tale for seg. Lærdommen må vere at her ikkje finst noko slikt som enkle framsteg og rettlinja historisk utvikling.

## Rasisme og «finnblod»

Forholdet mellom bøndene og samane er ein av dei viktigaste handlingstrådane i *Juvikfolke*. Når Duun skreiv om dette forholdet, bygde han på logikkar og tenkjemåtar i samtida. At han i det heile skreiv så omfattande, og så innforstått, om kulturmøtet mellom bøndene og samane, er ein stor verdi. Det syner fram ein kulturkonflikt som har eksistert frå gammal tid og fram til i dag med vindmøller og brot på menneskerettar mot samane på Fosenlandet.

Det har ei naturleg forklaring at resepsjonen i samtida ikkje var så opptatt av samane. I fornorskingspolitikken tid var det «opplagt» at det *var* forskjell på nordmenn og samar, og at det norske hadde «høgare» verdi. Om det ikkje hadde eksistert eit slikt *førestilt hierarki*, hadde det heller ikkje vore grunnlag for nokon fornorskingspolitikk. I *Juviking og medmenneske* kallar eg dette

*aksiomatisk rasisme* (Gujord, 2004, s. 24, 51). Det er rasismen som føresetnad der ein tar for gitt at det er forskjell mellom ulike menneskegrupper basert på etniske kjenneteikn knytt til kropp, biologi og «rase». Når ordet «finnblod» førekjem i *Juvikfolke* (5, s. 193), er det eit teikn på at slike førestillingar finst i verket. Men ordet «finnblod» seier ikkje i seg sjølv noko om *haldninga* til samane i *Juvikfolke*. Ordet viser berre at det finst ein *rase-* eller *rasialiseringss-**diskurs* i verket, og i den medverda som verket er ei avbiling av.<sup>4</sup>

Det står fast at samtidsresepsjonen ikkje var spesielt opptatt av samane. Spor av den aksiomatiske rasismen slår likevel også inn i resepsjonen. Om ekteskapet mellom Solvi og Anders Håberg skriv Eugenia Kielland (1929, s. 68; Gujord, 2007, s. 324) at «Hele bygden reagerer mot dette fremmede og ringere blod». Det er ei interessant formulering. Solvi blir karakterisert gjennom blodet, ein biologisk raseattributt, som er framand og ringare. Det vil då seie framand og ringare enn blodet til bygdefolket elles. Det er Solvi som er *den andre* i denne saga. Solvi blir utgrensa, og det handlar om rasisme. Men er det då bygdefolket som er rasistisk, dei litterære karakterane, verket sjølv eller Eugenia Kielland? Med omgrepet *aksiomatisk rasisme* har eg allereie gitt eit svar. I varierende grad er rasismen til stades på alle desse nivåa. Det er ikkje utan grunn at Kong Harald har beklaga «den urett den norske stat tidligere har påført det samiske folk gjennom en hard fornorskingspolitikk» (Harald, 1997).

«Ho var tå finn, stakar; det var det; kunde ikkje vera her, ho ...» (5, s. 299; Gujord, 2004, s. 53–58) seier Anders Håberg då han ser seg tilbake. For han var det *brutalt rett* at han måtte jage Solvi og sonen sin frå garden. Ordet «finn» for same viser i seg sjølv at samane blir sett utanfrå: «Det var det største sneidord ein kunde bruka paa ein lapp, aa kalla honom 'finne'...» skriv Hallvard Sandnes (1913, s. 40) i boka *Paa solbrune vidder* frå 1913. Lese i 2025 er utsegna dobbelt diskriminerande. Her ser vi både *f-ordet* og *l-ordet* brukt i same setning, som ein parallell til *n-ordet* som også har vore vanleg i bruk, men som i dag er kulturelt uakseptabelt.

Om vi konsentrerer oss om Odin aleine, vinn kjærleiken over rasismen, hatet og folkesnakket. Der Anders Håberg jaga Solvi på dør, held Odin fast på kjærleiken til si Ingri. Han kneler ved senga hennar då han forstår kva

---

4 For kritikk av mi framstilling av rasisme i *Juvikfolke*, sjå Lunden (2008, s. 389), Syéd (2015, s. 129f.) og Syéd (2023).

han *nesten* kom til å gjere (6, s. 442f.). Men det står fast at det er Ingri som er Odins veike punkt. Det er ved å angripe ho dei driv Odin til tanken på drap og til sist til eit personleg offer. Spørsmålet må då vere om Odins kjærleik på individnivå nullar ut rasismen eller rasialiseringsdiskursen som elles kan sporast i romanverket.

Den tyske historikaren Hans-Jürgen Lutzhöft (1971, s. 230) meiner nei. Han konkluderte med at det systematiske møtet mellom juvikingane og samane var eit eksempel på blanding av blod med negative konsekvensar for den hegemoniske bondeslekta. Det var eit rasemøte som førte til degenerering. I *Juving og medmenneske* sluttar eg meg til Lutzhöfts tolking. Men Lutzhöft konkluderte òg med at tildelinga av Steffens-prisen til Duun i eit nazistisk Tyskland bygde på ei feillesing. Duun hadde nettopp *ikkje* skildra «reine nordiske bondeætter», som det står i grunngevinga (Hageberg, 1996, s. 106f.; Uecker, 1999, s. 108), men ein degenerasjonstematikk i møte mellom bondeætta og samane (Gujord, 2004, s. 279; Gujord, 2007, s. 436f.).

For bygdefolket står det heilt klårt at dette møtet er negativt: «– At det skulle komma finnblood inn i Juvik-slekta da. – Da er ho tørst» (5, s. 193). I *Juving og medmenneske* omtaler eg dette som eit eksempel på eksplisitt rasisme (Gujord, 2004, s. 52). Her er Duuns realisme på sitt aller råaste og i seg sjølv eit utgangspunkt for læring.

## I mystikkens grensetrakter

«Det er ett individuellt problem han söker lösa, icke ett socialt», konkluderte Olle Holmberg (1926) om Odin i den svenske avisa *Dagens Nyheter*. Og kanskje kan ein seie at Duun med offeret til Odin løyser problemet på eit individuelt nivå? Det er betre å gi sitt liv enn å ta liv, for å setje det på spissen. I alle høve om du som Odin har skapt den ekstremisituasjonen som set både ditt eige og ein annan sitt liv i fare. Det var Odin som ville ha med seg Lauris for å hente dokter til Astri, og Lauris gjer alt han kan for å vri seg unna. Då grip naturkreftene sjølv inn:

«[D]et nyttar ikkje», seier Lauris til Odin, han legg til med stormen, gjer han ikkje det?

Stormen svara sjøl: Han sleppte ingen over fjorden i dag  
(6, s. 457)

Odin skaper situasjonen, og stormen svarer. Som Mattis i *Fuglane* overlèt Odin utgangen til naturkreftene. «Ikkje tenke», seier Mattis til seg sjølv (Vesaas, 1957, s. 242). Både Odin og Mattis lèt seg drive av garde på den same måten, med årer under armane. «No såg han vinden koma» (Vesaas, 1957, s. 244). «No vil det vise seg kva som er rett» (Vesaas, 1957, s. 243). Mattis verken kan eller vil ta ei avgjerd om sin eigen lagnad.

Den same fatalistiske logikken utspelar seg hos Duun, men Odin har fleire enn seg sjølv å tenkje på. «Æ lit på stormen æ», seier Odin (6, s. 455). Fatalismen gjer det vanskeleg å sjå Odin, og likeins Mattis, som idealfigurar. Linja frå Duun og vidare til Vesaas går på dette punktet heilt direkte.

Tidlegare hadde Odin sett for seg faren Otte som «ein tust å kalle» (6, s. 113; Vannebo, 2016, s. 153). Otte Setran var ettergivande i møte med dei andre. Livsmottoet hans er «Sætter eder ikke op imod det onde» (6, s. 51); eit bibelord frå bergpreika (Gujord, 2004, s. 243). I sluttscena tykkjest det som at Odin sjølv har tatt til seg faren si livshaldning. Har då Odin sjølv forvandla seg til ein tust? Vesaas lèt i alle høve sin tust gå under i dialog med Odin i *Juvikfolke*. Det er eit tekstmøte som kastar lys begge vegar. For Tusten er ein kunstnarnatur som ikkje fiksar livet blant dei skarpe i den røynelege verda. Odin var òg ein kunstnarnatur, men han ville «dikte bygda» (6, s. 309). Så går dei begge under. Kanskje sit dei med innsikter som vi andre, vi som er «skarpe», ikkje har?

Om vi då likevel vil sjå Odin som ein idealfigur, må vi helst gå inn i religionens og mystikkens grensetrakter. *Ei* slik fortolking finst med tilvising til «den nordisk-germanske kristendommen», men då innanfor ramma av eit «völkisch»-forståingsmønster i Det tredje riket (Petsch, 1937, s. 252; Gujord, 2004, s. 281–285). Det er ei fortolking med rasefilosofiske undertonar som ingen vedkjenner seg i dag.

Daniel Haakonsen (1987, s. 152) gir ei meir konvensjonell teologisk tolking med tilvising til «ein nestekjærleikstanke» (Vannebo, 2016, s. 196). Einar Vannebo lèt appellen gå vidare til lesaren i si teologiske doktorgradsavhandling der han løftar fram korleis Bergsons gudsforståing tangerer mystikken (Vannebo, 2016, s. 190). Meir avgrensa frå teologien alluderer Ole M. Høystad til möbiusbandet og konkluderer med at «Duuns «obetinget!» er uttrykk for

ein slik ufatteleg og uuttaleleg mystisk dimensjon» (Høystad, 1987, s. 312). Ja, kanskje er «Olav Duun – en mystiker?», som Grethe F. Syéd (2015, s. 257) stiller opp som eit spørsmål i sin monografi? Kanskje Duun er ein forfattar som tøyser seg etter det «ubegripelige eller uutsigelige» (Syéd, 2015, s. 295)?

Haakonsen, Vannebo, Høystad og Syéd dokumenterer at Duun er ein forfattar som har særleg appell til fortolkingar som ligg i mystikkens grense-trakter. Er det då slik at vi, som er jordbundne litteraturgranskarar, ikkje har forstått Duun (Syéd, 2015, s. 120)? Men her finst òg ei rasjonalistisk linje i Duun-forskinga. Bjarte Birkeland (1970) og Åsfrid Svensen (1978) står kvar på sitt vis i denne tradisjonen. På denne linja plasserer også eg meg sjølv.

Duun løftar oss opp til skjebnekamp på kvelven, men han tar oss også ned igjen til eit liv i kvardagen. Det er heilt avgjerande at *Juvikfolke* sluttar i kvardagen. Det er sonen til Odin, ein ny Anders, som får det siste ordet i verket. Han har også beina planta på jorda. Slektsgarden Håberg er no delt opp. Det er eit teikn på endring og modernisering. Sett frå eit tradisjonsperspektiv er det ikkje ei positiv endring. Sett frå eit moderniseringsperspektiv kan det tolkast som både positivt og nødvendig. Men Anders har ikkje mykje tru på det som skal komme. Duun lét ungguten sjå inn i samtida og kommenterer lovtalane over faren med bitter pessimisme:

Ei ny tid, seier han? Skal det bli ei ny tid no igjen? Eit nytt syn, seier han, ei ny verd – det var ikkje lite heller. *Nye ætter?* kva er det for slag? Nye ætter vart det vel før òg? Og så *livsverket* hans far ja, eg sat og venta på det. Kva er det dei våsar om – kva veit *dei* om det? (6, s. 484)

Dette er eit eksempel på *figurtale*. Det er Anders som seier dette, ikkje Duun. Men orda må få avgjerande vekt for korleis vi skal forstå følgjene av Odins offerhandling. *Juvikfolke* sluttar med at mor og son trekker seg unna: «– Nei, du må halde i meg, hell så tek vinden deg», seier Anders til mora. Er det ei form for regresjon dette? Tenkte Duun å følgje opp handlinga i ein ny roman med Anders i hovudrolla? Duun sleppte ikkje juvikingane heilt etter *I stormen*, men følgde opp med novellesamlinga *Blind-Anders* i 1924. Men soga sluttar altså der Anders ber mora ta feste i han. Anders gjer det motsette av faren. Der Odin var fatalist og leit på stormen, tar Anders sjølv grep om situasjonen.

Det skjer ei tydeleg endring i utviklinga frå Odin til Anders i siste slektledd. «Æ lit på stormen æ», seier Odin (6, s. 455). *Fatalistisk intuisjonisme* er

Odins *modus operandi*. Anders ber mora halde fast i han så vinden ikkje skal ta ho. Stormen og dei ytre kreftene er ikkje til å lite på. Ho må ta feste i han som tenkjer klårt og ser tvers gjennom lovtalane. Dette blir vektige ord når dei set sluttstrek for ein romansyklus i seks band der den siste boka har tittelen *I stormen*. Forstått på denne måten handlar det ikkje om regresjon når mor og son trekker seg unna. Og det handlar avgjort ikkje om mystikk. Det handlar om å ta ansvar og stå fast ved kvarandre, og om å gjennomskode hule ord om store gjerningar.

## Lærdom og læresetningar

Trond Hegna korrigerer Duun fordi han ikkje såg det positive og det nødvendige i samfunnsutviklinga. Vi ser hundre år tilbake i tida, både mot *Juvikfolke*, mot den historiske utviklinga og heilt inn i vår eiga samtid i 2025. Om vi då, som Rune Slagstad, les *Juvikfolke* som ein allegori over historisk utvikling, sluttar verket av i uforløyst pessimisme. I dialektikken mellom Hegnas optimisme og Duuns pessimisme må vi då konkludere med at Duun fekk mest rett av dei to. Hegna fortolka både historia og litteraturen i lys av eit teoretisk rammeverk og såg lyst på framtida i eit klasselaust samfunn. Duun spelte derimot Duun ut i medverd der han måtte brytast med samfunnskonfliktar som blir ståande uløyste (Svensen, 1978, s. 89). Og der står vi framleis, hundre år seinare, i ei verd som er prega av store og uløyste konfliktar. Spørsmålet som står igjen må då vere: Kva kan vi lære av Odin og dei konfliktane han ikkje greidde å løyse, i bygda så vel som i sitt eige liv?

Av Odin og av historiske erfaringar lærer vi at sosiale utfordringar ikkje berre kan løysast *individuell*. Her gjorde Odin feil. Samstundes er det vanskeleg å sjå korleis Duun kunne skapt ein leiarfigur som i eigen person kunne løyst dei strukturelle utfordringane i samfunnet. Hegna såg dette problemet, men tolka det som ein konsekvens av at Duun hadde misforstått lovene i den historiske utviklinga. Det kunne like gjerne vore motsett. Duun forstod at Odin, som Gammel-Ola Leinland, var i utakt med utviklinga. Derfor måtte han dø. Ein kan meine at Odins framferd disponerer han for undergang utan å dele Hegnas marxistiske historiesyn.

Av Odin og av historiske erfaringar lærer vi at sosiale erfaringar heller ikkje berre kan løysast *strukturelt*. Enkeltmennesket, etikken og det personlege ansvaret må spele med. Vi kan ikkje overgi avgjerande val til ytre krefter og instansar utanfor oss sjølv. Også på dette punktet gjer Odin feil. Han vil ikkje ta politisk ansvar på riksnivå av redsle for at han då berre vil bli ei brikke i det politiske spelet, «med klaven kring halsen» som eit anna asen (6, s. 394). Og han vik unna det personlege valet heilt fram til det punktet der Lauris flekker tenner i kampen for sitt eige liv. Først når valet står mellom kamp og personleg offer, tar Odin *sitt* val. Då er det i røynda for seint. I møtet med den andre må ein stille seg slik at ein unngår å måtte møte han i skjebnekamp. «Din hund!» (6, s. 466) seier Odin til Lauris og gir etter for impulsen til å *diabolisere* og *dehumanisere* han. I ein slik situasjon vil det vere lett for den sterkaste å bruke makt. Om den andre blir stigmatisert som uverdig, kan det også tykkjast 'rett' å ta livet av han. Men ulikt dei gamle juvikingane og Anders Håberg korrigerer Odin seg: «*Eit menneske!* kjem det for han. Eit menneske han òg» (s. 6, s. 466). Det er altså Lauris han tenkjer på. I røynda er det for seint å komme til ei slik erkjenning når skjebnekampen alt er i gang. Denne lærdommen må vi bere med oss til ei kvar tid. *Menneske er alltid medmenneske*. Det gjeld også dei som står imot oss i interessekamp og strid.

Det er ikkje nok å lære *om*. Ein må også lære *av* og *gjennom*, skriv norskdidaktikaren Laila Aase (2005, s. 77; Gujord 2024, s. 344). Ord for ord deler ho då grunnsyn med historiedidaktikaren Jan Bjarne Bøe (1995, s. 82). Ei slik tilnærming gir eit godt utgangspunkt for læring.

Om vi skal lære av og gjennom litteraturen, kan vi ikkje avgrense fagfeltet til litteraturen i seg sjølv. Vi må bringe med oss verda utanfor skulen «som i enhver forstand er et produkt av historiske prosesser» (Bøe, 1995, s. 34).<sup>5</sup> Duun-forskinga med Haakonsen, Høystad, Syéd og Vannebo er eksempel på skarpsynte analysar i mystikkens grenseland. Men deira skjulte meiningar når berre i avgrensa forstand inn til dei historiske prosessane som kjem til syne i verket.

Her kjem særleg Åsfrid Svensen eit godt stykke lengre, samstundes som ho høgtidar *Juvikfolke* som «en nasjonal helligdom» (Svensen, 1978, s. 89). Svensen viser at det er mogleg å sameine kritisk drøfting og anerkjenning av

---

5 Bøe byggjer på den tyske historiedidaktikaren Klaus Bergmann.

litterær verdi. Og ho gjer det i ope lende og med open argumentasjon. Slik blir det mogleg å lære av og gjennom litteraturen. Men det er ein føresetnad at vi må lese litteraturen godt, og at vi må ha kjennskap til dei historiske kontekstane. Slik kan vi lære av konfliktane som spelar seg ut i den litterære medverda, som i dei tre siste banda av *Juvikfolke*, der Odin blir vikla inn i konfliktar som er så fundamentale at dei framleis er uløyste hundre år seinare.

